

Frivillig organisert integreringsarbeid

Ein studie av frivillige organisasjonar sitt supplerande arbeid for
integrering av flyktingar i Bergen



Mia Skar Manger

Masteroppgåve i geografi
Institutt for geografi, Universitetet i Bergen



Våren 2008

Føreord

Eg har gjort den erfaringa at lite skjer i starten og mykje skjer i slutten av ei masteroppgåve. Første semester av skrivinga hadde eg ikkje heilt planen klar for kor eg ville ende opp med oppgåva. Andre semester falt bitane gradvis på plass. Eg vart flinkare til å finne relevant litteratur, arbeidet med intervjua gav meg betre og betre idear og dei lure tankane kom oftare dess betre kontroll eg hadde med stoffet. Då dato for innlevering nærma seg, kunne eg med ei viss ro innerst inne tenkje at ”dette skal eg rekke”.

At det i dei i heile teke vart ei oppgåve om frivillige organisasjonar og integrering fortener venninna mi Siri, ei takk for. Me gjekk begge med tankar om å ta til med frivillig arbeid, men ingen av oss fekk fingeren ut og realiserte tankane. Kafébesøket sumaren før semesterstart i 2006 der me bestemte oss for at no skulle me faktisk gjere noko og kort tid etter kontakta Raude Kross, fekk difor mykje å seia for at oppgåva blei som ho blei.

Det er mange som fortener å bli nemnd i ei takkeliste. Spesielt stor takk til alle som deltok i fokusgruppene (de veit sjølv kven de er) for at de var så snille med meg og gav så mange gode svar. Gode svar og flotte menneske har eg også møtt på MOKS og i dei aktuelle organisasjonane. Eg vil gjerne også rette ei ekstra takk til kontaktpersonane som hjelpte meg med å rekruttere andre kontaktpersonar til intervju, og ikkje minst kontaktpersonen som tok ansvar og fekk fart på rekrutteringa av deltakarar til fokusgruppene. Aktivitetskoordinatoren i Raude Kross fortener også ei minst like stor takk for all hjelp undervegs.

Den meir eller mindre faste gjengen på lesesalen, pluss Inge, fortener også ein takk for små og store råd, datahjelp og godt selskap. Sist men ikkje minst må eg takke rettleiaren min, Odd Inge Steen, for gode kommentarar, forslag, lån av bøker og hjelp gjennom heile masterstudiet.

Bergen – mai 2008

Mia Skar Manger

Abstract

The aim of this master thesis was to examine Non Governmental Organizations' (NGOs) programmes for integration of refugees as a necessary supplement to the governmental programme.

A relatively recent law made it compulsory for newly arrived refugees to attend classes in Norwegian language and Norwegian culture and society. This governmental programme also offers other courses and work experience over a 37.5 hour paid week. In addition, several NGOs offer a variety of programmes. In Bergen, Norway, 35 refugees each year join a Red Cross programme called "The Refugee Guide", as a part of this 37.5 hour work-week. This programme offers refugees a new friend and a guide to the Norwegian society. The refugee guides are volunteers who are interested to get to know their new fellow citizens. This thesis focused on this Red Cross programme and the programme "Ada" of another well known Norwegian NGO. Ada encompasses kindergartens where parents join their children, an international programme called Home-start which gives families who struggle a qualified volunteer to lean on, and a group for immigrant women. These two, and other NGOs, attempt to offer solutions to the problem of lack of contact between the majority and minority groups.

Several qualitative methods were used to assess the programmes of these NGOs. Semi-structured interviews were used to interview employees of the NGOs and of the governmental programme. Focus groups were used to gather information from refugees using "The Refugee Guide". In addition, two published studies with quantitative data were used as a supplement to the qualitative data.

The results of this study showed that users of The Refugee Guide and Ada were satisfied with the programmes. Public servants also approved of these programmes and were pleased that these NGOs were covering areas they could not. They taught the language, helped with housing and prepare the refugees for working life. However, there was a great need of social contact, a larger network and friends and the NGOs were doing a

good job bringing Norwegians, refugees and other immigrants together. This contact was important for the integration of refugees for three reasons: many refugees were lonely, and in need of new friends, thus having Norwegian friends could raise the refugees' self-esteem; refugees needed Norwegian friends to learn more about Norwegian customs and norms; and refugees needed Norwegian friends to practice the language. These areas were lacking in the public programme, and could not be provided by the public servants.

In conclusion, "The Refugee Guide" and "Ada" provide a necessary supplement to the governmental programme. Indeed, the quality of some people's lives had improved by participating in these programmes. Public servants should receive more information about what these NGOs can offer to improve integration to help them provide a better service to the refugees they work for.

INNHALDSLISTE

| | |
|----------------------|------------|
| FØREORD | III |
|----------------------|------------|

| | |
|-----------------------|-----------|
| ABSTRACT | IV |
|-----------------------|-----------|

| | |
|----------------------------|------------|
| INNHALDSLISTE | VII |
|----------------------------|------------|

| | |
|--------------------------|----------|
| 1 INNLEIING | 1 |
|--------------------------|----------|

| | |
|------------------------------|----------|
| 1.1 VAL AV TEMA | 1 |
|------------------------------|----------|

| | |
|---------------------------------------|----------|
| 1.2 STRUKTUREN I OPPGÅVA | 2 |
|---------------------------------------|----------|

| | |
|----------------------------------|----------|
| 1.3 PROBLEMSTILLING | 3 |
|----------------------------------|----------|

| | |
|------------------------------------|----------|
| 1.4 PROBLEM UNDERVEGS | 5 |
|------------------------------------|----------|

| | |
|----------------------------------|----------|
| 1.5 ORDFORKLARINGAR | 7 |
|----------------------------------|----------|

| | |
|------------------------------------|---|
| 1.5.1 FRIVILLIG ORGANISASJON | 7 |
|------------------------------------|---|

| | |
|--|---|
| 1.5.2 INNVANDRARAR OG FLYKTNINGAR..... | 7 |
|--|---|

| | |
|-------------------------|---|
| 1.5.3 EMPOWERMENT | 7 |
|-------------------------|---|

| | |
|-------------------------------|---|
| 1.5.4 BRUKAR OG DELTAKAR..... | 8 |
|-------------------------------|---|

| | |
|-------------------------------|----------|
| 1.6 AVGRENSINGAR | 8 |
|-------------------------------|----------|

| | |
|-----------------------------|---|
| 1.6.1 ORGANISASJONANE | 8 |
|-----------------------------|---|

| | |
|-------------------------------------|----|
| 1.6.2 FRIVILLIGHEITSSENTRALAR | 10 |
|-------------------------------------|----|

| | |
|-----------------------|----|
| 1.6.3 NY SJANSE | 10 |
|-----------------------|----|

| | |
|---------------------------|----|
| 1.6.4 INNVANDRARANE | 11 |
|---------------------------|----|

| | |
|--------------------|----|
| 1.6.5 OMRÅDE | 11 |
|--------------------|----|

| | |
|-------------------------|-----------|
| 2 KONTEKST | 12 |
|-------------------------|-----------|

| | |
|---------------------------------------|-----------|
| 2.1 INNVANDRARAR I NOREG | 12 |
|---------------------------------------|-----------|

| | |
|-------------------------|----|
| 2.1.1 FLYKTNINGAR | 12 |
|-------------------------|----|

| | |
|--|-----------|
| 2.2 UTFORDRINGAR FOR INTEGRERINGA | 13 |
|--|-----------|

| | |
|---|----|
| 2.2.1 PROBLEM MED SPRÅK OG KVALIFIKASJONAR..... | 13 |
|---|----|

| | |
|--|----|
| 2.2.2 PSYKISKE PLAGER OG HELSEPROBLEM..... | 14 |
|--|----|

| | |
|--------------------------|----|
| 2.2.3 KRIMINALITET | 14 |
|--------------------------|----|

| | |
|--|----|
| 2.2.4 DILEMMAET OM Å SLÅ SEG TIL RO I NOREG NÅR EIN DRAUMAR OM Å VENDE ATTENDE TIL HEIMLANDET | 15 |
|--|----|

| | |
|---|----|
| 2.2.5 PROBLEM MED EIN STILLESTÅANDE KULTUR..... | 16 |
|---|----|

| | |
|--|----|
| 2.2.6 PROBLEM MED DISKRIMINERING OG STIGMATISERING | 16 |
|--|----|

| | |
|---|----|
| 2.2.7 PROBLEM MED ISOLASJON OG MANGLANDE KONTAKT MELLOM GRUPPENE..... | 18 |
|---|----|

| | |
|--|-----------|
| 2.3 INTRODUKSJONSPROGRAMMET | 18 |
|--|-----------|

| | |
|-----------------|----|
| 2.3.1 MOKS..... | 19 |
|-----------------|----|

| | | |
|------------|---|-----------|
| 2.4 | FRIVILLIGE ORGANISASJONAR | 20 |
| 2.4.1 | RAUDE KROSS..... | 20 |
| 2.4.1.1 | Raude Kross Flyktningeguiden | 20 |
| 2.4.1.2 | Oppfølgingstenesta til Raude Kross Flyktningeguiden | 22 |
| 2.4.1.3 | Raude Kross Leksehjelpen..... | 22 |
| 2.4.1.4 | Multimix | 22 |
| 2.4.1.5 | Rollespelet: På Flukt..... | 22 |
| 2.4.2 | KYRKJAS BYMISJON – NÆRMILJØPROSJEKTET ADA | 23 |
| 2.4.2.1 | Open barnehage..... | 23 |
| 2.4.2.2 | Bamsehiet..... | 24 |
| 2.4.2.3 | Home Start Familiekontakten (HSF)..... | 24 |
| 2.4.2.4 | Empo | 25 |
| 2.4.3 | REDD BARNA | 26 |
| 2.4.4 | FLYKTNINGEHJELPEN | 27 |
| 2.4.5 | MULTINASJONALT KVINNEFELLESKAP | 27 |
| 2.4.6 | NEW PAGE..... | 27 |
| 2.4.7 | NORSK FOLKEHJELP | 27 |
| 2.4.8 | SJØLVHJELP FOR INNVANDRARAR OG FLYKTNINGAR..... | 28 |
| 3 | <u>METODE</u> | 29 |
| 3.1 | RAPPORTAR EG HAR NYTTA MEG AV | 29 |
| 3.2 | UTVALET | 31 |
| 3.2.1 | AKTIVITETSKOORDINATOREN FOR FLYKTNINGEGUIDEN | 32 |
| 3.2.2 | KONTAKTPERSONANE OG ANDRE TILSETTE I MOKS | 32 |
| 3.2.3 | KYRKJAS BYMISJON | 34 |
| 3.2.4 | FLYKTNINGAR MED GUIDEERFARING | 34 |
| 3.2.5 | RESPONDENTAR PÅ HEMIL SI UNDERSØKING AV ADA-PROSJEKTET..... | 35 |
| 3.3 | PERSONVERN | 36 |
| 3.4 | BRUK AV UFORMELLE KOMMUNIKASJONSMIDDEL | 38 |
| 3.5 | FOKUSGRUPPE | 39 |
| 3.5.1 | METODEN FOKUSGRUPPE..... | 39 |
| 3.5.2 | FERSKE ERFARINGAR SOM FOKUSGRUPPEMODERATOR | 40 |
| 3.5.3 | ROLLE | 42 |
| 3.6 | KOR REPRESENTATIVE ER INFORMANTANE? | 43 |
| 4 | <u>TEORETISKE PERSPEKTIV</u> | 44 |
| 4.1 | FRIVILLIGE ORGANISASJONAR OG (VELFERDS)STATEN | 44 |
| 4.2 | KOMMUNITARISMEN | 46 |
| 4.2.1 | KOMMUNITARISTANE SITT ALTERNATIV | 46 |
| 4.2.2 | KOMMUNITARISMEN OG VELFERDSSTATEN | 47 |
| 4.2.3 | KOMMUNITARISME OG INNVANDRING | 49 |

| | |
|--|------------------|
| 4.3 SYN PÅ SAMARBEID MELLOM STAT OG ORGANISASJON OM VELFERDSPRODUKSJON I NOREG..... | 50 |
| 4.4 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR: KOMPETANSE, FORDELAR OG ULEMPER..... | 51 |
| 4.5 INTEGRERING | 53 |
| | |
| <u>5 RESPONS PÅ FRIVILLIGE ORGANISASJONAR SIN ROLLE I INTEGRERINGSPROSESSEN</u> | <u>59</u> |
| | |
| 5.1 DET SOSIALE VIKTIG | 59 |
| 5.1.1 BRA Å BLI SETT SAMAN MED NORDMENN..... | 61 |
| 5.2 NORDMENN VANSKELEGE Å KOMME INN PÅ | 61 |
| 5.2.1 ØNSKER VENER AV ALLE SLAG | 62 |
| 5.3 NETTVERKSBYGGING LETTAST GJENNOM ADA..... | 63 |
| 5.4 ULIKE MEININGAR OM EFFEKTEN PÅ SPRÅKET | 65 |
| 5.5 LÆRDOM OM NORMER, REGLAR OG ROLLEFORVENTINGAR..... | 68 |
| 5.5.1 BRA MED NORSK VEGVISAR..... | 69 |
| 5.6 EMPOWERMENT..... | 70 |
| 5.7 POSITIV RESPONS | 71 |
| 5.8 GJENSIDIG LÆRDOM KAN HA POSITIVE EFFEKTRAR | 72 |
| 5.9 FRIVILLIG ARBEID UTFYLLER OFFENTLEG ARBEID | 72 |
| 5.10 NAUDSYNT MED FRIVILLIGE ORGANISASJONAR SITT SUPPLEMENT?..... | 74 |
| 5.11 KVALITETSSIKRING | 75 |
| 5.11.1 ULIKE MEININGAR OM INVOLVERING FRÅ KONTAKTPERSONAR I FRIVILLIG ARBEID | 77 |
| 5.12 OPPSUMMERING - HOVUDPUNKT | 79 |
| | |
| <u>6 DISKUSJON OG ANALYSE</u> | <u>80</u> |
| | |
| 6.1 KVIFOR HAR NYTILFLYTTE FLYKTINGAR SÅ VANSKELIG FOR Å SKAFFE SEG VENER AKKURAT I NOREG?..... | 80 |
| 6.1.1 ARENA OG ANLEDNING | 80 |
| 6.1.2 SPRÅKBARRIEREN | 82 |
| 6.1.3 KOMMUNITARISMEN: STATEN HAR TEKE OVER ANSVARET MENNESKA HAR FOR KVARANDRE | 82 |
| 6.1.4 NORDMENN SKEPTISKE TIL FLYKTINGAR OG INNVANDRARAR | 83 |
| 6.2 ORGANISASJONANE SI ROLLE OG DEIRA BIDRAG..... | 84 |
| 6.2.1 ORGANISASJONANE SITT BIDRAG TIL INTEGRERINGSARBEIDET..... | 85 |
| 6.2.2 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR SOM BUFFER MOT GETTOFISERING? | 86 |
| 6.3 INTEGRERING, OFFENTLEGE ANSVARSOMRÅDE OG FRIVILLIGE TILSKOT – EIN MODELL..... | 87 |
| 6.4 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR: FORDELAR OG MANGLAR | 94 |
| 6.4.1 FORDELAR..... | 94 |
| 6.4.2 MANGLAR..... | 95 |
| 6.4.3 ERFARINGAR MED GRUPPEKOPLINGAR | 97 |
| 6.4.4 INFORMASJONEN KUNNE VORE BETRE | 98 |

| | | |
|------------|---|-------------------|
| 6.5 | SAMARBEID OFFENTLEG OG FRIVILLIG SEKTOR | 99 |
| 6.6 | FRIVILLIG ARBEID – VILJE OG POTENSIALE | 100 |
| 6.7 | BRUKSVERDIEN AV FUNNA MINE? | 102 |
| 6.7.1 | BERGEN SAMANLIKNA MED OSLO - BERGEN SAMANLIKNA MED BYGDE-NOREG | 103 |
| 6.8 | OPPSUMMERING - HOVUDPUNKT | 104 |
| 7 | <u>KONKLUSJON.....</u> | <u>106</u> |
| 7.1 | OPPSUMMERING | 106 |
| 7.2 | ER FRIVILLIGE ORGANISASJONAR SITT ARBEID FOR INTEGRERING EIT NAUDSYNT TILSKOT TIL DET OFFENTLEGE TILBODET? | 108 |
| 7.3 | AVSLUTNING | 110 |
| | <u>KJELDER</u> | <u>111</u> |

1 INNLEIING

I Bergen finst eit breitt og godt tilbod frå frivillige organisasjonar som jobbar med integreringsoppgåver eller tiltak som verkar integrerande for deltakarar med innvandrar- og flyktningebakgrunn. Denne oppgåva tek sikte på å studere effektane av arbeidet desse organisasjonane utfører og vurderer korleis arbeidet ufyllar dei offentlege tiltaka sett i verk gjennom den relativt nye introduksjonslova. Kva oppgåver kan frivillige organisasjonar, og frivillige arbeidarar og deltakarar, yta bidrag med? Kor viktig er dette arbeidet?

Rammene for mastergradsstudiet set visse grenser for kor stort omfanget undersøkingane mine kan ha. Eg valde difor å studere eit område, ein by, framføre å gjere ein komparativ studie. Eg meiner også denne vinklinga egna seg best, ettersom det primære målet mitt var å sjå på organiseringa og effektane av det frivillige arbeidet. Resultata mine gir ein del svar som kan vere av nytte også andre stader i landet, men eg må også ha i tankane at ulike stader opplever ulike utfordringar.

1.1 VAL AV TEMA

Det årlege integreringsbarometeret til IMDi (Integrerings- og mangfoldsdirektoratet) viser at folk i aukande grad meiner at integreringa av innvandrarar inn i det norske samfunnet fungerer *ganske dårleg* eller *svært dårleg* (2007a, p. 139). Auken av folk som meiner dette har vore på ti prosentpoeng frå 2005 og missnøyen kan halde fram med å stige. På den andre sida er det ein tendens til at innvandrarane sjølve er meir nøgd med korleis integreringsarbeidet fungerer enn kva etniske nordmenn er (tre av ti mot to av ti). Innvandrarane meiner likevel i større grad enn nordmenn at det er vanskeleg å bli ein del av det norske samfunnet. Det at et så stort tal meiner at integreringsarbeidet går dårleg, og det at så mange meiner det er vanskeleg for innvandrarar å kome seg inn i det norske samfunnet, viser at område krev meir merksemd.

Eg deltek sjølv i frivillig arbeid med flyktningar (Raude Kross Flyktningeguiden) og asylsøkjara (Redd Barna Aktiv). Omtrent samstundes som eg tok til på mastergraden, vart eg også flyktningeguide for Raude Kross. Valet av tema for oppgåva fall dermed naturleg på frivillige organisasjonar sit arbeid for integrering av flyktningar.

1.2 STRUKTUREN I OPPGÅVA

Innleiingsvis vil eg presentere problemstillinga mi. Eg vil fortelje om problem eg har støtt på under arbeidet, og eg vil forklare sentrale omgrep eg vil bruke i oppgåva, samt argumentere for vala mine av avgrensingar.

Kapittel to vil gje ein innføring i det eg skal undersøke. Eg vil skildre dei ulike organisasjonane sit arbeid, og eg vil skildre det offentlege sitt arbeid og lovverket som gjeld. Eg vil i tillegg prøve å gje eit innblikk i kva problem og utfordringar me har i forhold til integreringa av nyleg tilflytta flyktningar.

Kapittel tre vil ta for seg metode. Eg har intervjuar tilsette i kommunen sitt mottaks- og kompetansesenter for integrering av innvandrara og flyktningar (MOKS), tilsette i frivillige organisasjonar og flyktningar med erfaring frå Raude Kross Flyktningeguiden. Eg har også nytta observasjon og egne erfaringar, samt ein del litteraturstudier. Eg vil presentere utvalet mitt, intervjuteknikkar og aktuelle erfaringar rundt dette i metodekapitlet.

Kapittel fire er teorikapitlet. Eg legg meir vekt på empiri i oppgåva mi, enn teori, men teorikapitlet er eit nyttig verktøy for å analysere og forstå funna mine. Ein del handlar om frivillige organisasjonar; fordelar, ulemper og ulike erfaringar. Den andre delen vil ta for seg teori som spør om innblanding frå staten til trengande grupper fører til at busetnaden sjølv slutter å bry seg om desse då dei allereie blir teke vare på av staten. I teorikapitlet har eg også ein diskusjon av omgrepet integrering og kva eg legg i det.

Kapittel fem presenterer resultatene fra intervjuene og undersøkingene mine. For å gjøre resultatene mine mest mulig heilskaplege, har eg i tillegg til å presentere eigne undersøkingar, nytta meg av ein rapport frå HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen, som viste seg å vere svært relevant for oppgåva mi. Rapporten fortel eg meir om i metodekapitlet.

Kapittel seks vil eg bruke til å diskutere og analysere funna mine i lys av mellom anna teori. Målet er å vise korleis situasjonen er, kvifor situasjonen er som den er og kva som kan gjerast betre (i teorien) for at integreringa skal gå lettare. Som representant for majoritetsfolket sitt syn på innvandring og innvandrere, har eg nytta meg av Integreringsbarometeret 2006 frå IMDi. Denne vil eg også fortelje meir om i metodekapitlet. Rapporten frå 2006 kom ut i mai 2007, difor rakk eg ikkje vente på ny rapport dette året, som eg rekna med ville kome i mai som året før.

Integreringsbarometeret vil spele ei viktig rolle for oppgåva mi, då integrering ikkje berre handlar om dei nye landsmennene si tilpassing, men også majoriteten sin vilje til å la dei tilpasse seg. Rapporten fortel noko om kva nordmenn (men også nordmenn med innvandringsbakgrunn) synest om innvandrere og innvandring. Rapporten tek også opp viljen i folket til å sjølv jobbe for integrering og sjølv delta i ein frivillig organisasjon. IMDi skriv i forordet til rapporten at dei inviterer forskarar, kunnskapsmiljø og andre til å bruke statistikken til vidare analyse. Eg har i noko grad teke imot oppmodinga til IMDi.

I det siste kapitlet i oppgåva, kapittel åtte, vil eg oppsummere hovudlinjene i oppgåva mi og drøfte funna i lys av hovudproblemstillinga. Avslutningsvis vil eg prøve å dra fram nokre oppsummerande konklusjonar.

1.3 PROBLEMSTILLING

Heilt frå starten av har hovudproblemstillinga mi vore *Frivillige organisasjonar sitt arbeid for integrering av flyktingar: Eit naudsynt tilskot til det offentlege tilbodet?*

Utover i oppgåva vart eg usikker på om eg burde endre på denne og rette den meir etter det fokuset i oppgåva mi som omhandlar det sosiale aspektet som frivillige

organisasjonar utfyller det offentlege tilbodet med. Med nærare ettertanke kom eg fram til at problemstillinga var meir riktig no enn i startfasen, då ting var uklare. Det fordi eg undervegs i arbeidet har vorte av den meining at det er svært viktig for integreringa at flyktningar og nordmenn har kontakt. Spesielt med tanke på å gjere flyktningar mindre einsamme og få dei til å føle at dei har nokon som bryr seg rundt seg, men også med tanke på at både flyktning og nordmann har godt av å sjå og lære korleis den andre er. Frivillige organisasjonar legg til rette for at nordmann og flyktning får møtast, anten som brukarar av same tilbod, som to vener eller med nordmannen som støtteperson og vegvisar, eller at flyktningar av ulike slag får møtast og snakke ut om saker som opptek dei. Eg set spørsmålsteikn ved om manglande omsorg, eller tiltak, frå majoritetsfolket kan få uheldige konsekvensar for integreringa slik at ein treng frivillige organisasjonar til å samle folk med vilje til å hjelpe flyktningar med å finne seg til rette. Eg meiner det difor passar å spørje om det er naudsynt at det finst tilbod som kan gje flyktningar eit betre sosialt liv og kanskje eit nettverk. Samstundes spør eg om det er naudsynt at det eksisterer tilbod som yter ekstra språkopplæring eller høve for å praktisere språket. Eg spør om det er naudsynt med tilbod om ekstra kurs og råd om korleis nordmenn ventar at flyktningar skal oppføre deg og korleis flyktningar skal forstå nordmenn. Og eg spør om det er naudsynt at det er fleire enn det offentlege som jobbar med å fremje ressursane flyktningen har. Med andre ord er eg interessert i å finne ut av om det er naudsynt at slike tilbod eksisterer i det heile. Kunne me klart oss utan?

Underproblemstillingane mine er ikkje spørsmål eg vil svare på i konklusjonen, men meir hovudlinjene av kva spørsmål eg har stilt informantane mine, og kva tema eg vil diskutere gjennom oppgåva.

Underproblemstillingane mine blir som følgjande:

- Kva er det viktigaste frivillige organisasjonar kan bidra med til integreringsarbeidet?
- Korleis utfyller frivillig arbeid det offentlege tilbodet?

- Er det forskjell i språkkunnskapar mellom flyktningar som deltek på frivillige tiltak og flyktningar som ikkje gjer det?
- Kva fordelar har det at nordmenn og flyktningar møter kvarandre og blir kjent?

1.4 PROBLEM UNDERVEGS

Intervjua med både MOKS og Raude Kross vart, av ulike grunnar, gjort litt seinare enn først planlagt. Personen eg i utgangspunktet skulle intervjuje i Raude Kross, gjekk akkurat ut i permisjon då eg var klar, og ein ny overtok. Eg fann det best å gje den nye tilsette litt tid i jobben før eg tok kontakt.

Det tok tid å få ordna ein avtale med kontaktpersonane i MOKS, ettersom mange var på ferie og mange var opptekne med eit prosjekt kalla ”Til Topps”. Først kom eg i kontakt med ein av kontaktpersonane, forklarte litt om prosjektet og spurte om eg kunne sende skriftlig informasjon som ho kunne sende rundt til dei andre kontaktpersonane, slik at dei kunne melde fra om dei hadde tid og interesse. Det var heilt i orden, men avtalane uteblei. Eg gjorde likevel ein intervjuavtale med denne personen, men det måtte utsetjast. Kontaktpersonane er travle menneske og eg har forståing for dette.

Etter intervjuet med kontakten min i Raude Kross, fekk eg tilbod om at han kunne kontakte sjefen i MOKS for meg. Eg takka ja, og han ordna ein telefonavtale med meg der eg på nytt fekk fortalt meir om prosjektet. Sjefen ba meg sende meir informasjon til informasjonssjefen og var positiv til å ordne ein dag full av intervju for meg. Då eg ikkje hørte noko på nokre dagar, fann eg ut at eg kunne kontakte kontaktpersonen til flyktningen min, som hadde vore på ferie då eg først kontakta MOKS. Kontaktpersonen var klar over prosjektet. Det hadde blitt teke opp på fellesmøte i MOKS. Eg fekk ein dato, eit tidspunkt og beskjed om at dei kunne ordne fleire intervju på same dag. På kort tid hadde eg seks intervjuavtalar på same dag. Dermed vart ikkje feltarbeidet mitt så forseinka likevel.

Eg hadde håpa at dei same kontaktpersonane kunne hjelpe meg med å finne kandidatar til fokusgruppene eg ville halde. Eg såg for meg at dei kunne spørje gode kandidatar, og at

eg deretter kunne kontakte dei som var interesserte i å delta. Eg spurte kvar enkelt kontaktperson om dei kunne tenkje på dette, og fleire av dei kom allereie då på kandidatar. Etter intervjuet sende eg ein e-post der eg takka for intervjuet og fortalde meir om fokusgruppa. Eg ba dei kontakte meg etter kvart som dei hadde funne kandidatar. Etter dette gjekk det lang tid utan at eg høyrde noko. Til slutt ringde eg for å høyre kva som skjedde i saka. Då fekk eg vite at dette let seg vanskeleg gjere likevel. Dei måtte vere nøye med kva dei gav ut av personopplysingar. Skulle dei hjelpe meg, måtte dei sette ned eit utval og halde fleire møter, og det hadde dei rett og slett ikkje tid til. Dei ba meg høyre om Raude Kross kunne hjelpe, så kunne eg heller kome tilbake om dette ikkje gjekk.

Raude Kross var svært innstilt på å hjelpe og alt såg ut til å skulle ordne seg innan kort tid. Eg fekk vite at det var mogleg at eg kunne få ei telefonliste og opprette kontakt med deltakarane sjølv. Dette måtte først avklarast frå ”høgare hald”, og der var beskjeden at dette ikkje gjekk. Raude Kross måtte opprette førstegangskontakten, og dette hadde heller ikkje dei tid til, men ville gjerne hjelpe med å finne ei løysing på saka.

På same tid var eg i kontakt med Norsk Samfunnsvitenskaplig Datateneste (NSD). Dei sa seg einige i at anten MOKS eller Raude Kross måtte opprette førstegangskontakt og foreslo at den beste måten var om dei kunne dele ut eit skriv på mine vegne. Eg kontakta på nytt MOKS, forklarte situasjonen og håpa på at denne måten ville løyse problem med tid og ressursar. Eg ville helst ha hjelp frå MOKS framfor Raude Kross, ettersom MOKS har kontaktinformasjonen til ”gamle” flyktningar, samt at dei kjenner deltakarane og veit kven som ikkje ville egne seg til å delta. Denne gongen fekk eg positivt svar. Eg fekk sendt eit skriv ut via MOKS til personar kontaktpersonane meinte ville egne seg (språkmessig først og fremst) til å delta i eit slikt prosjekt. Etter kvart som breva vart sendt ut, tikka det inn med positive meldingar på mobilen, telefonar og e-postar. Dermed var intervjudata sikra.

1.5 ORDFORKLARINGAR

For at det skal gå klart fram kva eg legg i dei orda eg nyttar, har eg her lista opp og forklart dei viktigaste omgrepa. Eg har utelete å forklare bruken min av ordet integrering, då eg vil gå djupare inn på det seinare i oppgåva.

1.5.1 Frivillig organisasjon

Ein frivillig organisasjon er ikkje tilknytt staten. Han kan motta støtte frå staten, men kan kortid som helst bryte forholdet, og kan kortid som helst opphøre som organisasjon (Lorentzen, 1994). Frivillig organisasjonar yter midlar til gode formål. Midlar som ikkje er krevd inn av skatter, men blir gitt av fri vilje og ut frå moralske pliktingar (Macadam, 1934, i Lorentzen, 1994).

Frivillig tiltak:

I oppgåva vil eg innimellom bruke ordet frivillig tiltak. Eit frivillig tiltak er eit tiltak eller ein aktivitet som er sett i verk av ein frivillig organisasjon (Lorentzen, 1994).

1.5.2 Innvandrarak og flyktningar

Daugstad og Statistisk Sentralbyrå (2007) definerer innvandrarak som første generasjonsinnvandrarak og deira etterkomarak. Med andre ord første generasjoninnvandrarak og barn født i Noreg av to utanlandsfødde foreldre.

Ein flyktning definerast vidare som ”personer med utenlandsk fødeland bosatt i Norge som en gang har kommet til landet av fluktgrunner, og som har fått innvilget opphold i landet som flyktning eller på humanitært grunnlag. Familiegjeforente til disse personene blir også regnet som flyktninger” (Tronstad, 2004, p. 15).

1.5.3 Empowerment

Ulike tilnermingar til empowerment vert diskutert i boka ”Empowerment i teori og praksis” av Askheim og Starrin (2007a). Askheim (2007) meiner empowerment handlar om å kome seg ut av ein avmaktsituasjon gjennom å finne styrke til å motarbeide kreftene som helt dei nede og gjenerobre styring over eiga liv. Empowerment er både målsetjinga og verkemiddelet for å nå målet. Ordet ber også med seg assosiasjonar til positive

omgrep som sjølvkjensle, sosial støtte, stoltheit, å vere del av fellesskapet, eigenkontroll, kompetanse, borgarrettar, sjølvstyre, samarbeid og deltaking (Askheim & Starrin, 2007b).

Blant frivillige organisasjonar blir omgrepet ofte forstått som det å skaffe seg makt over tilverda ved å få moglegheitene til å delta på like vilkår som andre i samfunnet og å kjempe for å bli høyrd. Det handlar om å støtte og styrke kvarande. Organisasjonar, klientar og pasientar har òg nytta empowermentomgrepet som ein reaksjon mot ein ”ovanfrå og ned”-haldning frå myndigheitene (Askheim & Starrin, 2007b).

1.5.4 Brukar og deltakar

Eg vil i oppgåva både nytte ordet brukar og ordet deltakar om flyktningar i introduksjonsprogrammet og i frivillige tiltak. Rønning (2007) forklarar enkelt og greitt omgrepet brukar i denne samanhengen som ein som nyttar eit velferdstilbod. Tidlegare vart klient mykje brukt, men dette er eit ord eg vil halde meg unna grunna dei negative konnotasjonane knytt til omgrepet. I enkelte av dei frivillige tiltaka føler eg det passar betre å bruke ordet deltakar for å understreke at flyktningen ikkje berre får eller brukar, men yter noko tilbake også. Han deltar. Dette er mellom anna noko Kyrkjjas Bymisjon legg vekt på.

1.6 AVGRENSINGAR

Det er naudsynt å avgrense kva eg skal undersøkje i oppgåva mi slik at det ikkje vert uoversiktleg og for omfattande for ei masteroppgåve. Under følgjer forklaringar for dei vala eg har tatt med tanke på avgrensing.

1.6.1 Organisasjonane

Eg har allereie definert kva ein frivillig organisasjon inneber, men omgrepet er enno veldig omfattande. Eg finn det difor naudsynt å gjere visse avgrensingar for kva typar organisasjonar eller frivillige tiltak eg tek føre meg.

Eg vil i oppgåva mi fokusere på velferdstiltak som fyller følgjande kriterium:

- Gjer ein innsats for integrering eller for å betre livssituasjonen (som på mange måtar er to sider av same sak) til innvandrarak.
- Utfører oppgåver som kjem i tillegg til dei tenestene det offentlege syter for, ikkje oppgåver på kontrakt. Altså, organisasjonar som driv med supplerande tenester og tilbod til integreringsarbeidet.
- Det deltek frivillige arbeidarar i tiltaket, eller brukarane er tiltenk å støtte kvarandre. Dei frivillige arbeidarane er ufaglærte (men mogleg kursa for å vere betre budd på oppgåva) og uløna.

Eg har vald å utelate innvandrarakorganisasjonar og konsentrert meg om dei større og kjente organisasjonane. Innvandrarakorganisasjonar gjer mykje godt integreringsarbeid, men mange jobbar berre opp mot sine egne. Dei kan heller ikkje skape ein kontakt mellom innvandrarak og etniske nordmenn på same måte som til dømes Raude Kross og Ada kan. Friberg og Gautun (2007) viser likevel at medlemskap i ein innvandrarakorganisasjon gjer eit godt grunnlag for integrering. Her kan innvandrarakane få dekkja sosiale behov, som eg meiner er viktig for vidare integrering.

Innvandrarakorganisasjonane vil også kunne fange opp dei som elles aldri ville meldt seg inn eller delteke i ein tradisjonell, norsk organisasjon. Samarbeid på tvers av organisasjonar er ikkje uvanleg, og edeltaking i ein organisasjon er god og nyttig trening. Organisasjonane kan vere eit springbrett til å seinare ta del i anna organisasjonsliv. Trass i dette må eg likevel velje å utelate desse av praktiske hensyn. Organisasjonane er mange og det er vanskeleg å skaffe seg ei oversikt over kven som passar inn i oppgåva mi.

Ulike religiøse trussamfunn kan også byggje oppunder integreringa. Trussamfunna kan by på sosialt samhald og møte mellom ulike kulturar. Då trussamfunna ikkje jobbar som velferdsprodusentar, men har berre integrering som ein konsekvens av at folk møter kvarandre grunna ei felles tru, vel eg å utelate også dette området. Frivillige organisasjonar med religiøst idégrunnlag, derimot, kjem med i oppgåva.

1.6.2 Frivillighetssentralar

Over heile landet finn ein såkalla frivillighetssentralar, som er ein møteplass for alle som har lyst til å hjelpe andre menneske, og for alle som treng litt ekstra hjelp i kvardagen. Sentralane kan ha ulikt eigarskap. I Bergen er det Møhlenpris Velforening, Sydnes og Nøstet Velforening, Nygård Velforening, Nygårdsparkens Venner, Nygårdshøyden Velforening og Sportsklubben Djerv som eig sentralen (Frivillighetssentralen Vitalitetsenteret, 2008). Sentralane kvalifiserer ikkje som frivillige organisasjonar ettersom dei ikkje opererer med medlemskap, men får inntektene sine frå stat og kommune.

Frivillighetssentralar er på mange måtar relevant for oppgåva mi, då enkelte driv arbeid for integrering av innvandrarar og flyktningar, samt at dei byr på kontakt med frivillige, engasjerte menneske. Likevel har eg valt å ikkje undersøkje sentralane nærmare, då dei ikkje kan karakteriserast som frivillige organisasjonar, samt at kvar sentral har sine tiltak. Det er ikkje ein fast regel at arbeid for integrering er inkludert.

1.6.3 Ny Sjanse

Då eg intervjuar kontaktpersonane på MOKS, hørte eg så vidt litt om det nyoppstarta prosjektet Ny Sjanse. Eit slags introduksjonsprogram for dei som kom til landet før introduksjonsprogrammet trådde i kraft. Då eg ikkje visste om dette frå starten av, ville det vorte mykje ekstra arbeid å setje seg inn i også dette kommunale støttearbeidet. Eg valde difor å halde hovudfokus på nytilflytta flyktningar. Slike som deltek i introduksjonsprogrammet og som gjennom introduksjonsprogrammet kan skaffe seg flyktningeguide.

Ny Sjanse vil likevel bli via litt merksemd seinare i oppgåva grunna samarbeidet med Kyrkjens Bymisjon. Resultata frå prosjekta Bymisjonen driv, handlar ikkje berre om flyktningar i introduksjonsprogrammet, men alt av innvandrarar. Enkelte av desse er kanskje deltakarar i Ny Sjanse.

1.6.4 Innvandrarene

For å unngå ei for vid oppgåve, må eg gjere avgrensingar for kven undersøkinga skal gjelde. Eg undersøker difor i hovudsak flyktningar eller familiegjenforeinte til desse, som deltek eller har delteke i introduksjonsprogrammet. I nokre tilfelle vil eg snakke om integrering av ikkje-vestlege innvandrare generelt, som då også inkluderer flyktningar som kom til landet før introduksjonsprogrammet trådde i kraft. I det supplerande arbeidet til frivillige organisasjonar kan det vere at det deltek menneske som ikkje fyller avgrensingane over (spesielt gjeld dette deltakarane i Nærmiljøarbeidet Ada). Dette vil eg ha i tankane når eg diskuterer.

Eg har unnlate arbeidsinnvandrare frå (ikkje-vestlege) land utafor Europa fordi hovudregelen for slik arbeidsinnvandring er at ein må ha eit konkret jobbtillbod før ein kjem til landet. Dei vil difor, frå første dag, stille sterkare økonomisk og sosialt.

1.6.5 Område

Eg har vald å berre gjere feltarbeid i Bergen, både fordi dette er mest praktisk, fordi eg har erfaringar frå det frivillige miljøet her, og fordi eg må gjere visse avgrensingar.

Bergen er også interessant å studere av di vestlendingane, i følgje Integreringsbarometeret 2006, i større grad enn andre folk frå andre delar av landet opplever at deira kontakt med innvandrare har påverka dei positivt. Vestlendingane er også dei som er mest villige til å busetje flyktningar i eigen kommune, og dei viser seg også meir tolerante på ein del andre spørsmål også (IMDi, 2007a).

Mange studier om innvandrare tek ofte utgangspunkt i Oslo og andre byar og tettstader på austlandet med høgt tal innvandrare. Ettersom Bergen har eit innvandar- og flyktningetal nærare opp til landsgjennomsnittet, føler eg det er eit betre val å studere denne byen. Eg meiner også det er viktig å setje fokus på at Noreg sitt multikulturelle folk er meir enn berre Oslo sitt multikulturelle folk. Dei problema ein opplever i Oslo, treng ikkje gjelde overalt i landet.

2 KONTEKST

I dette kapitlet skriv eg om kven innvandrane og flyktningane er og kva utfordringar dei møter. Eg vil i tillegg presentere organisasjonane eg har studert, samt skildre introduksjonsprogrammet og fortelje meir om den delen av Bergen Kommune som jobbar med dette

2.1 INNVANDRARAR I NOREG

Statistikk om innvandrarar i Noreg er stadig i endring. Eg har prøvd så godt det lar seg gjere å få med dei nyaste tala på dei viktigaste områda. Tidlegare har pakistarane vore den største innvandrargruppa i Noreg. Statistikk så seint frå som 2007, støttar dette, men dette er ikkje tilfelle no i 2008. Arbeidsinnvandrande polakkar har auka mykje det siste året, og polakkane er no den største innvandrargruppa i Noreg med 32 100 personar per 1.1.2008 (Statistisk Sentralbyrå, 2008). Talet på innbyggjarar med innvandrarbakgrunn har med dette stege til nærare 9,7 prosent, som tilsvarar 459 600 personar. Av desse er 7,3 prosent ikkje-vestlege innvandrarar.

Innvandrarane i Noreg er ei svært samansett gruppe, med bakgrunn frå 213 land og sjølvstyrte regionar (Daugstad, 2007). Talet på førstegenerasjonsinnvandrarar utgjer 381 000 personar, medan 79 000 vart fødd her i landet av to utanlandsfødde foreldre (Statistisk Sentralbyrå, 2008).

Ordet innvandrar omfattar flyktningar frå Somalia, så vel som arbeidsinnvandrarar frå Sverige. Likevel, som Hernes og Knudsen (1990) peikar på, blir omgrepet på folkemunne brukt nesten synonymt med ikkje-vestlege innvandrarar.

2.1.1 Flyktningar

Tal frå 2007 viser at flyktningane utgjorde 2,7 prosent av innvandrane (Daugstad, 2007). Daugstad viser vidare at blant førstegenerasjonsinnvandrane med

flyktningebakgrunn, er dei største gruppene frå følgjande land (frå størst til mindre): Afghanistan, Irak, Somalia, Bosnia-Herzegovina, Iran, Eritrea, Vietnam, Serbia, Etiopia, Chile, Sri Lanka, Kroatia, Russland, Tyrkia og Pakistan.

”Mange flyktninger har betydelig dårligare levekår enn resten av befolkninga, især dersom de har bodd kort tid i landet” (Tronstad, 2004, p. 15). Difor er det nyttig å skilje denne gruppa ut frå statistikken. Det er også spesielt denne gruppa samt andre førstegenerasjonsinnvandrarak av ikkje-vestleg opphav eg vil sjå nærare på. Det er også, som namnet tilseier, flyktningar (inkludert familiegjenforeinte med flyktningar) som kan nytte seg av Raude Kross sin Flyktningeguide. Denne gruppa, spesielt, står ovanfor mange utfordringar. Det same gjer hjelpeapparatet som skal prøve å få dei til å gli best mogleg inn i det norske samfunn og kunne klare å verte sjølvforsørgde.

2.2 UTFORDRINGAR FOR INTEGRERINGA

Som nemnd er det fleire nordmenn som ikkje er vidare begeistra for korleis integreringsarbeidet går. Integreringa møter mange hinder på vegen. I dei neste delkapitla har eg skildra dei problema eg meiner stikk seg ut.

2.2.1 Problem med språk og kvalifikasjonar

Opplagt er språkbarrieren ei stor utfordring for nyttilflytta flyktningar. Det er ikkje lett å lære seg eit heilt nytt språk, og kanskje eit heilt nytt alfabet på to år. Mange flyktningar er også analfabetar (Anoumou, 2006). Desse har ei enorm utfordring framfor seg når dei skal lære eit nytt språk, munnleg og skriftleg, utan å kunne anna enn morsmålet sitt munnleg. Anoumou peikar på at det kan slå uheldig ut for familiar når barna i skulen lærer språket raskare enn foreldra som er analfabetar. Barna får difor ei ekstra bær når dei må ta seg av og forklare saker for foreldra sine. Språkbarrierer hindrar også mykje informasjon frå å nå fram.

Eit anna problem er også at eit fleirtal av innvandrarakane er ukvalifiserte. Svært mange har berre grunnskule frå heimlandet og slit dermed med å verte kvalifisert for norsk

arbeidsliv. Når dei likevel får jobbar, er desse ofte av førebels karakter, slik at dei etter ei stund fell ut att av arbeidsmarknaden (Djuve, 1999).

2.2.2 Psykiske plager og helseproblem

Over 15 prosent av flyktningane har nedsett arbeidskapasitet grunna store helseplagar (Djuve, 1999). Mange flyktningar opplever store psykiske plagar etter det dei har opplevd i heimlandet.

Psykiske belastningar kan også oppstå i Noreg. Mange har kvalifikasjonar frå heimlandet dei ikkje får nytta her. Når forventningane om å finne seg arbeid som samsvarar med utdanninga dei har vert knust, kan dette føre til psykiske plager. Mange opplever det å falle i sosial status som svært traumatisk (Djuve, 1999).

Bustadsituasjonen kan også vere belastande. Fleire flyktningar opplever problem med å finne utleigebustad, og har ikkje råd til å kjøpe sjølv. Mange må difor, inntil vidare, busette seg hjå familie eller vener, eller på hospits. Dette fører til mykje flytting og ein utrygg situasjon. ”Å bo trygt er en forutsetning for stabile oppvekstvilkår, og for mulighet til å engasjere seg i utdanning og arbeid”. (Søholt, 2001, p. 102)

2.2.3 Kriminalitet

Innvandrarar og flyktningar kjem dårleg ut på ein del kriminalstatistikkar. Då Oslo Politidistrikt la fram sin rapport om valdtekter frå 2007, viste det seg at det dette året hadde vore eit rekordår med 196 meldte valdtekter og valdtektsforsøk. Gjerningsmennene hadde i følgje rapporten i 72,8 prosent av tilfella anna landbakgrunn enn norsk. Likevel, fleire av desse hadde norsk statsborgarskap. Valdtektsikta med norsk statsborgarskap utgjorde 60,3 prosent.

Eit av dei meir oppsiktsvekkande funna var den kraftige auken i gjerningsmenn med afrikansk landbakgrunn. Tala frå 2007 viser at 30,5 av gjerningsmennene (berre menn var registrert som gjerningsmenn i rapporten) hadde afrikansk landbakgrunn. Tilsvarende tal frå tidligare år viser 19,1 prosent i 2004 og 10 prosent i 2001 (Grytdal & Meland, 2008). Rapporten understrekar at det er vanskelig å sei om aukinga skuldast at det faktisk

skjedde fleire valdtekter i 2007 enn tidlegare, eller om aukinga er eit resultat av at fleire melder frå grunna ekstra fokus på tema.

Rapporten omhandlar berre Oslo politidistrikt, og kan i så måte ikkje seie noko om omfanget av gjerningsmenn med innvandrarbakgrunn andre stadar i landet. Likevel kan rapporten fortelje om eit problem med integreringa, nemleg at menneske med innvandrarbakgrunn er overrepresentert i enkelte kriminalstatistikkar.

Ei landsomfattande undersøking av utdanningsbakgrunn blant innsette i alle norske fengsel viser at 14,3 prosent av dei innsette har utanlandsk statsborgarskap og at 15,9 prosent har vakse opp i eit anna land enn Noreg (Eikeland, Diseth, & Manger, 2006). Undersøkinga seier ingenting om dei innsette er innvandrarar eller turistar. Innsette frå verda utanom Europa utgjorde 6,3 prosent. Europearane, utanom Norden, utgjorde 6,5 prosent. Dette gjer ingen klare indikasjonar på at innvandrarar står for fleire kriminelle handlingar enn nordmenn, sjølv om menneske med utanlandsk statsborgarskap er overrepresentert.

2.2.4 Dilemmaet om å slå seg til ro i Noreg når ein draumar om å vende attende til heimlandet

Dei fleste flyktingar har som mål å vende attende når forholda er trygge. Mange håpar det skal skje snart, og difor vil dei ikkje etablere seg i Noreg. Dei vil ikkje ta dårleg betalte jobbar når dei kan leve greitt på trygd (Søholt, 2001). Dei kjem jo ikkje til å bli her så lenge at dei kan avansere i gradene eller dra nytte av jobben på eigen CV. Igjen går dette utover barna. Småbarn får ikkje gå i barnehage eller seksårsklubbar fordi familien berre bur her førebels. Bilgic (2000) fortel om ein familie som unnlèt å la eldste sonen delta i ei seksårsgruppe slik at han kunne begynne å lære seg norsk. Familien, som hadde eit sterkt ønskje om å returnere til heimlandet, fekk etter kvart ønsket sit oppfylt og drog heim. Berre eit år etter måtte dei vende attende til Noreg. Den eldste sonen måtte no begynne på skulen eit år for seint utan å kunne norsk. Dette viser at, spesielt for barna si skuld, det er viktig å leve som om ein skal bli i Noreg. Uansett om ein har konkrete

planar om å vende heim, er det best ikkje la det påverke kvardagen fram til dagen dei reiser.

2.2.5 Problem med ein stillestående kultur

I møte med norsk kultur har det vore ein tendens til at innvandarkulturen har vorte meir konservativ, nasjonalistisk eller sjåvinistisk enn i heimlandet. Mange stader i Kurdistan er det heilt naturleg at tenåringsjenter forelskar seg og har kjærast. Andre stader igjen er dette veldig strengt. I Noreg er dette også veldig strengt, trass i at mange av jentene nok ville vore svært frie i Kurdistan (Bilgiç, 2000). Likevel, dette er ikkje berre eit fenomen som oppstår når kulturen frå den tredje verda møter vestleg kultur. Anoumou (2006) fortel at mykje det same har skjedd med norske misjonærbarn i Afrika. Jentene har vorte isolert heime fordi dei skal gå framføre med eit godt døme på kristelege verdiar om det å vere dydig og å vere trufast. Det var viktig at jentene ikkje gav motstridande signal til dette. Gutane, derimot, fekk fritt delta i det afrikanske sosiale livet. Jentene vaks opp i den trua at slik dei hadde det i Afrika, var slik jenter hadde det i Noreg også.

I frykt for å miste tilhørsla og kulturen sin, tvilheldt mange innvandrarak på utdaterte delar av kulturen eller religionen sin. I Noreg diskuterer ein det meste i det offentlege rom. Det eksisterer ulike tenkemåtar, ulike religiøse syn og ulike politiske syn. Kampen mellom dei ulike syna er i følge Bilgiç (2000) dynamikken som driv samfunnet fram. I mange innvandarkulturar manglar denne offentlege debatten og få personar sit med "fasiten" på korleis ein skal leve. Slik kan det oppstå problem. Lærarar, barnevernet og andre tilsette i kommunen opplever at dei ikkje har autoritet over religiøse leiarar, dei eldste i familien og liknande. Dermed kan det bli vanskeleg å gjere ein jobb som eigentleg er meint for å leggje forholda betre til rette for innvandrarakane. Innvandarkulturen er stillestående medan den norske kulturen er i endring. Det er her konflikten oppstår, meiner Bilgiç (2000) og nemner homofilidebatten som eit døme.

2.2.6 Problem med diskriminering og stigmatisering

Nilsen (1999) fortel om samtalan sine med ei kvinnegruppe samansett av minoritetskvinner. Kvinnene hadde opplevd mykje verbal, men også fysisk trakkasering.

Ein del naboar let konsekvent vere å helse på dei, enno dei helste først. Andre norske naboar ville ikkje ta heisen med innvandrarkvinnene, og kommanderte dei ut av heisen fordi dei ville ta han alleine, enno det var plass. Ei kvinne hadde opplevd å få skittent vaskevatt i hovudet frå ei leande kvinne i vindauga i tredje etasje. Andre fortale om naboar som hadde kasta gjenstandar ned på barna som leika under balkongane. Fleire hadde fått vist fingeren, eller vorte spytta på utan provokasjon. Det var heller ikkje uvanleg at framande eller naboar kom bort til dei og ba dei kome seg ut av landet, eller slutte å få så mange barn som øydela for dei etniske norske.

Nilsen (1999) er av den oppfatning at desse episodane forma ein skepsis blant kvinnene til nordmenn. Den angsten og ubehaget som dei opplevde i møte med rasistiske naboar og andre, var med å forme haldningane deira til nordmenn generelt. Likevel, det var fleire i undersøkinga som oppdaga nordmenn sine gode sider også.

Slik jeg forstår kommunikasjonen mellom kvinnene og majoritetsbefolkningen utviklet den seg ved at noen få, ytterst få, representanter for majoritetsbefolkningen oppførte seg avvisende og i noen tilfeller direkte trakkaserer kvinnene og deres familier. Kvinnene på sin side generaliserer sine opplevelser av majoritetsbefolkningen ut frå de ubehagelige opplevelsene, og forholder seg til alle, som om de skulle være potensielle rasister (Nilsen, 1999, p. 141).

Fleire forskarar har påpeikt at massemedia har spelt ei delaktig rolle i å skape eit negativt bilete av ikkje-vestlege innvandrarar (Hernes & Knudsen, 1990; Hylland Eriksen, 1995; Lindstad & Fjeldstad, 1999, 2005; Næss, 2003). Integreringsbarometeret 2006 (IMDi, 2007a) viser til at nordmenn med lite kontakt med innvandrarar, hentar informasjon frå media. Den same undersøkinga fortel oss at eit fleirtal i folket meiner media gir eit skeivt bilete av innvandrarar. Hernes og Knudsen (1990) sine undersøkingar viser at media i form av fjernsyn, radio og aviser dominerer som kjelder frå kor nordmenn hentar sin informasjon av innvandrarar.

Næss (2003) og Lindstad og Fjeldstad (1997) peikar på ein del feil media gjer i samband med innvandrarar. Innvandrarar opptreer nesten berre som kjelder når nyhenda handlar om saker som rettar negativt fokus på innvandrarane. Innvandrarar er sjeldan eller aldri å sjå

som kjelder og som ekspertar i andre saker i nyhendsbiletet. I ein nyare publikasjon av Lindstad og Fjeldstad (2005) derimot, viser forfattarane til ein tendens til at dette er i endring. Stadig fleire innvandrarak har blitt normaliserte og opptrer som aktørar eller kjelder i saker som ikkje dreier seg om innvandringsspørsmål. Framleis glimrar dei ikkje-vestlege med sitt fråvær i økonomi- og næringslivssaker, men i sport og kulturstoff er det ikkje lenger uvanleg med innvandrarak som kjelder, utan fokus på det framande med dei, men på kunnskapane dei set på.

Innvandrarak opplever at media stiller dei til ansvar for handlingar gjort av kriminelle med same landbakgrunn gjennom ordbruken journalistane nyttar seg av. Medan kriminelle nordmenn blir framstilt som enkeltindivid, føler innvandrarakane at media framstiller dei som ei gruppe, ved å til dømes kalle to gjerningsmenn med vietnamesisk bakgrunn for "vietnamesarane", som om alle vietnamesarar i landet er skuld i ugjerninga. På same måte skildrar media kriminelle nettverk innafor dei ulike gruppene på måtar som får det til å verke som om alle frå denne gruppa er medlem i eller truga av nettverket (Lindstad & Fjeldstad, 1999). På same måte vert ein nordmann som drep (eks) kone og barn karakterisert som ein avvikar, og saka som ein familietragedie. Skjer det same i ein innvandrarfamilie, har far utført eit æresdrap og heile kulturen og religionen hans hamnar på tiltalebenken (Lindstad & Fjeldstad, 2005).

2.2.7 Problem med isolasjon og manglande kontakt mellom gruppene

I ei levekårsundersøking frå 1996 svarte fire av ti innvandrarak at dei ofte eller av og til var einsame. To av ti nordmenn svarte det same. Enkelte grupper viste seg å vere meir einsame enn andre. Heile 50 % av iranarane og somaliarane i landet følte det slik (Blom & Rittland, 1997 i Nilsen, 1999). Den same undersøkinga viser at seks av ti innvandrarak meiner dei har (minst) ein god norsk ven.

2.3 INTRODUKSJONSPROGRAMMET

I 2004 kom lova om rett og plikt til introduksjonsprogram for nytilflytta innvandrarak. Året etter, frå og med første september, vart lova utvida til rett og plikt til opplæring i

norsk og samfunnskunnskap (Kommunal- og regionaldepartementet, 2005). Gjennom faste tider i ei vanleg arbeidsveke skal flyktningane lære norsk og samfunnsfag, samt delta på kurs som kan førebu dei på arbeidslivet eller vidare studium. Innunder denne arbeids- og læringsveka står det mange stader eit tilbod om å bruke tida med ein flyktningeguide eller andre integreringstiltak i regi av frivillige organisasjonar.

Lova gjeld personar mellom 16 og 67 år der dei mellom 55 og 67 år ikkje har plikt, berre rett. Deltakarane i introduksjonsprogrammet vert løna av kommunen med 121.398kr året, skattepliktig. Dei under 25år har berre rett på 2/3 av dette, men i Bergen får dei under 25år som bur alleine eller er einslege forsørgjarar, full løn (MOKS, 2005). Dei nyttilflytta flyktningane har altså rett og plikt til å delta i 250 timar med norskundervisning og 50 timar med samfunnsfagundervisning, som normalt skal gjennomførast innan to år. Dei som klarer seg godt kan sleppe unna med mindre, medan dei som slit med å lære kan få gitt løyve til fleire timar. Lova inneber at det skal utviklast ein individuell plan for kvar deltakar. Planen kartlegg kvalifikasjonane undervegs og set mål for deltakaren. Det er tilrådd av lovforslaget at kvar kommune (som har ansvaret for gjennomføringa av introduksjonsprogrammet) tilset kontaktpersonar som kvar har ansvar for ei gruppe flyktningar. Dermed treng dei nye landsmennene berre forholde seg til ein person, og ikkje mange ulike slik som før (Kommunal- og regionaldepartementet, 2005).

Lova fører med seg den konsekvensen at kommunane blir bedne om å prioritere småbarn av foreldre i introduksjonsprogrammet til barnehageplassane (Kommunal- og regionaldepartementet, 2005). Når foreldra er pliktig til å delta i programmet, kan dei ikkje vere heime med barnet samstundes. Bilgic (2000) understrekar kor viktig barnehage er for integreringsarbeidet. I barnehagen lærer innvandrarbarna norsk før dei startar skulen, og stiller dermed langt betre rusta til å klare seg fint på skulen. I barnehagen lærer også barn, både norske og innvandrarak, at små ytre ulikskapar ikkje betyr noko.

2.3.1 MOKS

I Bergen er det MOKS (mottaks- og kompetansesenteret for integrering av innvandrarak og flyktningar) som har ansvaret for gjennomføringa av introduksjonsprogrammet. I

tillegg jobbar MOKS med mottak og busetjing, tolketenester, kompetanseutveksling og haldningsskapande arbeid (MOKS, 2005). I Bergen er det (Nye) Nygård Skole som tek seg av all norsk- og samfunnsfagundervisning, samt grunnskule for ungdom og vaksne. Barn under 16 kan velje sjølv om dei vil starte på vanleg norsk skule eller gå på Nygård. Som tilrådd er det tilsett 12 kontaktpersonar i MOKS. Desse har kvar ei gruppe med flyktningar som dei skal følgje opp.

2.4 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR

Nokre organisasjonar har greiner som jobbar direkte mot flyktningar eller innvandrarar generelt, andre har arbeid som kan gjere godt for både nordmenn og flyktningar. Under presenterer eg dei frivillige tiltaka eg kjenner til som driv arbeid til nytte for integrering av flyktningar og innvandrarar. Ikkje alle følgjer avgrensingane mine til punkt og prikke, men alle fortener å bli nemnd. Eg legg mest vekt på tiltaka eg studerer seinare i oppgåva; nemleg Flyktningeguiden og Ada

Mykje av informasjonen under er henta frå egne erfaringar, førespurnader over e-post og frå intervju mine. Eg vil difor ikkje vise til kjelder for alle tiltaka eg skildrar.

Informasjonen om Ada har eg henta i stor grad frå ein rapport frå HEMIL-senteret av Mortensen og Fosse.

2.4.1 Raude Kross

Raude Kross har ei rekkje tilbod som folk med flyktninge- eller innvandrarbakgrunn kan dra nytte av. Mykje av arbeidet er retta direkte inn mot flyktningar, andre tiltak er opne for folk av alle slag.

2.4.1.1 Raude Kross Flyktningeguiden

Å vere flyktningeguide handlar om å lære bort og å vise flyktningane dei tinga dei ikkje får kjennskap til gjennom offentlege tenester. Det handlar om å ha nokon å praktisere språk saman med, ein som kan lære bort sosiale kodar og som kan hjelpe til med å få oversikt over kva aktivitetar og tilbod som fins i nærmiljøet.

Ein flyktningeguide møter flyktningen sin i gjennomsnitt eit par timar i veka. Raude Kross arrangerer også mange sosiale arrangement som flyktning og guide kan ta del i, slik at dei ikkje stadig må finne på aktivitetar på eigenhand. Forholdet varar i eit år og etter avslutta tid med faste møte, skal flyktningen ideelt sett ha opparbeidd eit sosial nettverk. Flyktningeguiden jobbar frivillig.

Flyktningeguiden starta opp i Bærum kommune i 1999. I dag finn du Flyktningeguiden i nærare 100 kommunar i Noreg. I Bergen kom Flyktningeguiden i gang i 2001. Her i kommunen samarbeider MOKS med Flyktningeguiden. MOKS opplyser om tilbodet og melder frå til Raude Kross om menneske som ønskjer ein guide. Dette blir då ein del av flyktningane sin faste timeplan og ein obligatorisk aktivitet under introduksjonsprogrammet.

Dei MOKS-tilsette og aktivitetskoordinatoren i Raude Kross fortalte meg om korleis samarbeidet mellom dei fungerte. Kontaktpersonane i MOKS som jobbar med flyktningane i introduksjonsprogrammet opplyser om Flyktningeguiden til alle dei meiner passer inn. Kontaktpersonane er så, i dei fleste tilfelle, med flyktningen til Raude Kross for intervju. Intervjuet må til for å vite litt om flyktningen, slik at ein kan finne best mulig ”match” i ein guide. Når Raude Kross har funne ein aktuell guide til flyktningen, er kontaktpersonen ofte med på det første møtet mellom koplinga i Raude Kross sine lokal. Oppstår det eit problem med koplinga, samarbeider ofte Raude Kross og kontaktpersonen om å finne ei løysing på problemet. Aktivitetskoordinatoren i Raude Kross si stilling blir delfinansiert av kommunen ved MOKS.

Flyktningeguiden i Bergen har samarbeidd med MOKS frå dag ein. Slik er det også i resten av landet. Alle kommunar der Flyktningeguiden eksisterer, blir prosjektet utført i samarbeid med kommunen. Dette kan vere frivillighetssentralen, flyktningekontoret eller andre kommunar sine MOKS.

2.4.1.2 Oppfølgingstenesta til Raude Kross Flyktningeguiden

Etter avslutta tid som flyktningeguide, fekk eg tilbod om å jobbe frivillig med ei ny ordning som så vidt hadde starta opp. Ordninga går ut på at frivillige følgjer opp koplingar i Flyktningeguiden ved å ringe både guide og flyktning tre gongar i året og høyre korleis det står til. Dette gir begge ein sjanse til å fortelje om små eller store problem, eller gje positive tilbakemeldingar. Terskelen for å kontakte Raude Kross om noko er som oftast større enn terskelen for å fortelje om noko når Raude Kross kontaktar deg og spør.

2.4.1.3 Raude Kross Leksehjelpen

Leksehjelpen er eit tilbod for alle skuleelevar, men Raude Kross har også ei eiga gruppe for elevar ved Nygård Skole, der elevar under norskopplæring går. Her vert det arrangert ei gruppe for dei frå 13-15 år og ei for dei mellom 15 og 30.

I tillegg til dette finst det også ei eiga leksehjelpgruppe for deltakarar på "Ny Sjanse". Det finst også eit tilbod til vaksne innvandrarakalla "Norsktrening vaksne innvandrere". Det begynte med at pensjonistar (mange pensjonerte lærarar) gjerne ville hjelpe eldre innvandrarakalla med å lære språket. Dei knytte seg etter kvart til Raude Kross. Å få eldre innvandrarakalla til å delta, var ikkje like lett, så tiltaket vart utvida til å gjelde alle vaksne, ikkje berre eldre. "Lærarane" er heller ikkje berre pensjonistar lenger.

2.4.1.4 Multimix

Multimix er ei fleirkulturell ungdomsgruppe som møter kvarande kvar veke på Raude Kross-huset i Bergen. Om lag halvparten av deltakarane er norske, medan den andre halvparten har bakgrunn frå fleire ulike land. Gruppa arrangerer ulike aktivitetar og turar som også er opne for andre enn deltakarane i Multimix (Røde Kors Hordaland, 2008).

2.4.1.5 Rollespelet: På Flukt

Ein del av å det å jobbe med integrering handlar om å spreie informasjon til majoriteten. Raude Kross Ungdom har difor arrangert eit rollespel der ungdom skal få ein sjanse til å

føle på kroppen kva flyktningar har gjennomgått. Tiltaket er til for å skape forståing og toleranse, og å motkjempe rasisme og framandfrykt.

I 24 timar får deltakarane ei forenkla, men realistisk, oppleving av å vere på flukt. Arrangøren Raude Kross Ungdom spelar roller som byråkratar, grensevaktar og andre hindringar, medan ungdomane er delt opp i familiar som skal prøve å flykte til Noreg. Rollespelet inneber lite mat og søvn og mykje vandring fordelt på fluktetappar. Tiltaket er ein dansk ide, og gjennom ti år har over 20 000 ungdomar delteke i Noreg (Røde Kors Ungdom, 2008).

2.4.2 Kyrkjjas Bymisjon – Nærmiljøprosjektet Ada

Nærmiljøarbeidet Ada har mange gode tiltak til småbarnsfamiliar som også er bra for innvandrarfamiliar å nytte seg av. Ada består av fire tiltak. Home-Start Familiekontakten, Bamsehiet, Empo og Open barnehage. Ada jobbar etter prinsippet om empowerment, som, slik eg har omtalt før, kan oversetjast med myndiggjering eller styrking.

MOKS har ingen formelle avtaler med Kyrkjjas Bymisjon, og ingen faste tiltak. Tidligere har deltaking i kvinnegruppa Empo vore mogleg å implementere i introduksjonsprogrammet. I dag samarbeidar Bymisjonen med kommunen om integrering av flyktningar, men ikkje med MOKS. Ny Sjanse sender sine brukarar ut i arbeid- og språkpraksis til Bymisjonen sin Kafé Magdalena.

Forholdet mellom Bymisjonen og MOKS er slik i dag at MOKS gjerne samarbeider med bymisjonen om dei har eit bra tiltak å kome med. Om Kyrkjjas Bymisjon ønskjer å halde ei gruppe for og hjå MOKS, kan dette ordnast. Det er også opent for å gjere individuelle avtalar i introduksjonsprogrammet, slik at tiltak Bymisjonen driv med kan leggest inn i introduksjonsprogrammet om ein klarer å lage ein god avtale på det.

2.4.2.1 Open barnehage

Open Barnehage er ein sosial møtestad for barn og foreldre på dagtid. Tiltaket starta opp i 2001. Det inneber at foreldra med barn sjølv kan kome og gå når det passar innanfor opningstidene. Barnehagen blir leia av ein førskulelærer og frivillige medarbeidarar. Alle

foreldra har ansvar for barnet sitt, samt å halde auge med dei andre barna. Det kostar 20 kroner per unge, med rabattar for eventuelle søsken. Betalinga inkluderer lunsj og drikke. I Bergen finst det fire opne barnehagar (Mortensen & Fosse, 2006).

2.4.2.2 Bamsehiet

Bamsehiet starta opp i 2004 og er eit tilbod lik Open Barnehage, men på ettermiddags- og kveldstid, samt enkelte helger. Det er eit avlastingstilbod for familiar og einslege forsørgjarar med lite nettverk. Foreldra kan jobbe seg opp rett til avlasting. Fem timar innsats gjer rett til fem timar avlasting, der du kan levere barnet i frå deg. Dette vert avtalt individuelt mellom foreldre og pedagogisk leiar (Mortensen & Fosse, 2006). Det var tidlegare mogleg å overnatte i Bamsehiet om helgane, men dette tilbodet gjekk ut grunna manglande godkjenning i følgje verksemdleiaren for Ada. Den pedagogiske leiaren driv barnehagen saman med frivillige medarbeidarar og dei frammøtte foreldra

2.4.2.3 Home Start Familiekontakten (HSF)

HSF er eit tiltak for familiar med minst eit barn under skulealder. Det er eit internasjonalt prosjekt med erfaringar frå mange land. HFS sender ut ein kursa frivillig på heimebesøk til familiar som treng litt ekstra hjelp for å få hjula til å gå rundt. Den frivillige har sjølv foreldreerfaring eller erfaring med arbeid med barn. HSF har også eit eige tilbod for familiar med funksjonshemma eller kronisk sjuke barn. Familiar over heile Bergen kan søke om dette, medan den andre delen av HSF berre gjeld familiar i bydelane Årstad, Bergenhus og Laksevåg.

Ideologien bak prosjektet er at den frivillige og familien skal vere likeverdige, det er rett og slett foreldre som støttar andre foreldre. Bymisjonen forklarar behovet for opplegget ved å vise til at stadig fleire er på flyttefot og mange manglar eit støttande nettverk. Mange er også aleine om omsorga for barna sine. Organisasjonen ønskjer å lette byrda for småbarnsfamiliar. Familiekontakten kan tilby praktisk hjelp, avlasting eller venskap. Eit fleirtal av brukarane er innvandrarar. Familiekontakten kan då hjelpe til i omstillingsfasa og tilpassinga til det norske samfunnet.

Ordninga med ein slik familiekontakt er bindande, og det vert skrive kontrakt om kva familiekontakten skal hjelpe til med. Familie og familiekontakt møter kvarandre ein gong i veka, to til fire timar. Sjølve ordninga vert leda av ein koordinator som set i gang koplingar og følgjer opp og kursar dei frivillige (Mortensen & Fosse, 2006)

2.4.2.4 Empo

Empo er eit tilbod til innvandrar- og flyktningekvinner, både med og utan barn. Tilbodet starta opp i 2005 og namnet kjem av empowerment. Empo ønskjer at deltakarane skal realisere sine ressursar, utvide nettverket sitt, oppleve meistring og få auka sjølvkjensle.

Empo starta opp som ei kvinnegruppe der innvandrar kvinner kunne treffast for å prate saman, dele eit måltid og gjere litt handarbeid. På gruppa må alle snakke norsk, noko som gjer kvinnene høve til å praktisere språket. Sidan starten har fleire nye prosjekt og grupper kome fram i tillegg til kvinnegruppa. Empo er stadig i utvikling, og nye grupper dukkar opp om behovet oppstår. I dag finn me følgjande grupperingar innafor Empo:

- Empo sin eigen kafé: Kafé Magdalena der deltakarar i Ny Sjanse kan kome på språk- og arbeidspraksis
- Språkgrupper for mor og barn
- Somalisk laurdagstreff
- Somalisk rådgjevingsteneste
- Foreldreretteiingsgrupper
- Persisk-norsk morsmålsgruppe
- Tamilsk leksehjelp
- Kurs mot tvangsekteskap og kurs i førebygging av kvinnelig omskjering.

I tillegg til dette er det opent for at kvinnene i Empo kan starte opp kurs i noko dei har kompetanse på. For tida vert det helde kurs i babymassasje, og matlagingskurs er ein gjengangar. Deltaking i Empo fører for nokre kvinner til tilsetjing. Det å bli tilsett i Empo kan vere eit skritt mot det ordinære arbeidslivet.

2.4.3 Redd Barna

Redd Barna organiserer over heile landet grupper som tek asylsøkjjarbarn med på ulike aktivitetar. Organisasjonen ser på dette som eit supplement til det offentlege tilbodet der det offentlege tilbode ikkje strekk til. Frivillige er godt egna til slikt arbeid av di dei er kjend i nærmiljøet. Artikkel 31 i Barnekonvensjonen handlar om at alle barn har rett til leik og fritid Sjølv sagt for norske barn, ikkje så sjølv sagt for barn på asylmottakk. Difor jobbar Redd Barna for at asylsøkjjarbarna skal få leike og vere med på aktivitetar. Redd Barna ønskjer også med dette arbeidet å skape band mellom asylsøkjjarbarna og norske barn i nærmiljøet (Redd Barna, 2008).

Hausten 2007 starta Redd Barna eit pilotprosjekt som skulle jobbe med integrering av busette flyktningebarn. Arbeidet starta opp i Oslo, Trondheim, Kristiansand og Tromsø, i tillegg til Bergen. Bakgrunnen for at eit slikt prosjekt starta opp var at flyktningebarn, eller ikkje-vestlege barn, i langt mindre grad enn etniske nordmenn deltok på organiserte aktivitetar på fritida, og få hadde norske vener. Medan foreldra får ulike tilbod gjennom inroduksjonsprogrammet, vert barna plassert på skule og får lite oppfølging utanom dette.

I Bergen fungerer det nye tiltaket slik at nyleg busette flyktningefamiliar får ein frivillig støttespelar som har særleg fokus på å få barna inn i fritidsaktivitetar i nærmiljøet. Støttespelaren kan undersøkje aktivitetstilbodet, opprette kontakt med leiarar og være med barna til dei er etablerte i aktiviteten. I tillegg kan støttespelaren forklare kva som blir venta av dei som foreldre i form av kontingent, utstyr og oppfølging av barna sine. Støttespelaren kan også hjelpe til med å oversetje informasjon barna får frå skulen, gjerne også invitasjonar til fødselsdagar. Den frivillige kan skape god kontakt til lærarane og kan følgje barna til etablert leksehjelp. På mange måtar minner tiltaket om HSF, men med fokus på å inkludere barna i nærmiljøet sitt.

Ordninga varer frå 4-6 månadar, men det er fullt mogleg å halde kontakten etter dette. Kvar familie får to støttespelarar, slik at ikkje ein sit med alt ansvaret. Tiltaket er i startfasen endå, og kom først skikkelig i gang på nyåret 2008. I prøveperioden er det berre kapasitet til fem involverte familiar. Redd Barna håper dei kan utvide til hausten.

2.4.4 Flyktningehjelpen

Flyktningehjelpen driv ikkje integreringsarbeid på same måte som organisasjonane over, men legg vekt på å spreie informasjon om flyktningsituasjonen og opplevingane til menneske på flukt. Kurs og føredrag vert halden for skular, menneske som jobbar med flyktningar, politiske parti og så bortetter. Organisasjonen har eit informatørkorps på rundt 70 personar med erfaring frå arbeid med flyktningar verda rundt (Flyktningehjelpen, 2008).

2.4.5 Multinasjonalt Kvinnefellesskap

Multinasjonalt kvinnefellesskap (MKF) er ei nettverksgruppe som sidan 1998 har arbeida målretta mot eldre innvandrar kvinner i Bergen. Organisasjonen arrangerer samankomstar, turar og opne kulturarrangement. Gjennom Multinasjonalt Kvinnefellesskap får kvinnene kjennskap til tema som helsevesenet, alderdom, arbeid og utdanning, godkjenning av utdanning frå heimlandet, kommune og stortingsval i eit innvandringsperspektiv og så bortetter (BIKS, 2008). Leiar for MKF, Solveig Sandalsnes, vann i 2008 Bergen Kommune sin likestillingspris for dette arbeidet og anna frivillig arbeid ho er engasjert i (Lunde, 2008).

2.4.6 New Page

New Page driv førebyggjande ungdomsarbeid og samarbeidar tett med barnevernet om oppfølging og relasjonsarbeid med utsett ungdom. Arbeidet er ikkje spesielt retta mot innvandrardom, men kompetansen på området er god. Organisasjonen reiser også rundt med ulike foredrag for å heve kompetansen til aktuelle tilhøyrarar. New Page kom i gang i Bergen i 2000, og har sidan dette starta opp greiner i andre norske byar (New Page, 2008)

2.4.7 Norsk Folkehjelp

Eg kontakta Norsk Folkehjelp etter at ein skilde av kontaktpersonane på MOKS nemnde organisasjonen som ein MOKS hadde kontakt med tidlegare. Svaret eg fekk var at dei ikkje dreiv direkte integreringsarbeid, men hadde fokus på det fleirkulturelle samfunnet og majoritets- og minoritetsperspektivet. Mykje av arbeidet gjaldt antirasisme, der

målgruppa var etnisk norske. Tilfeldigvis las eg lenge etter dette på ny nettsidene til organisasjonen (Norsk Folkehjelp, 2008). Der fann eg ulike tiltak retta mot integreringsarbeid. Mellom anna har dei eit program kalla InnvandrerKvinnerKan, der målet er å gjere innvandrarkvinnene meir synleg i samfunnet gjennom å gje opplæring i likestillingspolitikk, debatt- og forhandlingsteknikkar og liknande. Programmet er eit samarbeidsprosjekt med Arbeidarpartiets Kvinnenettverk, Fagforbundet og Norsk Folkehjelp.

Folkeven er eit anna prosjekt Norsk Folkehjelp, i følgje nettsidene, jobbar med. Etter nettsidene heiter det at målet for organisasjonen er å bli den inkluderande frivillige organisasjonen i Noreg. Prosjektet er retta mot både flyktningar i mottak, busette flyktningar, innvandrarak og etterkommarar. Folkeven handlar ikkje om at me skal gjere noko for dei, men at frivillige deltakarar og innvandrardeltakarar skal møtast og arrangere aktivitetar saman. Ingen rettleiar den andre, alle er likestilte vener. I tillegg til dette, og det antirasistske arbeidet, har lokallag ulike grupper og aktivitetar for og med menneske med innvandrarakgrunn.

2.4.8 Sjølvhjelp for innvandrarak og flyktningar

Sjølvhjelp for innvandrarak og flyktningar (SEIF) hjelper innvandrarak og flyktningar med alt frå papirarbeid og å finne fram i det offentlege systemet, til personlege problem knytte til det å vere framand i samfunnet. SEIF jobbar også mot kjønnslemlesting og tvangsekteskap (SEIF, 2008).

3 METODE

Eg har nytta meg av ulike metodar for kvalitativ datainnsamling i denne oppgåva. Grønmo (2004) forklarar at ein grov måte å skilje mellom kvalitative og kvantitative data er at kvantitative data vert uttrykt i tal eller mengder som mange/få og fleire/færre. I kvalitative data nyttar ein ikkje slike termar, difor presenterer eg ikkje ulike syn på saker i mengder, men slår fast at det finst ulike standpunkt. Unnataket blir når eg refererer til statistikk frå anna litteratur, eller når eg uttaler at alle dei *spurte* var samd i ei sak.

Semistrukturert intervju nytta eg då eg snakka med dei som jobbar med flyktningar og dei som jobbar i frivillige organisasjonar. Fokusgruppe blir rekna for ein godt eigna metode for å snakke med minoritetsgrupper (Pardilla, 1993, Jarret, 1993 i Brandth, 1996), ettersom metoden kan ha ein mobiliserande og bevisstgjerande effekt på minoritetane. Dette, og sparing av tid, gjorde at valet fall på fokusgruppe då eg skulle intervju flyktningar med guideerfaring. E-post og telefon har også vorte nytta for enkelte spørsmål i ettertid. I tillegg til dette kjem egne observasjonar og erfaringar frå frivillig arbeid eg sjølv har teke del i.

3.1 RAPPORTAR EG HAR NYTTA MEG AV

I samband med oppgåva, kom eg over to veldig relevante tidlegare undersøkingar. Desse har eg nytta flittig i oppgåva, og difor er det på sin plass å introdusere dei nærare før eg i påfølgande delkapittel vil skildre sider ved respondentane i den eine av desse undersøkingane under overskrifta ”Utvalet”.

Empowerment i praksis – Evaluering av Kirkens bymisjons nærmiljøarbeid- Ada

Denne rapporten av Mortensen og Fosse frå 2006 er ei evaluering av Nærmiljøprosjektet Ada som Stiftinga Kyrkjias Bymisjon (SKKB) driv. Det var SKKB som sjølv tok kontakt med HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen for å undersøke moglegheitene for å bli

evaluert. Med støtte frå Barne- og familiedepartementet og Unifob helse, vart prosjektet sett i gang.

Til saman har 113 brukarar svart på eit spørjeskjema. Berre ti av desse var menn. Deltakarar i Open Barnehage sto for 75 av svara, Bamsehiet for 15, HSF for 18 og Empo for 25 svar. Enkelte av dei som har svart deltok på fleire tiltak, difor overgår summen av tala 113. Forfattarane har vanskar med å sei svarprosent eksakt, ettersom deltakarane på Ada ikkje er registrert. Ei samla vurdering konkluderer likevel med at informantane reflekterer brukargruppa godt. Tilfeldig utvalte deltakarar på kvart av Ada-tiltaka har også vorte dybdeintervjua. Etter rapporten kom ut i 2006, har det skjedd endringar i tilboda. Mellom anna har informasjonsflyten mellom tiltaka i Ada vorten betre, ettersom rapporten påpeiker at kunnskapen om andre tiltak i Ada blant deltakarane av eit, kunne vore betre.

Rapporten er full av gode tilbakemeldingar og dei aller fleste i utvalet har merka ein positiv effekt av deltakinga. Dette vil eg seinare vise til.

Integreringsbarometeret 2006

Integreringsbarometeret er ei årleg undersøking gjort på oppdrag for IMDi (Integrerings- og mangfaldsdirektoratet) av Synovate MMI. Sjølve teksten i rapporten er skriven av IMDi.

Undersøkinga Integreringsbarometeret starta opp i 2005. Dette året vart utvalet trekt ut frå telefonkatalogen og kontakta via telefon. Dei som samtykka til deltaking, fekk eit spørjeskjema i posten. Av dei oppringde i 2005, takka 1200 personar, eller 64 prosent ja til å svare på spørjeskjemaet. I 2006 vart utvalet trekt ut frå folkeregisteret med påfølgjande brev i posten. Nokon færre, 948 personar eller 39 prosent, svarte på undersøkinga dette året.

Målet med barometeret er å kartleggje og følgje utviklinga i haldningar og meiningar til folket som eit heile, og for enkeltgrupper. I føreordet vert det understreka at undersøkinga

ikkje bør brukast som slutningsgrunnlag alleine, og IMDi oppmodar forskarar, kunnskapsmiljø og andre til å analysere materialet vidare.

Rapporten som kom ut i 2007, tek for seg statistikk henta inn frå året før. Me finn ei liknande undersøking i Sverige, og spørsmåla i det norske integreringsbarometeret er mykje dei same som i Sverige. Rapporten samanliknar enkelte funn med tal frå Sverige. Dette har ikkje eg teke omsyn til. Rapporten har ein del betringar frå året før. Mellom anna er delen av personar med innvandrarbakgrunn som er representert tilnærma lik delen innvandrarar i Noreg. Året før var berre halvparten så mange med innvandrarbakgrunn teke med.

Nokre av dei mest sentrale funna frå undersøkinga er følgjande:

- Eit fleirtal meiner integreringsarbeidet går dårleg.
- Skepsisen mot muslimske innvandrarar er aukande frå året før.
- Folk er i aukande grad villig til å hjelpe innvandrarane inn i samfunnet.
- Fleire enn året før meiner landet treng arbeidsinnvandring, også frå utanomeuropeiske land.
- Meir enn sju av ti i utvalet har kontakt med fleire enn to innvandrarar.
- Kontakt med innvandrarar påverkar folk meir positivt enn negativt.
- Utvalet er meir open for at Noreg skal ta i mot fleire flyktningar enn dei er for at heimkommunen skal ta i mot flyktningane.
- Ni av ti meiner diskriminering hender, og fem av ti har vore vitne til dette. Eit fleirtal meiner likevel at Noreg ikkje er eit rasistisk samfunn.
- Fem prosent deltek i frivillige organisasjonar som hjelper innvandrarar med å etablere seg i samfunnet. Tre av ti kunne tenke seg å hjelpe.

3.2 UTVALET

Dette delkapittelet vil gi bakgrunnsinformasjon om utvalet mitt og fortelje om korleis eg fan fram til dei enkelte.

3.2.1 Aktivitetskoordinatoren for Flyktningeguiden

Eg kom ikkje utanom å intervjuje den i Raude Kross Bergen som organiserer ordninga Flyktningeguiden. Her var det berre ein person å velje mellom, og eg kunne difor ikkje gjere eit tilfeldig utval.

Ein aktivitetskoordinator i Raude Kross jobbar med å skape koplingar mellom guide og flyktning. Det er MOKS som kjem med dei aller fleste flyktningane til programmet. Det blir då aktivitetskoordinatoren sin jobb å kople denne flyktningen med ein guide som passar best mogleg med omsyn til kjønn, alder, sivil status, yrke/utdanning og interesser. Det hender interesserte sjølv tek kontakt med Raude Kross. Dette er gjerne flyktningar som kjenner andre i programmet og gjerne vil prøve sjølv. Koordinatoren følgjer opp koplinga etter avslutta tid og informerer om aktivitetar i regi av organisasjonen.

3.2.2 Kontaktpersonane og andre tilsette i MOKS

Då eg skulle intervjuje kontaktpersonar i MOKS let eg arbeidsplassen sjølv stå for utveljinga etter ”første mann til mølla”-prinsippet. Dei som kunne den aktuelle dagen og var rask nok til å skrive seg på ei liste, vart mine intervjuobjekt. På enkelte av spørsmåla mine blei eg fortald at dette var det andre som visste meir om. Eg tok difor kontakt med ein av dei som jobba opp mot frivillige organisasjonar og avtalte eit intervju med denne personen. Då eg stilte enkelte av dei same spørsmåla til denne personen også, vil eg ikkje skilje mellom kontaktperson og andre tilsette i dei spørsmåla som gjeld alle.

I MOKS er det 12 kontaktpersonar eller integreringskonsulentar. Alle med dei same oppgåvene. Eg intervjuar seks av desse. Kontaktpersonane var i stor grad folk som hadde jobba med flyktningar sidan ”tidenes morgon”, då det først starta å kome bølger av flyktningar til landet. Kvar kontaktperson har ansvaret for individuell oppfølging av ein stad normalt mellom 20 og 30 flyktningar.

Ein kontaktperson har mange oppgåver, men viktigast er å leggje til rette for flyktningar med opphaldsløyve og sørge for at alt som treng gjerast blir gjort. Dette inkluderer:

- Å ta i mot flyktningar reint fysisk på flyplassen, togstasjonen og liknande.

- Å hjelpe til med å busetje dei same flyktningane (finne bustad og gjerne vere med å kjøpe dei første møblane).
- Å forklare lovar og rettar ved sjølve introduksjonsprogrammet og å gjennomgå kontraktforhaldet saman med ein tolk.
- Å registrere flyktningane på skule og ulike opplæringsprogram.
- Å hjelpe til med alle skjema flyktningen må fylle ut.
- Å sørge for at flyktningen kjem seg til obligatorisk helsesjekk.
- Å opprette kontakt med ulike instansar (skule, helseteneste, politi osv). Seinare må også kontakt med NAV opprettast.
- Å utforme ein individuell handlingsplan for kvar enkelt flyktning som skal rekke over dei to åra flyktningen normalt er i introduksjonsprogrammet.
- Ta i mot flyktningen på kontoret når han ønskjer det, og ellers innkalle til møter for å evaluere situasjonen så langt.

Ein kontaktperson jobbar også mykje med saksbehandling, med å lage økonomiske vedtak og med å føre fråvær etter rapportar dei får frå skule og anna.

Eg intervjuar nettopp kontaktpersonane fordi det er dei som kjenner flyktningane best, og det er dei som best kan uttale seg om det er noko ulikskap mellom flyktningar med guide og dei utan guide. Flyktningane sjølv kan fortelje kva nytte dei har hatt av guidinga, men dei kan vanskeleg konkludere med korleis det hadde vore om dei ikkje hadde fått seg guide. Min tanke var at kontaktpersonane med erfaringar med mange flyktningar, både guida og u-guida, ville kunne dra fleire moglege konklusjonar.

Eg spurte alle kontaktpersonane om kor mange av desse 20-30 som hadde guide. Svara eg fekk, fortalte meg at det var ganske få. To kontaktpersonar talde sju personar med guide. Andre hadde berre eit par med guide. Dette varierte litt med tida, og enkelte hadde hatt eit større tal tidligare, så alle hadde hatt erfaring med guida flyktningar.

3.2.3 Kyrkjias Bymisjon

Etter å ha lese Mortensen og Fosse (2006) sin rapport om Ada prosjektet, sat eg att med mykje nyttig informasjon, men også nokre ekstra spørsmål. Difor ville eg også intervjuje verksemdsleiaren for Ada. Verksemdsleiaren har det overordna ansvaret for heile Ada prosjektet. Det inneber personalansvar, administrativt ansvar og økonomisk ansvar, samt å gjere alle dei tilsette gode.

Verksemdsleiaren kunne oppdatere meg litt på Ada i dag, samanlikna med Ada i 2006 då rapporten kom ut. Ho kunne også seia si meining, eller ”synse” litt, om effekten folk med innvandrarakgrunn opplever i alle tiltaka.

Verksemdsleiaren rådde meg til å ta ein prat med leiaren for Empo, då ho nok kunne svare betre på enkelte av spørsmåla mine. Eg kontakta Empo-koordinatoren og avtalte eit intervju.

Som leiar for Empo står koordinatoren for det overordna ansvaret for alle prosjekta innafor Empo. Tidligare, då Empo berre var ei kvinnegruppe, var koordinatoren med på møta og var leiar for dette prosjektet. Sidan har det kome fleire nye grupper til, og koordinatoren er no berre innom dei ulike gruppene og ikkje fast deltakar. Koordinatoren har ansvar for fem personar i Empo-staben.

Empo-koordinatoren kunne, som verksemdsleiaren, uttale seg om sitt syn på kva effekt arbeidet Empo gjorde hadde på innvandrarkvinnene. Mykje i Empo hadde utvikla seg sidan 2006, og dette kunne også koordinatoren fortelje meir om.

3.2.4 Flyktningar med guideerfaring

Som forklart tidlegare hadde eg ein del problem med å få skaffa deltakarar til fokusgruppene eg ville halde. Det enda til slutt godt og eg fekk beskjedar frå folk som gjerne ville delta. Eg ende opp med åtte kandidatlar. Dette var færre enn ønska og planlagt, men eg følte eg kunne ikkje vente lenger, då ingen hadde meldt si interesse på vel ei veke. Ein av dei åtte viste seg å ha minimalt med erfaring frå Flyktningeguiden, og slapp difor vere med i fokusgruppa. Etter ein ringerunde, der eg gav kandidatane to

aktuelle tidspunkt å velje mellom, fordelte dei seg i grupper på tre og fire personar. Eg valde å halde to små grupper framfor å finne ein ny dag der fleire kunne delta samstundes. Gruppene mine vart difor mindre enn tilrådd for fokusgrupper (Cameron, 2000), men eg følte likevel at det ville fungere til mitt føremål. Det kunne også vere ein fordel å ha få personar i gruppa, ettersom norskkunnskapane ikkje var på topp.

Deltakarane hadde vore i Noreg i mellom eit og fem år. Nokre var ferdige med koplinga si, andre hadde framleis guide. Ikkje alle hadde ei vanleg ein-til-ein kopling av same kjønn. Pseudonymet Vips hadde to guidar, ein mann og ei dame som var partnarar. Pseudonymet Mathilda hadde også to guidar, og delte desse to guidane med ein familie. Pseudonymet Gobo delte også sine to jenteguidar med ein ven. Pseudonymet Bober hadde vore svært uheldig med sine koplingar. Tre gonger hadde han hatt guide, og alle tre gongene ende koplinga etter om lag tre månader. Flytting og andre problem hadde vore årsakene.

Deltakarane mine var ungdomar i 20-åra eller vaksne med familie. Utvalet hadde bakgrunn frå tre til fire land. I gruppene var det opphavleg ei blanding mellom kjønna. Ruhe (1978, i Stewart, Rook & Shamdasani 2007) meiner grupper med blanding av kjønna er meir effektive enn reine kvinne eller mannsgrupper. Eg ende opp med å ha ei gruppe med blanding og ei med eit kjønn, ettersom ein deltakar frå den andre gruppa måtte trekkje seg.

3.2.5 Respondentar på HEMIL si undersøking av Ada-prosjektet

Ettersom undersøkinga om Ada-prosjektet omhandlar både nordmenn og innvandrarar og moglege flyktningar blant desse, vil eg prøve å samle den informasjonen som blir gitt om innvandrarane si deltaking i undersøkinga.

Eit spørjeskjema vart sendt ut til 113 brukarar, 35 prosent av desse var innvandrarar. Ser ein bort frå kvinnegruppa Empo, blir prosentdelen innvandrarar 16,7 prosent. Vidare får me oppgitt at:

- Tre av Empokvinnene nyttar seg av Open Barnehage også.

- To av elleve respondentar frå Bamsehiet er innvandrarakar.
- Ti eller åtte av atten brukarar i Home-start er innvandrarakar (rapporten seier først ti, seinare åtte).
- To av deltakarane på HSF deltar på Empo

Det vart også utført dybdeintervju med brukarar av kvart tiltak. Ein innvandrar frå Irak vart i denne samanheng beden om å kome med sine tankar om Home-start.

I kvinnegruppa Empo svarte 23 personar på spørjeskjemaet. Ein av desse var født i Noreg. I dybdeintervjua, vart to tilsette og to vanlege brukarar intervjuet. Dei tilsette var ein tidlegare brukar i ei 40 prosent stilling og ei aktiv kvinne frå somalisk kvinneforeining, som vart spurt om å jobbe på Empo. Dei tre andre kvinnene var også afrikanske.

3.3 PERSONVERN

Det var usikkerheit rundt behovet for å sende inn eit meldeskjema til NSD, ettersom datamaterialet mitt ikkje ville verte særleg sensitivt og det ikkje skulle opprettast personregister. For å vere på den sikre sida, sende eg likevel inn eit skjema og etter ei behandlingstid på om lag åtte veker fekk eg godkjent opplegget, så lenge eg følgde eit sett med retningslinjer.

Eg intervjuet både folk som yrkespersonar og folk som privatpersonar. Personar i eit bestemt yrke og med ein bestemt tittel kan ofte gjenkjennast på bakgrunn av opplysningar om dette. Eg nemner aldri namn på aktivitetskoordinatoren i Raude Kross og dei to tilsette i Kyrkjens Bymisjon, men det skulle ikkje vere vanskeleg å finne namna, ettersom det ikkje finst andre med desse stillingstitlane i Bergen. Det var difor naudsynt med ei godkjenning frå dei aktuelle om at dette var i orden. Dette innebar også at leiarane fekk tilbod om å lese tekst som omhandla intervjuet deira. Dette takka alle ja til. Dei tilsette i Bymisjonen hadde enkelte kommentarar til teksten, og eg gjorde på bakgrunn av dette nokre justeringar. Eg kom i skade for å setje feil tilsett ved ein påstand, som då personen

som ikkje hadde uttalt dette oppdaga. Det er vanskeleg å vite om eg sjølv ville oppdaga feilen ved gjennomlesing. Difor var det heldig at leiarane gjerne ville lese igjennom.

Eg rekna det ikkje som mogleg at utanforståande (lesaren) kunne spora svara frå kontaktpersonane i MOKS tilbake til person. Berre dei tilsette kontaktpersonane på MOKS, veit kva for seks personar som til slutt deltok på intervjuet. Berre eg veit kven som sa kva. I utvalet var det fem kvinner og ein mann. Dei ulike meiningane som kom fram under intervjuet, valde eg difor å ikkje knytte til kjønn. Det var likevel enkelte tilfeller der bruk av ord som avslørte kjønn var vanskeleg å unngå. Dette gjeld berre bruk av ord som avslører at dette var noko ein kvinneleg kontaktperson fortalte, slik at det er fem aktuelle personar det kan vere. Dei seks kontaktpersonane pluss den siste MOKS-tilsette fekk nye namn, og eg kalla dei opp, i sann geografisk and, etter verdsdelar. Dei sju fekk ved loddtrekking namna Europa, Asia, Oseania, Afrika, Sør-Amerika, Nord-Amerika og Antarktis.

I oppgåva mi refererer eg i større og mindre samanhenger til historier om flyktningar fortald av kontaktpersonane. Eg ser på desse historiene som umogleg å spore tilbake til person. Kvar kontaktperson har ansvar for 20-30 flyktningar. Ingen veit kven som fortel kva for historier. Ingen veit om det er ei gamal eller ny historie. Menneska som blir referert til i historiene kan vere ein av fleire hundre, ettersom ingen av dei blir knytte til opplysningar utover kjønn eller aldersgruppe.

Deltakarane i fokusgruppene skal det også vere umogleg å spore opp. Kontaktpersonane i MOKS veit kven som var aktuelle, ettersom dei sendte ut brev til aktuelle kandidatar. Enkelte tok også kontakt med kandidatar. Utover dette veit ikkje kontaktpersonane kven som ende opp med å delta, med mindre flyktningen sjølv har fortalt det, og kven som deltok på kva gruppe. Ingen utseger vart knytte opp mot namn anna enn på lydbandopptaket, som berre eg har hatt tilgang på.

Eg har gitt alle deltakarane eit pseudonym. Jentene har fått jentenamn og gutane gutenamn. Opphavleg tenkte eg å ikkje skilje mellom kjønn, men eg oppdaga at det

gjorde det skriftlege arbeidet svært vanskeleg, samt at ein del nyttig informasjon gjekk tapt. Deltakarane fekk namn etter karakterar i ”Fragglane” (Barne-TV-serien om dei fargerike fragglane som bur inni eit fjell saman med arbeidarane doserane, og med dei skumle gorgane utafor berget): Gobo, Vembi, Bober og Mac er gitar/menn, medan Moki, Vips og Mathilda er jenter/kvinner. Kven som er kalla opp etter kva er gjort ved loddtrekking.

3.4 BRUK AV UFORMELLE KOMMUNIKASJONSMIDDEL

Eg gjorde nokre oppdagingar om korleis det var best å kontakte deltakarane mine i fokusgruppene. Først tenkte eg at det var viktig å vere formell og bruke telefon eller brev framfor uformelle metodar som e-post og SMS. Eg tok også telefonkontakt med alle deltakarane før møtet. Eg følte det var viktig at dei fekk høyre stemma mi og fekk prata med meg før intervjuet. Eg fekk inntrykk, gjennom kontaktpersonane, av at det var vanleg å bruke SMS til å kommunisere med flyktningane. Då fleire viste interesse for å delta i fokusgruppe via SMS, valde eg å svare tilbake på SMS at eg var glad dei ville vere med og at eg kom til å ringe seinare. Det at så mange sendte tekstmelding eller e-post til meg, framfor å ringe, fortalte meg at dei følte seg meir trygge på dette. Å prate på telefon kan vere litt ”skummelt” når du er ustø i språket.

Då eg ringte dei interesserte for å høyre om dei kunne møte på aktuelle tidspunkt, var det mange som bad meg om å sende ein SMS i ettertid med adresse og anna informasjon. Enkelte ville også at eg skulle sende SMS for å minne dei på avtalen. Eg brukte difor mykje SMS og e-post etter den eine telefonsamtalen eg hadde med alle. Eg følte at mange heller ville ha ein SMS enn ein telefon, og at dei ikkje ville sjå på meg som useriøst om eg gjorde det på denne måten.

3.5 FOKUSGRUPPE

Eg har valt å fokusere litt ekstra på bruken av fokusgruppe i oppgåva mi. Eg vil først forklare kva metoden går ut på, forklare kvifor eg valde metoden og korleis eg valde å gjere ting, for deretter å fortelje om den første erfaringa mi som ordstyrar for ei fokusgruppe.

3.5.1 Metoden fokusgruppe

Fokusgruppe, eller gruppeintervju, er ein metode der ein samlar ei mindre gruppe (vanlegvis mellom seks og ti personar) saman for å diskutere eit tema der forskaren leiar debatten (Cameron, 2000).

Stewart, Shamdasani & Rook (2007) tek i boka si for seg fordelar og ulemper med fokusgruppe som metode. Blant fordelane finn me at:

- Det sparer tid.
- Det byr på betre høve til å samhandle med deltakarane, og dei er nyttige når det gjeld å finne ut ikkje berre svaret på eit spørsmål, men også bakgrunnen for dette standpunktet.
- Det å ha fleire deltakarar samstundes kan gje ein slags synergieffekt, der deltakarar kjem med nye tankar etter å ha høyrte ein annan deltakar snakke. Brandth (1996) legg i tillegg til at ofte er det slik at ein av deltakarane klarer å uttrykkje det andre ønskjer å seia, men ikkje får til. Dei kan då seia seg einige i denne andre deltakaren sitt syn.

Blant ulempene finne me følgjande:

- Utvalet er for lite til å generalisere ut i frå. Utvalet av deltakarar blir heller ikkje mest mogleg representativt for populasjonen, ettersom ikkje alle typar menneske er villige til å sette av tid for å delta i ei fokusgruppe.
- Resultata frå ei fokusgruppe kan bli dominert av synet til enkelte dominerande deltakarar. Ikkje alle uttrykkjer meininga si like tydelig.

- Fokusgruppemoderatoren kan lett, bevisst eller ubevisst, leggje ord i munnen på deltakarane eller vise teikn til kva svar han ønskjer deltakarane skal kome med.

Eg måtte ha momenta nemnt ovanfor i tankane når eg skreiv ut resultatata (første punkt) og når eg leia fokusgruppa (andre og tredje punkt).

3.5.2 Ferske erfaringar som fokusgruppemoderator

Det finst profesjonelle fokusgruppemoderatorar og forskarar får gjerne råd om å nytte seg av desse framfor å leie gruppa sjølv (Stewart et al., 2007). Eg valde likevel å leie gruppa sjølv, då eg ville lære og setje teorien eg har lese ut i praksis. Dette er ei masteroppgåve, og målet med graden er å øve seg på forskning. Eg har ikkje ressursane til å leige inn profesjonelle til å gjere jobben for meg, og eg tvilar på at dei ville prioritert ei masteroppgåver om eg så hadde ønskt hjelp.

Brandth (1996) trur det finst mange eksempel på studium som har nytta seg av fokusgruppe som metode, men det er få erfaringar som er rapporterte om i ettertid. Dette vil eg gjere noko med. Følgjande avsnitt vil handle om mine erfaringar som fersk fokusgruppemoderator, til lærdom og nytte for andre som vil prøve "kunsten" for første gong.

Debuten gjekk veldig fint. Det var ikkje noko å vere nervøs for, og det oppsto ingen problem, sett bort i frå mangel på deltakarar. Før eg starta på oppgåva hadde eg planar om å få kjønn, alder og landbakgrunn jamt fordelt i gruppene. Eg tenkte også, i tråd med Cameron (2000), at det ville vere greiast om eg fekk ordna det slik at ikkje folk kom på gruppe med nokon dei kjente frå før av. Eg endra denne strategien utover i arbeidet med å finne deltakarar, då det var vanskeleg å få nok deltakarar. Den nye strategien vart at eg tok dei eg fekk. Difor var det eit fleirtal blant deltakarane som eg meiner var i 20-åra. Det var også ei større gruppe med bakgrunn frå same land. Alle deltakarane hadde også møtt kvarandre før, noko som ikkje var så overraskande, ettersom dei har alle vore innom Nygård Skole og MOKS sine kontor og seminar.

Det at deltakarane kjente til kvarandre, slo i grunn positivt ut. Det var med på å skape den gode stemninga som var i gruppa. Eg kunne ikkje sjå teikn til at nokon vegra seg mot å seia meininga si med kjente i rommet.

Cameron (2000) tilrår å setje opp fleire enn du treng i ei fokusgruppe, då det ikkje er uvanleg at folk trekkjer seg frå deltaking i siste liten. Eg hadde ikkje høve til å setje opp fleire enn eg hadde bruk for, men eg måtte likevel vere budd på at nokon kunne trekkje seg. Det skjedde også. I den andre gruppa mi, som skulle innehalde tre personar, fekk eg beskjed same dag at ein av dei måtte trekkje seg. Personen sa seg veldig lei, og me vart einige om at eg kunne stille han enkelte spørsmål over e-post sidan eg ikkje hadde planar om fleire grupper. Den første gruppa på fire var fulltalig frå starten av, men ein av deltakarane måtte gå etter vel ein halv time.

Fordi eg tok samtalen i gruppene opp på lydband, valde eg å ikkje notere noko. Eg starta den første gruppa med å notere kven som snakka i kva rekkjefølgje, men eg slutta med dette etter få minutt, då det var tungvindt og deltakarane ikkje var så mange at det vart vanskeleg å skilje stemmene frå kvarandre. Cameron (2000) tilrår å notere litt undervegs, men eg føler at med mine små grupper var det betre å rette all fokus mot deltakarane.

Eg er usikker på om fokusgruppene mine i praksis fylte krava som skil fokusgrupper frå semistrukturert intervju. Som nemnd over er ein av fordelane med ei fokusgruppe at intervjuforma gir rom for diskusjonar som kan ta interessante vegar. Det var lite diskusjonar i gruppene mine. Eg har få døme på meningsutvekslingar, få døme på nokon som bygde på det andre sa for å fortelje si meining. I praksis fungerte fokusgruppene meir som eit semistrukturert intervju der folk svara etter tur. Kanskje hadde dette mykje med at det var så få deltakarar. Deltakarane mine var også veldig høflege og lite brautande. Nokon snakka meir enn andre, men ingen kom med innvendingar mot andre sine svar eller braut inn når andre snakka. Ingen stilte heller spørsmål vidare ut i gruppa eller tok opp problemstillingar. Kanskje gjekk eg glipp av nyttig informasjon grunna dette, men eg følte likevel at gruppene gav meg gode svar, særleg på dei avgjerande spørsmåla.

Sjølv om alle hadde meir eller mindre tilfredsstillande norskkunnskapar, skapte likevel språkbarrieren visse grenser for kva eg kunne spørje om. Enkelte spørsmål vart misforstått, andre forsto eg fort blei for innvikla å spørje om. Ikkje alle spørsmål kan stillast over ein kort setning. Det var på spørsmål som kravde ei lita innleiing at deltakarane fekk problem.

Då språkkunnskapane til deltakarane hindra dei i å lage korrekte setningar, valde eg å ”forbetre” setningsoppbygginga i sitata eg har nytta meg av. Bodskapen skal likevel vere den same.

3.5.3 Rolle

Eg ville føle meg fram i høve til deltakarane kva rolle det passa seg å tre inn i. Eg tok sikte på å vere student med ei seriøs oppgåve, samt eit nytt hyggeleg (vonleg) kjennskap. Eg ville prøve å skape ei avslappa atmosfære. Den første gruppa på fire personar var alle i mi aldersgruppe, så det fall naturleg å ha ein avslappa tone, der eg var på nesten same nivå som dei. Eg har tidligare intervjuar medelevar som øving i eit fag, og dette var ikkje heilt ulikt. Ein av deltakarane kommenterte med eit smil om munnen, då personen såg bordet med litt lett mat og drikke eg hadde laga til, at eg burde servert litt øl. Dette, samt signala eg ellers fekk frå deltakarane, gjorde at eg visste eg ikkje trengde å halde ein overdriven seriøs tone.

Den neste gruppa med berre to deltakarar var mykje lik den førre. Her var det litt større aldersforskjell mellom deltakarane, men det vart likevel ein del smil og latter i gruppa, spesielt då det vart snakk om rare sider ved nordmenn. Eg fann ut at eg kunne halde den same rolla som i den første gruppa, også i denne.

Då deltakarane fortalde om episodar der eg meinte dei hadde vore utsett for framandfrykt, haldt eg meg ganske nøytral, ettersom deltakarane lo litt av historiene sine då dei fortalte. Fleire gongar viste dei forståing for at det var vanskeleg for nordmenn å treffe framande innvandrarar, sjølv om dei hadde opplevd nokre dumme episodar. Eg nøyde meg med å kommentere ”Det var dumt” og ”Ja, nordmenn har litt vanskeleg for det ofte”, då det

ikkje var stemning for noko djupare diskusjon rundt dette. Eg fekk inntrykk av at deltakarane ikkje ville bruke tid på å snakke negativt om nordmenn. Det vart diskutert litt mellom dei med same landbakgrunn at dei var eit folkeslag som heller fokuserte på det positive enn det negative. Dei hadde vanskeleg for å uttale seg negativt om andre menneske. Dei ville helst sjå det positive i folk.

3.6 KOR REPRESENTATIVE ER INFORMANTANE?

Rekrutteringa av fokusgruppedeltakarane låg visse føringar på kven som ville delta. Det måtte bli nokon som meistra norsk bra nok til å svare på spørsmåla mine og nokon som kontaktpersonane meine egna seg for oppgåva. Eg reknar ikkje med at mange av dei "svakaste" vart spurt. Deltakarane mine virka alle ressurssterke.

Det er heller ikkje kven som helst som vil takke ja til å bli med på eit intervju. Difor vart nok ikkje utvalet mitt eit representativt utsnitt av flyktningane i Bergen, men heller representantar for dei litt engasjerte, litt sosiale og meir ressurssterke.

Dei seks intervju kontaktpersonane, av i alt tolv tilsette i kommunen, meiner eg skulle representere gruppa godt. Ingenting tyder på at desse seks skil seg nemneverdig frå dei andre seks, sett bort frå at alle er ulike personar med ulike meiningar.

4 TEORETISKE PERSPEKTIV

I oppgåva mi er det funna mine og analysen av desse som står i fokus. Eg vil leggje meir vekt på empiri, og mindre vekt på teori. Eg meiner tema for oppgåva gjer det naturleg å satse på ei slik vinkling. Integrering skjer best når ein kan setje teori ut i praksis. Det er likevel ein klar samanheng mellom teori og empiri. Den svenske forskaren Magnus Berg nyttar seg av omgrepet ”brukarteoretisk” i doktoravhandlinga si. Med brukarteoretisk meiner han at teorien skal vere underlagt analysen av feltarbeidet han utførte, ikkje omvendt. Teorien skal brukast som eit hjelpemiddel til å analysere funna (Berg, 1994). Nilsen (1999) støttar også ein slik måte å nytte teori på. Nilsen forklarar det vidare som ”eklektisk og pragmatisk forhold til teori, ikke noe enhetlig teoretisk utgangspunkt” (Nilsen, 1999, p. 50). Det er slik eg vil prøve å nytte meg av teori og anna forskning i oppgåva mi. Eg vil prøve å sjå om teoriane kan forklare resultata mine, og eg tek sikte på at bruken av teori i analysen skal vere allmennyttig og tene eit føremål.

I dette kapitlet introduserar eg teoriar og forskning som skal hjelpe meg til å sjå og forstå funna mine. Ikkje alt er teoriar i ordet sin klassiske forstand, men alt er kunnskap som kan hjelpe meg til å forklare funna mine.

4.1 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR OG (VELFERDS)STATEN

Mangelen på teoriar rundt samarbeid mellom frivillig sektor og offentleg sektor har vore peikt på av fleire forskarar (Gidron, Kramer, & Salamon, 1992a; Lorentzen, 1994). Før 1980 var forskinga på området nærmast fråverande ettersom det bidraget organisasjonane ytte til velferdstilbodet vart sett på som ubetydelig (Lorentzen, 1994). Lorentzen viser til at etter europeisk velferdsteori, så har frivillige organisasjonar sin velferdsproduksjon vorte sett på som ein del av det offentlege tilbodet og dermed ikkje vore verd å sjå på som eit eige studieobjekt. Gidron, Kramer og Salamon (1992b) meiner debatten i stor grad har dreidd seg om konkurransen mellom sektorane. Dei hevdar det dominerande paradigme i

offentleg versus frivillig sektor-debatten er at dei to sektorane er konkurrentar, og at den eine sitt brød er den andre sin daud.

Rappaport (1981, 1987, i Askheim, 2007) meiner velferdsstaten øydelegg for empowerment. Han ser empowerment som mellom anna rett og plikt til demokratisk deltaking i det fellesskapet ein er del av, og denne deltakinga skjer oftast gjennom strukturar som skule, nabolag og frivillige organisasjonar. Velferdsstaten kan i følgje Rappaport øydelegge for deltakinga på desse arenaene. Meir spesifikt tolkar eg det slik at Rappaport meiner velferdsstaten øydelegg for deltaking i frivillige organisasjonar. Dette synet er ikkje han aleine om, i følgje Gidron, Kramer & Salamon (1992b). Fleire intellektuelle meiner velferdsstaten har øydelagt for dei frivillige organisasjonane, og øydelagt deira rolle. Velferdsstaten er ”den store stygge ulven”, medan organisasjonane er offeret. Forfattarane fortset med å vise til at desse gjeldande tankane om forholdet sektorane i mellom, ikkje stemmer i praksis mange stader.

Kuhnle og Selle (1992) peiker på at den frivillige sektoren er sterkt knytte til den offentlege gjennom økonomiske band, og har vanskar med å tenke seg at den frivillige sektoren kan stå for løysingar som ikkje den offentlege sektoren sjølv kunne tilbydd.

Eg vil, basert på teori og empiri, utfordre synet til Kuhnle og Selle (1992) på dette området. Eg vil vidare i oppgåva argumentere for at nettopp frivillige organisasjonar tilbyr løysingar på problem innanfor arbeidet med integrering som ikkje det offentlege har tid eller ressursar til å ta seg av. Argumenta vil eg hente frå teoriar som peiker på korleis velferdsstaten tar det moralsk ansvar frå folk og overlet det til staten. Eg vil diskutere om bidraga frå frivillige organisasjonar jamnar ut det manglande nærværet av eit samfunn som er oppteken av å sikre ve og vel til personar i dei næraste relasjonane rundt seg. Samstundes vil mine egne resultat stå som illustrasjonar på at det ikkje treng vere eit konkurranseforhold mellom frivillig og offentleg sektor, ei heller treng velferdsstaten vere ein fare for organisasjonane sin eksistens.

4.2 KOMMUNITARISMEN

Kommunitarismen er ein ganske ny tradisjon som har tilhengjarar blant høgt profilerte politikarar, slike som Al Gore og Hillary Clinton (Lorentzen, 1994). Tradisjonen er først og fremst ein kritikk eller motstand mot marknadsindividualismen sin negative effekt på samfunnslivet. Folk blir oppfordra til å putte seg sjølve først. Fridom er å kunne ta egne val, koste kva det måtte koste. Når alle prioriterer egne behov framfor behova til sine medmenneske, kan ikkje lenger folk stole på at samfunnet rundt dei vil ta seg av dei om dei skulle trenge det.

Marknadsliberalismen øydelegg gradvis for eit samfunn der folk ser etter at naboen har det bra (Marquand, 1988, Selbourne, 1994, i Tam, 1998). Velferdsstaten, hevdar kommunitaristane, har også ein liknande effekt på samfunnet som marknadsliberalismen har. Dette, mellom anna, tek Alan Wolfe for seg i boka "Whose keeper" frå 1989. Den kommunitaristiske tradisjonen byggjer i stor grad på denne boka frå Wolfe (Lorentzen, 1994).

4.2.1 Kommunitaristane sitt alternativ

Tam omtaler i boka si "What is Communitarianism?" tre sentrale prinsipp som fortel oss om ideologien til kommunitaristane:

First, any claim about what is to be accepted as true can only be validated under conditions of co-operative enquiry. Second, common values validated by communities of co-operative enquirers should form the basis of mutual responsibilities to be undertaken by all members of those communities. Third, power relations at every level in society must be reformed so that all those affected by them can participate as equal citizens in determining how the power in question is to be exercised (Tam, 1998, p. 7).

Ingen skal hevde å ha sanninga på ei sak utan at den først er blitt godkjent av fleire under samarbeid, hevdar kommunitaristane. Nokre av desse sanningane som er felles godkjent, skal danne eit sett med reglar som fortel menneska korleis dei skal samhandle og kva ansvar dei har ovanfor kvarandre. Reglane tek utgangspunkt i eit knippe grunnverdiar som kommunitaristane hevdar har halde seg gjennom tid og gjennom ulike kulturar.

Desse er verdien av kjærleik, verdien av visdom, verdien av rettferd og verdien av oppfyljing av draumar og potensiale. Maktrelasjonane må også endrast. Dei som er ramma av dei ulike maktrelasjonane (det kan vere ein skule, eit multinasjonalt selskap eller eit statleg organ) skal bli likeverdige borgarar og skal vere med å bestemme kva reglar som skal gjelde. Kommunitaristane ser demokrati som noko meir enn å la folkevalde bestemme, dei vil vere med å delta i kvar enkelt avgjersle.

Kommunitaristane vil ikkje at politikarane eller eliten i marknaden skal avgjerde kva ein skal gjere for det "felles beste". Kva som er det beste for fellesskapet, må fellesskapet sjølv kome fram til gjennom diskusjonar der alle kan delta. Kommunitaristane meiner undertrykking kan unngåas om samfunnslivet sitt potensial vert henta fram av desse tre kommunitaristiske prinsippa (Tam, 1998).

4.2.2 Kommunitarismen og velferdsstaten

I boka "Whose keeper" diskuterer Wolfe (1989) den skandinaviske velferdsstaten i eit av kapitla. Wolfe sjølv er i stor grad positiv til velferdsstaten og går god for suksessen den har hatt i dei skandinaviske landa. Likevel ser han at velferdsstaten kan ha slått negativt ut på folk sitt forhold til kvarandre og ansvarskjensla dei har overfor sine medmenneske. Han hevdar at velferdsstaten i stor grad har teke over oppgåver som tidligare var familien og det lokale fellesskapet sitt ansvar. Staten har trengt inn på område innanfor familie, pleie, omsorg og utdanning, og overtatt desse oppgåvene frå familien og lokalsamfunnet. Wolfe meiner følgjene av dette har vore at det som før var moralske plikter kvar enkelt hadde ovanfor fellesskapet, no har blitt til juridiske rettar kvar enkelt har i forhold til staten. Dess fleire rettar staten gir folket, dess færre grunnar får folk til å gjere ein innsats for sine næraste og lokalsamfunnet:

..the welfare state can bring in its wake an unanticipated problem: when government assumes moral responsibility for others, people are less likely to do so themselves (Wolfe, 1989, p. 133).

Wolfe (1989) viser til statistikkar som dokumenterer utviklinga i tal på sjølv-mord, alkohol- og narkotikakonsum og kriminalitet i dei skandinaviske landa dei siste tiåra fram til boka hans kom ut. Tala viser ein kraftig auke i samtlege kategoriar. Grunnane til dette ønskjer ikkje Wolfe å konkludere med. Tala følgjer ei global utvikling, men samstundes

er det ikkje til å leggje skjul på at mellom anna sjølv-mordsraten i dei skandinaviske landa er heilt i verdstoppen. Forfattaren spekulerer i om velferdsstaten har skapt aukande isolasjon og svake nettverk, men undersøkingar (Wolfe refererer her til ei dansk undersøking av Hansen frå 1986) viser snarare at folk er mindre isolerte og har fått sterkare nettverk gjennom åra. Wolfe gjer likevel eit funn i undersøkinga, som han meiner skildrar dei svake sidene ved velferdsstaten. Ei gruppe i undersøkinga, nemleg gruppa som fell utafør alle kategoriar, har blitt meir isolert og opplever svekka nettverk. Det er denne gruppa, dei som fell utafør og manglar resursane til å fungere effektivt i eit system som er organisert kring politiske reglar, som Wolfe meiner viser at velferdsstaten svekker folk sine ansvarsband i møte med medmenneske som ikkje er like heldigstilte som dei sjølve. Profesjonelle har teke over oppgåva som omsorgspersonar frå familie og nabolag. Dermed føler ikkje lokalsamfunna lenger i like stor grad eit ansvar for å sjå til medborgarane, fordi dei allereie får hjelp frå staten.

Wolfe (1989) vil ikkje utlevere skandinavar som menneske som ikkje bryr seg om kvarande. Nordmenn, svenskar og danskar tek i høg grad del i frivillig arbeid, og deira vilje til å betale høg skatt utan dei heilt store protestane, viser at dei aksepterer dette fordi dei stoler på at staten vil bruke pengane godt for å hjelpe folk som treng det. Men, dette betyr igjen at mange føler at sidan dei har betalt skatt som blir brukt til å hjelpe andre, så har dei gjort sitt.

Beyond a certain point—and the problem always is that no one knows exactly where that point is—high tax rates do seem to encourage less of a sense of obligation to strangers and more of a sense that the perceived and actual costs of the new welfare state have made the free-rider option more attractive for those who can take advantage of it (Wolfe, 1989, p. 174).

Kanskje har velferdsstaten sin bruk av skatteinntekter for å hjelpe dei vanskelegstilte ført til at velferd har gått frå å vere noko ein gjer av solidaritet til noko som kjennest som ei plikt. Inspirasjonen til å hjelpe andre går tapt, og dei som fell litt utafør får ikkje den hjelpa og støtta frå lokalsamfunnet som dei treng for å unngå å hamne i sjølv-mord-, rus- og kriminalstatistikkane.

Eg har ikkje noko grunnlag for å uttale meg om det kan stemme at menneske busett i velferdsstatar, føler mindre moralske plikter overfor fellesskapet enn menneske som ikkje bur i velferdsstatar. Når det gjeldt situasjonen i Noreg med ”nye landsmenn”, ser eg at det verkar som om enkelte ikkje føler noko ansvar for å ta seg av desse, sidan dei allereie får mykje (for mykje i følgje somme) støtte frå velferdsstaten. Eg vil tru at innvandrara i stor grad fell inn i den gruppa med negativ utvikling i den danske undersøkinga Wolfe (1989) refererte til. Gruppa som manglar ressursane til å fungere effektivt i eit system som er organisert kring politiske reglar.

Om Wolfe har rett i sin teori, vil eg hevde at velferdsstaten treng hjelp frå frivillige organisasjonar for å gjere dei oppgåvene verken staten eller mannen i gata i stor nok grad tek seg av. Samstundes har frivillige organisasjonar den evna at dei kan hente fram menneske som føler ansvarsband ovanfor lokalsamfunnet, og utnytte desse personane sitt ønske om å bidra på ein effektiv måte.

4.2.3 Kommunitarisme og innvandring

Ein skulle tru at ein ideologi som er oppteken av at menneska skal føle omsorgsansvar ovanfor sine medmenneske, ville ønske innvandrara hjarteleg velkommen. Dette meiner Sicakkan (1998) er feil. Kommunitaristane meiner mennesket er uforanderleg. Ein innvandrar som ikkje let seg assimilere kan bli eit trugsmål mot det opne demokratiske systemet der samfunnet står saman om å ta avgjersler. Systemet kan bli dradd i ein uønska, framand retning. Kommunitaristane ser derfor segregering som beste løysing for framandkulturelle med opphald i landet. Det viktigaste er fellesskapen, ikkje individuelle interesser. Dette meiner Sicakkan fører til ein ekskluderande haldning til innvandrara.

Kommunitaristane er likevel ikkje fiendtleg innstilt til framandkulturelle. Tvert om står idealet om at alle kulturar er likeverdige høgt. Likevel, kommunitaristane vil heller hjelpe dei framandkulturelle i å etablere gode samfunnssystem, og hjelpe trengande ut av naud, der dei kjem frå, heller enn å la dei bli ein del av eigne samfunn (Sicakkan, 1998).

4.3 SYN PÅ SAMARBEID MELLOM STAT OG ORGANISASJON OM VELFERDSPRODUKSJON I NOREG

Det er mykje som tyder på at det gjeldande synet blant dei frivillige organisasjonane er at dei ser på seg sjølve som nokon som supplerer det offentlege velferdstilbodet. Både Odd Gran, dåverande generalsekretær i Raude Kross og tidlegare konsulent i Kyrkjjas Bymisjon, Odd Einar Dørum uttaler dette tydeleg.

”Frivillig innsats innenfor det offentlige ansvarsområdet er ikke erstattende for noe, men supplerende. Det offentlige forpliktelser blir ikke mindre fordi om frivillige gjør en innsats, og dermed heller ikke billigere” (Gran, 1991, p. 123).

”Den frivillige innsats skal ikke erstatte eller overta noe av det som kommunen har som ansvarsområde, vi skal bare være et supplement og eventuelt initiativtaker. Vi representerer en menneskelig nærhet til omsorgsoppgaven som kan anvendes til mange positive nye oppgaver” (Gran, 1991, p. 131).

”Bymisjonen ser også på den ideelle frivillige sektor, som enten utfører ubetalt innsats, eller som utfører betalte tjenester etter oppdrag fra det offentlige, som et supplement til det offentlige styringsansvar i det norske samfunnet” (Dørum, 1991, p. 139).

Venstrepolitikar og tidlegare leiar for Bymisjonen i Oslo, Odd Einar Dørum, ser på samarbeidet og samspelet mellom den offentlege sektoren og det han kallar den ideelle sektoren som føresetnaden for ein effektiv og god tenesteproduksjon.

”Bymisjonen oppfatter bruk av frivillige ideelle organisasjoner som kan operere etter oppdrag fra det offentlige, som en positiv måte å få til en ideologisk og organisatorisk konkurranse om de beste løsningene. Forutsetningene for en slik tankegang er at brukeren ikke skal betale ulik pris, avhengig av hvem som organiserer tjenestene, men at konkurransen om de beste løsningene skal kunne bidra til at brukeren får mest mulig igjen for de skattekrone som er innbetalt. Kirkens Bymisjon oppfatter derfor en slik ideologisk konkurranse om de beste og mest effektive hjelpetiltakene som sunn for utviklingen av det norske velferdssamfunnet” (Dørum, 1991, p. 139).

Det Dørum snakkar om her; organisasjonar som gjer tenester for det offentlege på kontrakt, har vore spesielt vanleg i enkelte sektorar. Rusmiddelomsorgen har ei lang historie som ei hjertesak for frivillige organisasjonar. Blå Kross, som starta opp i 1908,

står endå sterkt i rusmiddelomsorgen. I 1994 var heile 77 prosent av rusmiddelomsorgen driven av frivillige organisasjonar. For heile helse- og sosialsektoren er talet omlag 30 prosent (Morken, 1990).

Også frå det offentlege si side er innstillinga til samarbeid med frivillige organisasjonar positiv. Frå innstillinga til det offentlege utvalet om frivillige organisasjonar (med representantar frå begge sider), frå 1988, går det fram at det offentlege ser på den frivillige sektor som ein medhjelpar som kan løysa omfattande kollektive deloppgåver. Det offentlege ser på ingen måtar negativt på det frivillige arbeidet og organisasjonane sin ideologi. Snarare blir den frivillige sektoren sett på som ein tilretteleggjar for gode arbeidsvilkår og ei viktig finansieringskjelde (Selle & Øymyr, 1990).

”Utvalet ser berre positive verdiar knytta til den frivillige sektoren. Ein omfattande slik sektor vert sett på som ein føresetnad for pluralisme, nestekjærleik og solidaritet, samstundes som ein ser sektoren som lite byråkratisk og innovativ, dvs. i stand til å definera nye behov og å finna fram til organisasjonsformer som kan løysa desse behova” (Selle & Øymyr, 1990, p. 122).

Forfattarane Selle og Øymyr sjølv er litt meir tilbakehaldne og peikar på at trass i kor lyst det offentlege ser på den frivillige sektoren som velferdsprodusent, så finst det også enkelte svake punkt ved frivillige organisasjonar si velferdsyting. Likevel, det er ingen tvil om at offentleg og frivillig sektor ser ut til å vere tilfreds med samarbeidet og resultatet av dette. Forfattarane viser til litteratur som peiker på problem som kan oppstå ved slikt samarbeid, men kan ikkje finne desse problema i særleg grad i den norske situasjonen. Det har vore langt meir samarbeid enn konflikt.

4.4 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR: KOMPETANSE, FORDELAR OG ULEMPER

Kramer (1981) deler inn den kompetansen frivillige organisasjonar sit på i fire organisatoriske roller. Først kjem det han kallar *vanguard-rolla*. Det vil seia at når organisasjonane går i spissen, er innovative, finn fram til nye måtar å hjelpe på og demonstrerer ideane i praksis. I nokre tilfelle tek staten etter kvart over drifta. Morken (1990) kallar dette for *pionerrolla*. Den neste rolla kallar Kramer ein *improver* eller

advocate-rolle. Organisasjonar i denne rolla fungerer som kritisk vaktar som legg press på det offentlege for å sørgje for at tenestetilbodet blir betre eller utvida der det trengst, eller starta opp nye tiltak for å dekkja behov som ikkje vert ivareteken. *Value guardian* er den neste rolla. Her dreier det seg om organisasjonar som byggjer arbeidet sitt på sosiale, religiøse eller kulturelle verdiar og der frivillig innsats vert fremja. Ein frivillig organisasjon kan også ta rolla som *service provider*. Då leverer organisasjonen utvalde tenester ein ser manglar. Tenestene kan vere innafor eit offentleg ansvarsområde, men der det offentlege har feila i å yte eit tilbod. Dette kan skuldast at det offentlege er uvillig til å ta ansvar, at det offentlege ikkje er i stand til det eller ønskjer ikkje å involvere seg direkte eller ta fullt ansvar for det som treng gjerast.

Lorentzen (1994) listar opp i hovudsak to store fordelar med frivillige organisasjonar.

Den første gjeld dei sosiale eigenskapane til organisasjonane. Utdjupa vil det sei organisasjonane si ”evne til å mobilisere mennesker til felles, ubetalt, innsats for et bedre lokalsamfunn, mindre fattigdom, mot sosial isolasjon, ensomhet, angst og lignende” (Lorentzen, 1994, p. 211). Det andre punktet er dei økonomiske fortrinna. ”For dem (kommunane) blir organisasjonene bærere av økonomiske egenskaper, og det kan være fornuftig å sette arbeidsoppgaver bort til dem når dette gir lavere kostnader og større offentlig fleksibilitet. (...) Det er liten tvil om at de økonomiske sidene ved frivillig velferdsproduksjon vil bli tillagt økt betydning i årene som kommer” (Lorentzen, 1994, p. 211).

Vidare i den same boka omtaler Lorentzen (1994) noko som kan sjåast på som svake sider hjå organisasjonane. Han peikar på at ei manglande legal forankring blant dei frivillige organisasjonane kan skape tvil om dei eignar seg som stabile velferdsprodusentar. Det kan kome til konflikt når velferda treng naudsynt politisk styring ved mottak av offentlege midlar, noko som kan stride mot organisasjonane sin plattform.

Lorentzen (1994) ser også på geografien. Organisasjonane sørgjer ikkje for likt tilbod over heile landet. Dei yter eit tilbod der dei er etablert eller der dei har nok tilgang på frivillige til å etablere seg og ressurspersonar til å starte opp.

4.5 INTEGRERING

Det finst tallause tilnærmingar til kva integrering er og enno fleire vage tankar om det. Ulike menneske ligg ulike tankar i omgrepet. Eit døme på vanskane med å definere integrering finn ein ved å undersøkje nettsidene til Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi, 2008). Sjølv ikkje eit direktorat med integrering i tittelen sin har gjort det klart kva integrering er. Eg ønskjer å gje eit innblikk i debatten rundt omgrepet, for så å argumentere for mi eiga oppfatning av kva integrering er.

Eg såg på programmet Migrapolis på NRK2 før arbeidet med oppgåveskrivinga starta. Programmet denne dagen tok opp nettopp spørsmålet ”kva er integrering”. Tre ulike innvandrar deltok i reportasjen. Blant desse var ein franskmann som verken kunne språket særleg eller hadde norske vener, likevel følte han seg nokså integrert. Han var del av eit godt fransk miljø og levde tilnærma slik han gjorde i Frankrike. Mange knyter gjerne integrering til nettopp det å kunne norsk språk og ha nordmenn i omgangskringen, men kanskje kan ein både føle seg integrert og bli sett på som velfungerande i det norske samfunnet utan tilstrekkelege språkkunnskapar og norske vener? Å vere integrert på denne måten fungerer gjerne fint for ein vestleg arbeidsinnvandrar, men kan bli vanskeleg for ein flyktning. Ein flyktning har ikkje arbeid når han kjem til landet, og han vil vanskeleg klare å skaffe seg arbeid utan å lære språket. Sett bort frå flyktningane frå til dømes Balkan og Russland, land som liknar vestlege i måten å organisere samfunnet på og der til dømes barna er vande med å delta i organiserte fritidssysler, kjem dei fleste flyktningane her til lands frå kulturar som er mykje annleis frå vår eigen. Det er visse ting ein gjerne må skjønne, og lære seg, for å bli akseptert blant mange nordmenn, og for å fungere i eit samfunn som legg opp til visse normer og rolleforventingar. Ein franskmann kan dette frå før, og kan difor halde seg med sine. Han treng ikkje lære frå nordmenn.

Unni Wikan snakkar om integrering som ”innvandrernes plikt til å fungere etter grunnleggende norske verdier og lære seg norsk, samtidig som nordmenn skal rydde rom hos seg selv for innvandreres spesielle væremåte og verdier” (Wikan, 1995, p. 146). Deler av Wikan sin definisjon har blitt aktualisert ettersom det no er rett og plikt til å lære seg norsk. Omgrepet ”norske verdier” er for meg uklart. Det finst inga liste over kva som utgjer dei norske verdiane eller tilsvarande. Dersom eg er forvirra over kva som er norske verdier, vil også ein flyktning vere det. Då er det betre å erstatte ”norske verdier” med norske lover. I følgje Noregs Lover er til dømes også omskjering av jenter, som kanskje Wikan hadde i tankane kolliderte med norske verdier, straffbart (Sosial- og helsedepartementet, 1995). Arrangerte ekteskap eller tvangsekteskap (for myndige), finst det ikkje lovverk som hindrar. Det er i strid med norsk praksis (og kanskje verdier) å arrangere ekteskap, men eit arrangert ektepar kan likevel leve integrert i samfunnet om andre essensielle brikker er på plass, trass i måten ekteskapet vart til. Tvangsekteskap er ei anna sak.

Bømler (2000) skriv at integrering stort sett vert anvendt synonymt med normaliseringsomgrepet. Normalisering forstår ho som ein samfunnsmessig integrasjon i forhold til arbeid, utdanning, buform, fritid, parforhald osv. Tilnærminga er ikkje spesielt retta mot innvandrarak, men talar for kva me ventar av menneske generelt.

Eg meiner Bømler (2000) peikar på eit godt poeng. I Noreg, som i mange andre land, har me lett for å sjå ned på, eller sjå rart på, dei som ikkje følgjer normalen. Me ventar at alle skal vere i jobb eller under utdanning, eller ha eit mål om det eller ha eit langt yrkesliv bak seg. Dette meiner eg i grunnen at me med rett kan vente, sjølv sagt med unnatak. Arbeid og utdanning tener samfunnet, og arbeid og utdanning tener deg sjølv. Det er på denne måten dei aller fleste skaffar seg pengar til å forsørgje seg sjølv. Ikkje alle kan vere i arbeid eller under utdanning grunna sjukdom og vanskar med å få jobb. I mange flyktningar sitt tilfelle vil manglande språkkunnskapar vere ein viktig grunn. Likevel har dei fleste i kategorien eit mål om å bli i stand til å få ein jobb eller ei utdanning. Eg meiner difor at arbeid og utdanning er vegen å gå for å få til integrasjon, men at det er held å ha til hensikt å ønske ein jobb og ei utdanning for å hamne innunder normalen. Har

ein ei hensikt og eit ønske om dette, vil ein oppnå å få ein jobb eller ei utdanning med tida når ingenting hindrar ein lenger.

Kva preferansar ein har med tanke på fritidssysler og kjærleikslivet, ja rett og slett korleis ein vel å leve, vil eg ikkje seia avgjer kor integrert ein er. Enkelte måtar er meir ”normale” å leve på enn andre, men ein kan vere integrert og likevel gå i klede som ikkje kven som helst ville brukt, ha ein annan religion, ha ti barn, eller leve i eit homofilt forhold. Eg meiner ikkje integrering kan sidestillast med normalisering på desse områda. Det eg meiner betyr noko er konsekvensane ditt levesett får for andre menneske. Om din ”unormale” levemåte ikkje går ut over andre menneske på ein negativ måte (og då snakkar eg ikkje om ei matlukt ikkje naboane liker), så er du ikkje desintegrert.

Gullestad (2002) meiner integrering er eit vanskeleg spørsmål og omgrep ettersom dei sosiale felte innvandrane skal integrerast i stadig er i endring. Kva det vil seia å vere norsk, og kor mykje innvandrane skal få lov til å prege samfunnet ser ho som eit uavklart kjernes spørsmål. Gullestad peiker også på at det er majoriteten som set med makta til å avgjere kor tid eit individ er tilstrekkelig integrert. Difor meiner eg at ein fullgod definisjon av integrering bør innehalde eit moment av korleis majoritet og minoritet bør møte kvarandre.

Aktivitetskoordinatoren i Flyktningeguiden i Bergen fortalte meg at han, som representant for Raude Kross, meiner dei to klart mest viktige faktorane for å integrere ein flyktning er språkopplæring og sosial nettverksbygging. Klarer ein å lære seg språket og å utvide nettverket sitt, vil det bli mykje lettare å lære korleis det er å vere norsk. Ein vil lettare klare seg på arbeidsmarknaden, og ein vil lettare kunne skaffe seg ei utdanning. Eg tolkar det slik at Raude Kross meiner integreringa skjer i steg. Når språk og ei betre sosial ramme er på plass, vil det skape grunnlaget flyktningen treng for å blir integrert i arbeidslivet. Organisasjonen er også oppteken av at integreringa skal skje begge vegar. Mottoet til Raude Kross er at alle er like. Organisasjonen ønskjer at me nordmenn også skal lære av innvandrane.

Generalsekretær, Trygve Nordby, i Raude Kross ser til Canada og går god for modellen dei jobbar etter der. Staten Canada meiner det er av eiga interesse å hjelpe innvandrarar til god forståing av språket og hjelpe med anna integrering. Deretter erkjenner Canada at integrering må skje i det sivile samfunnet, mellom menneske, ikkje mellom menneske og offentlege kontor (Nordby, 2007). Nordby understrekar vidare kor viktig det er at nyttilflytta kjem i kontakt med privatpersonar og ikkje berre tilsette i det offentlege. På dette området gjer organisasjonen hans, samt andre organisasjonar, ein innsats ettersom dei nettopp introduserer privatpersonar for dei nyttilflytta flyktningane.

IMDi har ei liknande tilnærming som Raude Kross. Frå Integreringsbarometeret 2006 (IMDi, 2007a) kan ein lese at:

Integrering skjer i et samspill mellom majoritets- og minoritetsbefolkningen og forutsetter kontakt på tvers av grupper (IMDi, 2007a, p. 13).

Tilnærmingane og definisjonane over kjem med mykje bra, men eg meiner ingen av dei er dekkande nok. Difor har eg laga mi eiga forståing av omgrepet, som ein slags vidareføring av definisjonane diskutert over. Eg tek med Wikan (1995) sine tankar om at språkkunnskapar er viktig, og byter eg ut ”norske verdiar” med ”norske lover”, passsar dette også fint inn. Eg seier meg einig med Bømler (2000) i at normalisering i form av arbeid og utdanning er ein av mange nøklar til integrering, men eg meiner det let seg gjere å vere integrert utan å ha ein veremåte og eit privatliv som følgjer ”normalen”. Wikan tek med i definisjonen sin at også nordmenn må rydde plass for innvandrarane sin spesielle veremåte, og Gullestad (2002) peikar på at det i stor grad er majoriteten, vanlege folk, som avgjer kven som kan kallast å vere integrert. Både det offentlege og dei frivillige er opptekne av at integrering skjer når menneske, av ulike grupper, møter kvarandre og lærer kvarandre å kjenne som individ. Eg meiner det difor må med i ein definisjon, slik som Wikan seier, at nordmenn må vere litt tolerante ovanfor dei som er annleis, samstundes som innvandrarane må passe på å ikkje støyte andre med det som gjer dei annleis. På den måten kan nordmenn og innvandrarar kome betre overeins med kvarande. Når innvandrarar er (på veg til å bli) økonomisk integrerte, i form av ei inntekt og ein stad å bu og kjem over eins med nordmenn, er det rimelig å gå ut ifrå at

innvandarane er integrerte. Eg vil i denne oppgåva forstå ein integrert, myndig, flyktning på følgjande måte:

Ein flyktning som etter avslutta introduksjonsprogram kan skilte med gode nok norskkunnskapar til å skaffe seg arbeid eller utdanning og inntekt, slik at han kan forsørgje seg sjølv og eventuell familie, og mogleg skaffe seg eit nettverk gjennom arbeidsplassen eller skulen. Ein integrert flyktning har opparbeidd seg gode nok kjennskapar til det norske samfunnet til at han i møte med vanlege nordmenn ikkje gjer eit negativt inntrykk. Ein integrert flyktning har fått ein sjanse til å vise at han duger, noko som har resultert i at sjølvbiletet ikkje er dårleg.

Arbeidet mot å forme denne integrerte flyktningen, er det integrering vil handle om. Integreringsarbeid er også arbeid med å auke majoriteten si vilje til å inkludere flyktningar, og arbeid med å hindre fordomsfulle og generaliserande haldningar, slik at flyktningen opplever trivsel. Ein flyktning som trives, vil legge større innsats i å integrere seg. Integrering frå majoriteten si side er å ikkje dømme individ ut frå kva gruppe dei tilhøyrer, men ut frå personlege eigenskapar. Integrering er også å ikkje dømme for fort før flyktningen har fått tid til å finne seg til rette og forstå samfunnet.

Integrering er ein prosess, og ein blir ikkje "ferdigintegrert" etter berre to år i landet. Likevel kan også ein flyktning som strevar litt med språket og ikkje er i full jobb fungere godt i samfunnet. Han vil berre fungere endå betre når språk- og arbeidssituasjonen er betra.

Opplevinga mi av kva integrering er, passar i hovudsak til flyktningar, men også andre ikkje-vestlege innvandrarakar. Vestlege innvandrarakar er ofte "ferdigintegrert" på mange område sett bort frå språkkunnskapane. Nordmenn ventar heller ikkje så mykje frå dei som frå ikkje-vestlege. Ein engelskmann tilsett i Statoil som ikkje snakkar særleg norsk, er det få som klagar på. Det same gjeld til dømes ein fotballspelar som har vore lenge i

ein norsk eliteserieklubb, utan å læra seg norsk. Ein irakar som jobbar som reinhaldar og ikkje snakkar særleg godt norsk, er det fleire som klagar på, er inntrykket mitt. Difor passar mi vidareføring av integreringsomgrepet best til innvandrarar med flyktningsbakgrunn, og kanskje også andre ikkje-vestlege innvandrarar.

5 RESPONS PÅ FRIVILLIGE ORGANISASJONAR SIN ROLLE I INTEGRERINGSPROSESSEN

I dette kapitlet vil eg presentere funna mine frå dei ulike intervju, samt frå egne erfaringar og observasjonar. Eg har ikkje intervju brukarar av Ada, berre brukarar av Flyktningeguiden. Brukarane sine meiningar om tilboda i Ada har vorte godt dekkja i ein rapport av Mortensen og Fosse (2006) frå HEMIL-senteret ved Universitetet i Bergen. Denne rapporten har eg nytta for å få innsyn i kva denne gruppa meiner om tilboda. Eg vil difor bruke einsskilde av resultatata frå denne rapporten som tilskot til mine egne resultat. På den måten får eg dekkja alle sider, og alle sine meiningar, ved tiltaka eg har undersøkt.

Resultata er organisert under tema. Under kvart tema har eg samanfatta svara frå ulike spørsmål innafor dette temaet. Kva type spørsmål eg har stilt har variert etter kven eg har intervju, men eg har vore innoom dei viktigaste tema med alle. Andre tema har eg berre snakka med einsskilde om. Funna vil bli diskutere i kapittel seks.

5.1 DET SOSIALE VIKTIG

Det som kontaktpersonane trakk fram som det aller mest positive med frivillige tiltak, var at dei kunne yte bidrag på den sosiale arenaen. Alle dei spurde uttalte seg svært positivt om dette arbeidet. Kontaktpersonane såg god effekt av Flyktningeguiden og Ada, i form av trivsel og betra humør.

Mange av flyktingane var einsame, merka kontaktpersonane. Då var det fint å kunne råda dei til å vere med på frivillige tiltak som kunne betre den sosiale situasjonen. Europa mistenkte ofte at einsskilde kom på besøk på kontoret fordi dei ville ha selskap, ikkje fordi dei hadde eit spesielt problem dei trong hjelp med. At det fanst høve til at frivillige kunne

ta den ”jobben” med å halde flyktningane med selskap og vere ein vanleg ven som ikkje kontaktpersonane kunne vere, var svært bra.

”Det er veldig begrenset hvor mye vi kan gå på hjemmebesøk og ha mer sånn sosiale funksjoner. Så det der tenker jeg at guidene de...det er et veldig stort behov hos mange flyktninger. Å føle at der er noen som har litt tid til å prate (...) En å praktisere språket med ikke minst!” (Europa).

Eg stilte fokusgruppene mine spørsmål rundt dette. Alle dei spurde hadde vore litt einsame i starten, men hadde ei veldig positiv innstilling. Både Mathilda og Vembi, som bur aleine, forklarte at dette hadde vore litt vanskeleg. Nokre av deltakarane hadde ektefelle og gjerne barn i landet. Mac kom til Noreg med familien sin og opplevde ikkje å vere einsam i startfasen. Likevel, då han oppdaga at han ikkje hadde andre å snakke med, vart han frustrert. I denne fasen var guiden til god støtte.

Sjølv om Moki lengta til sine næraste som framleis var heime, var deltakaren lukkeleg over å få kome til Noreg og leve eit trygt og godt liv. Moki var ein av fleire som hadde budd deler av livet i ein flyktningleir.

Fleire av dei spurde uttalte at det var fint at flyktningane, gjennom frivillig arbeid, fekk møte ”vanlege” menneske og privatpersonar.

Det kan også vere fint å møte andre i same situasjon. Verksemdleiaren i Ada trakk fram den gode stemninga i kvinnegruppa i Empo. Der hadde dei ein møtestad der alle kunne kome å vere seg sjølve. ”Det er mye glede å oppleve der borte. De har det veldig kjekt sammen!”. God stemning og trivsel var også gjennomgåande for dei andre tiltaka.

Ada-brukarane sjølv meinte også dei hadde hatt sosialt utbytte av tiltaka (Mortensen & Fosse, 2006). 74,1 prosent i undersøkinga svarte at deltaking i Ada hadde ”i stor grad” vore positivt for eigen trivsel og helse; 22,3 prosent svarte ”i nokon grad”. Det var ingen som ”ikkje i det heile” hadde hatt sosialt utbytte av Ada, men 2,7 prosent svarte ”i liten grad”. Det var endå meir positiv respons når det vart spurt om trivsel og helse hos barna. Svara fordelte seg på ”i stor grad” (80,7) og ”i nokon grad” (12,8).

Dei fleste brukarane av open barnehage nemnde behov for sosialisering som ein av grunnane til deltaking. Ein brukar av Bamsehiet fortalte at: ”Det var godt for meg å treffe andre med lignende opplevelser, og barnet mitt trengte sosial kontakt med andre barn og voksne” (Mortensen & Fosse, 2006, p. 27). Ein brukar av Bamsehiet framheva den gode stemninga i barnehagen, og syntes det var flott å kunne ete middag saman med nye kjente som ein stor familie. Fleire foreldre trakk også fram at dei meinte barna hadde utvikla seg sosialt i Bamsehiet som følgje av samværet med andre barn og voksne.

HEMIL-rapporten fortel at fleire nemner mangel på sosial kontakt for både seg sjølve og eigne barn som ein av årsakene til at dei deltar på Bamsehiet. Gjennom tiltaket får dei fylt eit behov dei ikkje får dekkja i det private livet.

Ein HSF-brukar var svært tilfreds med å få ein vaksen inn i familien å snakke med. Den vaksne kunne vere til god støtte.

5.1.1 Bra å bli sett saman med nordmenn

Einskilde av dei spurde kontaktpersonane trakk fram at sjølvbiletet til flyktingane kunne bli betre av å ha ein nordmann til ven. Når ein til dømes gjekk på kafé med guiden sin, kunne ein bli tatt for å vere to vener, to like personar. Mange flyktingar fekk ei god kjensle av dette. Oseania illustrerte dette ved å vise til eiga erfaring med ein av deltakarane sine. Då dei møtte kvarandre ute på gata tok flyktingen stolt tak i armen hennar slik at dei kunne gå arm i arm som to venninner.

5.2 NORDMENN VANSKELEGE Å KOMME INN PÅ

Alle i fokusgruppene svarte at nordmenn var vanskelege å kome inn på, men mange svarte og at dei trudde dette ville bli betre med tida i takt med betre språkkunnskapar. Nordmenn har ofte blitt skildra av utlendingar som litt kalde og lukka mot framande menneske. Deltakarane merka litt til denne kulturskilnaden. Vips fortalte at i heimlandet nærmast song og dansa folk i gatene og helste på kvarandre. Dei var gode vener med heile nabolaget, i motsetnad til i Noreg, der det ikkje er uvanleg at ein ikkje kjenner sin

eigen nabo. Eg spurde deltakarane om dei hadde noko kontakt med naboane, om dei brukte å helse på kvarandre eller slå av ein prat. Det var litt ulike erfaringar. Somme fekk kanskje et "hei" i blant, medan andre hadde eit nærare forhold. Vembi hadde ein god nabo, ein mann på over 60 år, som hjelpte til med å lese og forstå alle breva som kom i postkassa hans. Mathilda var også nøgd med naboane sine, som også hadde vore til hjelp i ei knipe tidlegare.

Moki og Vips mora seg med å snakke om korleis nordmenn ikkje helsar på gata, men helsar på tur i fjellet. Moki var freista til å gå på fjellet kvar dag for å skaffe seg vener. Der helsa jo folk og prata med framande.

Eit knippe av fokusgruppedeltakarane fortalte historier som kunne vitne om framandfrykt, men dette var ikkje noko deltakarane ønska å poengtere i særleg stor grad.

"Jeg tenker, eg vet ikke om folk på gaten er snille eller ikke, men nå har jeg venner og flyktningeguide og jeg kjenner andre nordmenn. Disse er snille, så da synes eg nordmenn er snille. Men de er litt rare (latter)" (Moki)

5.2.1 Ønsker vener av alle slag

Mange innvandrarak søker mot stader der dei kan møte fleire andre innvandrarak. Eg ville difor finne ut om dette hadde samanheng med at dei føretrekkjer andre innvandrarakvener eller vener frå same land som dei sjølve, eller om dei ønsker norske vener, men ikkje klarer å skaffe det og dermed søker mot andre innvandrarak dei veit dei lettare kan få innpass hos. Sjølv sagt spelar også mange andre faktorar inn.

Dei spurde fokusgruppedeltakarane støtta i alle fall ikkje opp om ein teori om at flyktningar helst vil ha vener frå same land. Moki ønskte både norske vener og innvandrarakvener. Ho ville unngå å berre ha vener frå same land, same kultur og religion som ho sjølve. Mac hadde ei forståing av omgrepet ven som ein person svært nær han. Han hadde difor ikkje eit ønske om å skaffe seg mange vener, men heller kjenningar. Han meinte det var nyttig med kjenningar frå ulike kulturar, slik at han kunne lære frå dei. Mac såg på ein ven som ein person som

”...man kan stole på i gode og vanskelige situasjoner. Det er den personen man kan fortelle forskjellige problemer, til og med de som en holder som private. Det er den personen som kan forstå disse problemene og følelser av den andre på en påpasselig måte, og vil konsentrere seg om å finne løsninger. Det er det som betyr ”venn” for meg.”

Med tida ønskte Mac å skaffe seg nokre, helst berre ein, norsk ven i hans forståing av omgrepet. Han meinte dette kunne ta tid, fordi det ville vere vanskeleg for ein nordmann å forstå han på alle måtar, og å forstå kulturen hans. Folk frå same land som han sjølve, kjende Mac nok av i Noreg. Han ønskte difor heller å møte fleire nordmenn.

For Gobo var det kvalitetane og samhaldet med personen som var det viktige, ikkje nasjonaliteten.

”Jeg tror at venn er venn. Vi må kjenne hverandre, like hverandre, respektere hverandre og være forståelsesfulle med hverandre. Det er viktigste.”

5.3 NETTVERKSBYGGING LETTAST GJENNOM ADA

Ingen av dei spurde kontaktpersonane hadde døme på at deltakinga i Flyktningeguiden hadde ført til særleg utvida nettverk. Oseania skulle særleg ønske at Flyktningeguiden kunne yte bidrag til meir nettverksbygging. Dette er eit av måla til Flyktningeguiden, men det er også det målet som er vanskelegast å oppnå, forklarte aktivitetskoordinatoren. Mange flyktningar manglar eit nettverk frå før. Difor ville det vore veldig flott om Flyktningeguiden kunne utretta meir på dette området. Likevel, dei fekk i det minste kontakt med guiden. Fekk oppleve det å være saman med ein nordmann, og oppleve å kanskje kome inn i ein norsk heim. Kontaktpersonane hadde ikkje særleg oversikt over deltaking i andre frivillige tiltak enn Flyktningeguiden, og visste derfor ikkje om nettverksbygging skjedde i andre organisasjonar.

I dei ulike tiltaka i Ada, derimot, ligg ting meir til rette for nettverksbygging. Her møter vaksne og barn fleire andre vaksne og barn over ein lengre periode. I dei opne barnehagane, inkludert Bamsehiet, var det ein god blanding av norske og

innvandrarfamiliar, i følge verksemdsleiaren. Det vart nyleg arrangert hyttetur for alle brukarane i dei opne barnehagane som ville vere med. Ein tur som slo positivt ut på nettverksbygging og som var svært populær. Fleire ville helst dra kvar helg.

Verksemdsleiaren kjende til døme på familiar som hadde halde kontakten også utanom møta i barnehagen, men ho var usikker på i kor stor grad dette skjedde. Slikt tek også tid. Likevel meinte ho å kunne seia at tiltaka hadde lukkast med nettverksbyggingsbiten.

Kvinnegruppa i Empo kunne også seiast å vere nettverksbyggande. Ikkje mellom nordmenn og innvandrarakvinner rett nok, men innvandrarkvinner imellom. Det å få utvide nettverket sitt var også ein av mange ulike grunnar til at kvinnene melde seg på aktivitetar i Empo. Staben i Empo jobbar også veldig medvete med å inkludere nye deltakarar.

Brukarane av Ada stadfester inntrykket dei tilsette hadde av at nettverksbygging skjedde i tiltaka. Ein brukar av Open Barnehage uttalte at: ”Vi har fått nye kontakter, nettverk. Det er en fin møteplass med god stemning” (Mortensen & Fosse, 2006, p. 22). I kvinnegruppa i Empo fortalte damene at dei hadde blitt kjent med andre innvandrarkvinner og fekk fleire kontaktar derfrå.

Flyktingane med guideerfaring, hadde på den andre sida ikkje fått særleg utvida nettverk gjennom si deltaking. Fleire av deltakarane i fokusgruppene hadde møtt guiden sine vener eller familie, men ingen melde om at dei hadde vennskapleg kontakt med desse personane. Guidane til Gobo inviterte iblant på fest. På fest hadde Gobo møtt nye folk, men ikkje fått nye vener. Det hende likevel at nokon helste eller slo av ein kort prat om dei møtte kvarandre på gata. Gobo hadde også vorte invitert heim til guidane sin familie ved høgtider og liknande. Mine erfaringar støttar også opp om dette. Mange får helse på folk nær guiden, men få koplingar skapar eit utvida nettverk av dette.

Ein av fokusgruppedeltakarane, Moki, hadde skaffa seg norske vener gjennom eit anna tiltak frå Raude Kross, nemleg leksehjelpen. Gjennom venen i leksehjelpen, hadde ho fått nye vener som ho kunne møte utan at denne jenta var til stades. Dette kan seiast å vere eit

døme på at nettverksbygging kan skje også i Raude Kross, sjølv om det er lettare i samanhengar som Ada legg opp til.

5.4 ULIKE MEININGAR OM EFFEKTEN PÅ SPRÅKET

Då eg spurde om kontaktpersonane merka skilnad, språkmessig, på folk med og utan flyktningeguide, vart eg ofte møtt med ein tenkepause. Fleire kunne ikkje seia tydeleg at dei hadde merka noko. Dei var positive til ordninga, men var usikre på om dei som vart guida skilde seg ut. Det vart likevel nemnd av fleire at det var svært nyttig at Flyktningeguiden gav deltakarane ein å praktisere språket saman med, då mange ikkje fekk snakka norsk med stort fleire enn kontaktpersonen og lærarane på Nygård Skole.

Alt i alt sto kontaktpersonane for tre ulike syn. Ei gruppe som hadde merka ein effekt i form av betre språk; ei gruppe som var i tvil, som kanskje kjente til enkelt døme, men ikkje kunne dra generelle konklusjonar; og ei gruppe som meinte at det ikkje var noko skilnad i språkkunnskapane på guida og ikkje-guida flyktningar.

Som sagt hadde einskilde kontaktpersonar døme på at somme flyktningar hadde utvikla seg positivt på språkfronten som følgje av deltaking i Flyktningeguiden. Asia, som var blant dei usikre, hadde to klare døme på at guidinga hadde vore til hjelp. Ei dame hadde hatt ein guide der det var klart frå dag ein at guiden først og fremst var tiltenkt ei rolle som leksehjelp. Det var dette dama ville ha ut av forholdet, og det fungerte veldig bra. Norskkunnskapane til deltakaren betra seg stort. Ein annan flyktning hadde tilegna seg eit breitt ordforråd då han og guiden brukte å diskutere ulike tema når dei møttes.

Raude Kross, på andre sida, låg meir vekt på at språket betra seg. Tilbakemeldingane flyktningane kom med, fortalte at dei sjølv meinte at språket hadde blitt betre.

Dei flyktningane eg snakka med var, som fleire av kontaktpersonane, ikkje heilt overtydde om at det var eit likskapsteikn mellom deltaking i Flyktningeguiden og betre språk. Dei kunne ikkje heilt svare på om dei merka skilnad på språkkunnskapane sine

samanlikna med flyktningar utan guide. Dei peikte på andre årsaker som hadde mykje å seia. Butid i Noreg er ein sjølvstøtt faktor. Mac nemnde også at kva nettverk ein er i spelar inn.

Dei spurde virka samde i at viljen til å lære seg språket er ein veldig viktig faktor. Dei som har som mål å lære fortast mogleg, vil ofte lære fortare enn andre. Gobo meinte klart at dette var den viktigaste faktoren.

”Jeg tror det er ikke stor forskjell. Det kommer an på personlighet. Noen er ikke så interessert i norsk. Noen har ikke guide, men er flinkere enn noen med guide. Det kommer an på hvor interessert du er i å lære.”

Mathilda peika på at det var ein fordel å kunne engelsk frå før av. Dette gjaldt i alle fall for folk frå same land som det ho kom frå. Mathilda hadde merka at ho tok grammatikken på eit lågt nivå lettare enn einskilde andre fordi ho kunne engelsk. I kombinasjon med at ho hadde flinke guidar, meinte Mathilda ho var litt betre enn mange ho kjente i norsk grammatikk.

Mac hadde møtt flyktningar utan guide som var betre enn han sjølv. Når han likevel tenkte på berre dei han gjekk saman med på MOKS, meinte han at grunna hans eiga avgjersle om å bli god i norsk, samt hjelp frå flyktningeguiden, hadde han blitt hakket betre enn desse. Mac viste meg også god skriftleg framstillingsevne.

Deltakarane i fokusgruppene meinte likevel at det at dei fekk praktisere språket med ein nordmann, hadde hatt positiv effekt på deira utvikling av språket.

”Det viktigste, når man lærer et nytt språk, er å praktisere det” (Mac)

Guidane kunne også hjelpe dei med lekser eller spørsmål om språk dei måtte ha. I tillegg var det nyttig trening å snakke med folk som brukte dialekt, slik dei fleste dei møtte utafør skulen og kommunen gjorde. Fleire peika på at norsk på skulen og ute på gata var veldig ulik. Om du ikkje hadde andre norske vener, ville ein guide vere veldig nyttig.

Bober, som hadde tre mislukka koplingar bak seg, følte seg ikkje kvalifisert til å svare på spørsmåla rundt effekten av guidinga, men hadde likevel trua på at det å ha ein guide ville vere veldig bra.

Sjølv har eg merke ein klar framgang på min eigen flyktning, men eg kan ikkje vite kor mykje av ”æra” me guidane kan ta på oss. Framgangen skuldast, kan hende, først og fremst skulegang på Nygård og ein bestekamerat som er betre i norsk enn i engelsk. Eg håpar og trur kanskje likevel at nivået på norsken hans hadde vore hakket dårlegare om han ikkje hadde møtt oss kvar veke i fasen der språket utvikla seg mykje. Sett bort frå i starten, har me snakka berre norsk til han. Unnataket var når me måtte ty til litt engelsk for å oversetje setningar og ord som vart for vanskelege. Me har ikkje oppført oss som lærarar, men me har gjerne fortalt han kva ting heiter på norsk når me merkar han ikkje kan orda. I tillegg har einskilde av aktivitetane me har gjort vore læring forkledd som moro. Me har sett film med norsk tale, og me har spelt spel der det må litt norsklesing, staving eller snakking til.

Ada-prosjektet gjer rom for praktisering, men eg har ikkje sjølv fått spurt deltakarane om nøyaktig kva deltakinga har hatt å seie for språkkunnskapane. Ei heller kunne kontaktpersonane seia noko spesifikt om deltakarar i Ada, anna enn det var bra for dei.

Rapporten gir ikkje klare svar på effekten av språket, men deltakarane i Empo synes det er bra at dei må snakke norsk. Det gjer dei ikkje i andre aktivitetar dei deltar i.

Tiltaka i Ada er i stadig utvikling og nye prosjekt vert starta opp når behov oppstår. Ada driv i dag ulike språkgrupper, som dei tilsette meiner har positiv effekt på språket. Få av desse tiltaka fanst når intervjuja og undersøkingane blant Ada-brukarane fann stad.

Grupper i Empo, slik som språkgrupper for mor og barn, persisk-norsk morsmålsgruppe og tamilsk leksehjelp meinte koordinatoren i Empo heilt klart hadde positiv effekt på språket. Verksemdsleiaren viste til alle språkgruppene spesielt for innvandrarbarn med foreldre i barnehagane og meinte desse hadde stor effekt på språkkunnskapane.

Organisasjonen jobba mykje med språk, og dei tilsette og frivillige i Ada rapporterte om

god effekt på dette arbeidet. Koordinatoren i Empo understreka eit anna godt poeng. Ho meinte at for å bli god i norsk, var det også viktig å ha eit godt fokus på eige morsmål, samt å vere trygg på eigen kultur og identitet. Dette arbeidet gjekk litt i kvarandre på Empo. Som brukarane av Ada fortalte, var også koordinatoren einig i at det at kvinnene fekk praktisert norsk i Empo var veldig bra. Ho meinte også at det for einskilde vart lettare å praktisere språket innafor trygge rammer saman med andre i same bås. Så kunne dei flinke hjelpe dei mindre flinke. Miljøet i Empo var veldig godt og opent.

Samarbeidet mellom empokafeen og Ny Sjanse-prosjektet til Bergen kommune, har eit klart mål om at språkpraksis skal vektleggjast. Tilbakemeldingane koordinatoren hadde fått frå dette samarbeidet var veldig positive. Det hadde klart vore ein effekt på språket.

5.5 LÆRDOM OM NORMER, REGLAR OG ROLLEFORVENTINGAR

Bymisjonen driv kurs både i dei opne barnehagane og i Empo. Kursa tek for seg kva normer og reglar som gjeld, og kva som vert venta av dei i ulike samanhengar.

Verksemdsleiaren meinte dette arbeidet hadde ein verknad. Språk- og arbeidspraksisen Ny Sjanse-deltakarar har på Kafé Magdalena lærer dei å snakke norsk samstundes som dei får arbeidspraksis. Dei får planlegge middagslaging, handle inn, lage mat og drive kafé. Dei lærer også korleis det er venta at ein tek i mot kundar her i landet.

I kvinnegruppa Empo vert slike saker ofte diskutert. Mange tek små og store saker og undringar opp under eit måltid. Andre tema vert teke opp på spesifikke temadagar.

Koordinatoren fortel at kvinnene er veldig oppteken av å lære og finne ut av korleis ting fungerer i Noreg. Korleis gjer ein ting her? Korleis gjer ein ikkje ting her? Kvinnene er oppteken av å forstå kodane me opererer med her i samfunnet. Einskilde temamøte har ein spesiell relevans til problem innvandrar kvinner møter, andre tema er slikt alle familiar kan trenge informasjon om. Med jamne mellomrom kjem helsesøster på vitjing og tek opp tema som kosthald og barn, skule, oppfostring og grensesetting. Dette er problematikk alle foreldre lurar på, men som kan vere ekstra vanskeleg for innvandrarar, som er vaksen opp med annan kultur og andre kodar, å orientere seg i.

Min eigen flyktning opererte i starten med såkalla "African time", det at ein ikkje er punktleg etter europeisk standard, noko som har hatt økonomiske konsekvensar for afrikanske land (Hellstrøm, 2007). Me rekna nesten med at det ville gå eit kvarter eller meir etter avtalt tid. Einskilde gongar avlyste han også avtalar i siste liten. Dette er ein kulturell kode som ikkje går godt i lag med norske normer og reglar om å kome til avtalt tid. Etter ein periode kom dette seg mykje. Dei siste gangane me møttest det året me var i koplinga, kom han ofte før oss, og det var me som var seint ute. Dette hadde han nok ikkje lært direkte av oss, men kanskje hadde nokon sagt i frå til han. I tillegg har han hatt jobb og skule å møte opp til i rett tid. Likevel kan det hende at det at han hadde faste avtalar med oss var med på å trene han opp til å møte til "business time"?

5.5.1 Bra med norsk vegvisar

Kontaktpersonane i MOKS viste alle at dei såg god nytte i å ha ein nordmann (eventuelt ein innvandrar med lengre erfaring i landet) som ein slags vegvisar. Ein flyktningeguide, men også ein familiekontakt i HFS eller ein støttespelar i Redd Barna kan vere ein slik vegvisar. Dei flyktningane kontaktpersonane jobbar med i introduksjonsprogrammet, er vanlegvis ikkje klare for å tre fult inn i arbeidsmarknaden enno. Eg var i starten interessert i å finne ut om ein flyktningeguide eller anna deltaking i eit frivillig tiltak kunne ha positiv effekt på arbeidssøkarprosessen, men eg såg raskt at dette vart ei feil vinkling. Mykje skal på plass før nyleg tilflytta flyktningar kan tre inn i yrkeslivet. Nord-Amerika uttalte likevel at ein guide, til dømes, kan ha positiv effekt på arbeidssøkarprosessen. Guiden kan vise veg i arbeidsmarknaden og forklare korleis ein til dømes finn ledige jobbar og korleis ein søker på desse. Frå eige frivillig arbeid kjenner eg også til døme på at guiden har ringt på bustadannonser og vore med på visning.

Det er mykje nytt å orientere seg i for ein nyleg tilflytta ny landsmann eller kvinne. Aktivitetskoordinatoren i Raude Kross såg ein klar verdi i at flyktningar fekk tilgang til det norske gjennom kontakt med ein nordmann.

"At 70 personer hvert år får en nordmann til å lære seg hvordan nordmenn er, er veldig bra."

Fokusgruppedeltakarane kom med fleire døme på saker som guidane hadde hjelpt til med. Utfylling av søknadsskjema, hjelp til å finne jobbannonsar, hjelp til å handle og å finne klede på sal og omvising i byen var nokre av tinga guiden kunne hjelpe til med, som ein slags vegvisar. Vips fekk hjelp av guidane sine til å skaffe seg straumleverandør.

Fleire av flyktingane hadde lite eller inga erfaring med internett. Guidane hadde vore til stor hjelp med å lære dei å finne fram til informasjon på nettet og å til dømes bestille billetter over internett. Det er mykje å lære som er nytt for mange av flyktingane.

Bober meinte det var fint å ha ein guide, då det var veldig vanskeleg å kome inn og forstå samfunnet og kulturen her i landet. Moki forklarte ho brukte å sjå på folk, korleis dei gjorde daglegdagse gjeremål, for så å kopiere det dei gjorde.

5.6 EMPOWERMENT

Som namnet tilseier har Empo fokus på empowerment. På Empo legg ein til rette for at kvinnene skal finne sitt talent og få utfolde det. Deltakarane på Empo får lov å definere litt sjølv kva dei ønskjer å drive med. ”Mange har masse ressurser som vi prøver å tilrettelegge for”, forklarte verksemdleiaren. Eit døme på dette var ein Empodeltakar som driv med babymassasje, som no får løn av Bymisjonen for å drive kurs i dette i Empo si tverrkulturelle kvinnegruppe. På same måte kan kvinner som er veldig flinke til å lage mat, få løn for å halde kurs for andre. Målet er at kvinnene skal oppleve meistring. Mange har høg utdanning, men strevar med å få jobb. Då er det viktig å føle at dei får brukt kunnskapane sine og gjer nytte for seg, meiner verksemdleiaren.

Verksemdleiaren illustrerte korleis arbeidspraksisen Ny Sjanse-deltakarar har hatt i Kafé Magdalena har gitt dei ei kjensle av empowerment. Fleire har ikkje vore i arbeid nokon gong, og då er Kafé Magdalena ein fin og trygg plass å starte. Verksemdleiaren brukte sterke ord når ho skildra det å bruke Bymisjonen som springbrett ut i arbeidslivet. Det er ein fantastisk flott start som gjer dei tilsette ei veldig nyttig erfaring å byggje vidare på.

5.7 POSITIV RESPONS

Fokusgruppedeltakarane stadfester det positive inntrykket av frivillig arbeid og av flyktningeguideordninga. Dei eg snakka med, som hadde halde på same guide/guidar, såg ut til å ha god utbytte av guiden. Med takksemd i stemma forklarte Vips at "Det hjelper så mye!". Til og med Bober, som hadde vore uheldig med guidane sine, meinte ordninga var bra sjølv om det ikkje hadde fungert i hans tilfelle.

Vips fortalte familien sin og venene sine om guiden. Ho fortalte dei var glade på hennar vegne over at ho hadde fått så god hjelp av guiden.

Rapporten om Ada fortel om (svært) nøgde brukarar. Empokvinnene som vart dybdeintervjua, kunne ikkje sjå at det var noko ved tilbodet som kunne bli betre. Einaste måtte vere at det skulle vere opent oftare, spesielt om somrane.

Responser kontaktpersonane hadde fått frå deltakarar i Flyktningeguiden, og også i andre frivillige tiltak var god. Flyktningane hadde stort sett vore svært nøgde. Raude Kross hadde også fått tilsvarende positive tilakemeldingar. Nesten 100 prosent av deltakarane gav tilbakemelding om at dei var positive til det meste ved ordninga det året koplinga hadde vart, i følgje aktivitetskoordinatoren.

I rapporten om Ada, kunne ein innvandrar fortelje om empatiske og flinke personale som gav god støtte i omstillingsfasen som ny i landet.

Vidare i rapporten frå HEMIL-senteret fortel Mortensen og Fosse at alle frå Empo som fylde ut spørjeskjema seier seg svært nøgd med gruppa. I dybdeintervjua vert det forklart nærare kva som er så bra med kvinnegruppa.

"Det som er bra er at innvandrekvinner kan sosialisere. Jeg har lært så mye på EMPO. Det er så mange forskjellige kulturer. Kvinner fra forskjellige land snakker om sine land og kulturer. Vi kan hjelpe hverandre og få hjelp, jeg føler meg rik av å være her, har blitt en bedre person" (Mortensen & Fosse, 2006, p. 36)

”EMPO har endret måten jeg ser ting på. Tidligere var jeg skeptisk til andre kulturer, men når kvinner frå forskjellige land snakker om sine kulturer, så ser en mange positive ting, også i kulturer en kanskje har vært kritisk til. Vi respekterer hverandre og ser hverandre som like” (Mortensen & Fosse, 2006, p. 36)

5.8 GJENSIDIG LÆRDOM KAN HA POSITIVE EFFEKTER

Eine kontaktpersonen, Nord-Amerika, understrekar eit poeng som også Raude Kross legg vekt på. Det at det ikkje berre er flyktingen som skal lære noko frå guidinga, men også guiden. Medan guiden kan yta bidrag med kunnskapar og erfaringar han har frå samfunnet sitt, kan flyktingen lære guiden om heimlandet sitt og kulturen der. Flyktingen kan ”lære bort” og vise ein nordmann korleis ein flykting kan vere og korleis dette skil seg frå negative stereotypiar av ein flykting. Når guiden då fortel vidare til nettverket sitt om korleis flyktingen er, eller når guiden sine vener og familie får møte flyktingen, er dette med på å gi ein motvekt til dei stereotypiane som eksisterer.

5.9 FRIVILLIG ARBEID UTFYLLER OFFENTLEG ARBEID

Eg bad kontaktpersonane kome med tankar om korleis ein flyktingeguide (sidan det var dette arbeidet dei kjente best til) utfylte ein kontaktperson.

Ein kontaktperson jobbar som fortalt opp mot ei lov og ei målsetjing. Flyktingen legg på ein måte livet sitt i henda på kontaktpersonen, som Asia forklarte. Kontaktpersonen er der frå dag ein og organiserer alt som må gjerast. Ein eventuell flyktingeguide kjem inn på eit seinare tidspunkt når ting er på plass. Når ting er på plass er det spesielt på det sosiale feltet frivillig innsats er nyttig. Dette fortalde alle dei spurde kontaktpersonane.

Asia meinte ein flyktingeguide gjorde eit utfyllande arbeid ved å hjelpe til med å praktisere korleis det er å vere norsk. Dette nemnde også aktivitetskoordinatoren i Flyktingeguiden var viktig supplerande arbeid, både moglegheitene det gav til å

praktisere språket og å lære seg det å fungere i Noreg, rett frå kjelda. Oseania forklarte dette slik:

”Tenker jo sånn at primært er det jo min oppgave å lære folk opp til hvordan samfunnet fungerer mye på det offentlige planet. Så kan guiden ta det private planet, eller uformelle planet. (...) Det som skjer frå 8-16, på det planet, er det jeg går inn å lærer de (...)og så er guiden inne på det andre.”

Oppsummert vil ein frivillig kunne utfylle ein kontaktperson ved at personen har tid til sosial omgang og har tid til å vere ein å praktisere med og lære dei små kvardagslege tinga av. Av fokusgruppedeltakarane kommenterte også Mac dette.

”Man kan egentlig får praktisk opplæring av det norske samfunnet fra en god flyktningeguide, synes jeg.”

Flyktningane såg både guiden sin utfyllande rolle og guiden si avlastande rolle. Mathilda måtte spørje kontaktpersonen sin om mykje før ho fekk guide. Etter at ho kom inn i ei kopling var det mykje ho heller kunne be guiden om hjelp til.

Det er dei små tinga, som eigentleg ikkje er kontaktpersonen sine oppgåver, som guiden kan hjelpe med. Kontaktpersonen ordnar rammeverket, guiden ordnar dei små tinga ein treng for å betre trivselen. I ein guide har dei ein å spørje om ulike saker og ein som kan vise dei rundt. Ein som kan assistere med til dømes det som er nemnd under vegvisaravsnittet. Ikkje minst kan guiden vere ein ven.

”MOKS er kontor og jobb og regler. De kan ikke gå ut sammen med deg” (Gobo)

”Vi trenger venner” (Mathilda)

Verksemdleiaren i Ada meinte kanskje at organisasjonen sit arbeid og tilrettelegging for nettverksbygging var av dei viktigaste bidraga dei ytte til å utfylla det offentlege arbeidet. Ho meinte dei supplerte den sosiale biten godt. I tillegg understreka ho nytten av språkopplæringa dei dreiv med, og meinte dette også var eit viktig supplement. Ho såg

også språkopplæring i kombinasjon med arbeidstrening i form av småkurs og liknande som nyttig. Alt arbeidet var i grunn viktige supplement, meinte ho. Responsen frå deltakarane kan tyde på at dette stemmer veldig godt.

I tillegg nemnde både verksemdleiaren og koordinatoren i Empo arbeidet organisasjonen gjer mot omskjerjing av kvinner. Kommunen, gjennom MOKS, "Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging" og helsestasjonen, gjorde mykje godt arbeid. Likevel var organisasjonen sitt arbeid viktig for å auke kunnskapane om, og fokuset rundt, tema enno meir.

Verksemdleiaren fortalte om eit samarbeid med ein anna kommune om utdanning av såkalla informatørar med kunnskap om omskjerjing. Empo sine lokal og ressursar vart nytta til dette, men etter avslutta kursing, ville informatørane jobbe utanfor organisasjonen.

Både verksemdleiaren og Empo-koordinatoren presisere at tiltaka innafor Empo, samt Ada, jobbar komplimentert til det offentlege. Samarbeidet dei to sektorane i mellom er godt, vart det sagt.

5.10 NAUDSYNT MED FRIVILLIGE ORGANISASJONAR SITT SUPPLEMENT?

Dei tilsette i Ada meinte arbeidet dei dreiv var eit naudsynt tilbod. Kontaktpersonane i MOKS var litt meir uklare. Nokre sa ja, det var eit naudsynt tilskot, andre brukte ordet viktig. Responsen frå brukarane av tiltaka kan tyde på at det er naudsynt at eit slikt tilbod eksisterer, slik at dei som treng meir språktrening eller ønskjer å møte fleire menneske har den sjansen. Likevel, ikkje alle har eit behov for supplementet dei frivillige organisasjonane tilbyr, men for einskilde grupper kan det tyde på at tilbodet er ekstra viktig.

Fleire av kontaktpersonane nemnde overføringsflyktningar, som kjem direkte til landet utan å ha vore på asylmottak først, som ei gruppe som i mange tilfelle vil trenge hjelp

utover det kommunen kan tilby. Mange av disse kjem frå land og kulturar heilt ulik vår eigen. Dei burmesiske overføringsflyktningane, mellom anna, kjem ofte frå landsbyliv og har levd utan elektrisitet og budd under heilt andre forhold. Dei er heller ikkje vande med byliv og bilar og dei er ikkje vande med dei systema me har i Noreg, kunne Sør-Amerika fortelje. Desse vil nok profetere veldig på å ha ein guide.

Småbarnsforeldre vart også nemnde. Det kan vere nyttig å bli guida av andre i same situasjon. Sør-Amerika peikte på at det kan vere vanskeleg å oppdra barn og passe på barn når ein manglar det nettverket av foreldre, søsken, besteforeldre og anna slekt som dei fleste norske småbarnsforeldre har rundt seg. Det er og mykje som er annleis med å oppdra barn i Noreg og i andre land. Mellom anna er det ikkje lov å slå barna sine som straff, og det er vanleg at barna driv med organisert idrett/musikk på fritida. Oseania, som fortalde dette, brukte sjølv fortelje om barna sine og korleis dei gjorde ting heime hos seg. Det kan vere greitt å lære slikt frå ein guide, eller ein familiekontakt, ein stolar på.

Til slutt vil deltaking i frivillige tiltak vere spesielt godt egna for einsamme menneske som ikkje får dekka sitt sosiale behov utanfor arbeidstida til kontaktpersonen. Ein guide eller ei kvinnegruppe kan gjere kvardagen lettare her.

5.11 KVALITETSSIKRING

Dei tilsette på MOKS var ikkje særleg uroa over at frivillige flyktningeguidar skulle vere av god nok kvalitet til å oppta timar i introduksjonsprogrammet. Det viktige her var at flyktningane fekk møte ”vanlege” menneske - at dei fekk møte privatpersonar. Kontaktpersonane såg på flyktningeguidane som kvalifiserte for jobben i den forstand at dei var interesserte i å vere til hjelp for andre menneske.

”Nei, jeg har like mye tro på engasjement da. At man er interessert. Og de som melder at de vil være guider, de tror jeg jo gjør det fordi de er interessert. Pluss at det er spennende. Så jeg tror jo det er det som teller mest for flyktningene, at det er noen som er litt interessert i de og hører på de (...) Det å være sosial trenger jo ikke være noe faglig på en måte” (Europa)

Dei MOKS tilsette stolte på at Raude Kross budde guidane på oppgåva som venta dei. Somme poengterte også at det var Raude Kross sin jobb å kvalitetssikre ordninga, ikkje MOKS sin. Dei hadde tiltru til at Raude Kross visste kva dei dreiv med og stolte på at dei tok kontakt dersom det oppsto problem. Afrika understreka likevel at det var viktig at guidane ikkje gav feilinformasjon til flyktningane. Når dei informerer om kva som er mogleg i landet må dei vere sikre på at det stemmer.

Raude Kross på si side prøver å kvalitetssikre ordninga gjennom å ta seg tid til å finne koplingar der guide og flyktning er ein så bra som mogleg ”match”. Det kan medføre litt venting for både flyktning og guide, men tilbakemeldingane har likevel vore gode om dette. Dette kan eg også stadfeste etter mine intervju på MOKS. Aktivitetskoordinatoren påpeikte det same som kontaktpersonane; det at dei frivillige var genuint interessert i flyktningane hadde ein stor verdi.

Som eit nytt ledd i kvalitetssikringa, var eit prosjekt med ei oppfølgingstelefonteneste i gang. Einskilde guidar hadde etterlyst betre oppfølging frå Raude Kross undervegs (kvar kopling får fortalt om sine erfaringar på eit spørjeskjema når koplinga har vart eit år), og dette ville organisasjonen gjere noko med. No er dette arbeidet i gang og eg er sjølv ringekontakt. Mi oppgåve er å ringe til guide og flyktning, separat, i fem koplingar og høyre korleis det står til. Slik får guide og flyktning høve til å fortelje om saker som er vanskeleg, eller dei kan skryte over at alt står bra til. Som ringekontakt ringer eg opp deltakarane tre gonger i året; etter tre månadar, etter seks månadar og etter ni månadar.

I tillegg til møte mellom Raude Kross og koplinga, møter MOKS og Raude Kross kvarandre med jamne mellomrom. Då kan aktuelle problem bli tatt opp, og MOKS får eit oversyn over kapasiteten på guidar for tida.

I Ada jobbar dei stadig med å finne ut av kva som fungerer, kva som ikkje fungerer og kva behov som finst. Det er ikkje eit problem å tilpasse seg undervegs. Organiseringa har blitt betre sidan rapporten frå HEMIL-senteret kom. Rapporten avdekkja at få brukte fleire av tiltaka saman, og mange visste ikkje om kva andre tilbod som fanst i Ada. Synergien

mellom tiltaka har difor i den siste tida blitt mykje betre, kunne verksemdleiaren fortelje. For at informasjonen skulle flyte betre mellom tiltaka, er nokon tilsett i fleire tiltak og kan dermed lettare informere brukarane av eit tiltak om eit anna Ada-tiltak. På stabsmøta er no alle tilsette med, også dei i småstillingar.

Verksemdleiaren var oppteken av å finne gode folk til dei frivillige oppgåvene. ”Vi ønsker å stå for kvalitet, så vi må hele tiden sikre oss at vi får folk som jobber på en måte som vi synes er viktig”. I HSF ligg det ekstra ansvar på den frivillige. Dei frivillige her må gjennom samtalar med leiinga, for så å gå igjennom eit lengre kurs som skal bu dei på oppgåva. ”De blir utdannet rett og slett!”.

5.11.1 Ulike meiningar om involvering frå kontaktpersonar i frivillig arbeid

Det var tilsynelatande uvisse blant kontaktpersonane rundt dette med å vere med flyktningen på ulike møte i samband med oppstart av ei kopling i Flyktningeguiden. Einskilde meinte det før hadde vore fast at kontaktpersonane hadde delteke på møta, andre hadde ikkje kjennskap til dette. No var det mykje avhengig av kapasitet. Kontaktpersonane er travle menneske. Einskilde fann likevel tid til å prioritere dette fast.

”Det er veldig greit å treffe guidene. Skjønner jo mer hva vår deltaker snakker om når han forteller. Det er lettere for meg å spørre ”hvordan går det med guiden, treffes dere” og såne ting” (Sør-Amerika).

Mange etterlyste fleire oppdateringar om korleis det går med koplinga. Slik det er i dag, får kontaktpersonane stort sett berre høyre når det ikkje går så bra med koplinga. Fleire nemnde også at dei helst såg at kontaktpersonane fekk melding om når koplinga var kome i gang. Ofte gjekk dei rundt og trudde flyktningen var blitt kopla med ein guide, men så viste det seg at det enno ikkje hadde skjedd.

Her var det likevel ulike meiningar blant dei tilsette. Ei gruppe såg på Flyktningeguiden og liknande tiltak som noko som var flyktningen si eiga sak, noko han gjorde utanom og noko som han skulle få styre sjølv. Introduksjonslova handlar om å bli sjølvstendig, så

dette var ein sjanse til å sysle med noko uavhengig av kontaktpersonen, meinte Afrika. Afrika stilte gjerne opp dersom det var noko, og var gjerne med i starten av koplinga, men følte ikkje at meir enn dette høyrde inn under jobben.

Det danna seg ein interessant diskusjon rundt dette med ein av informantane. Eg hadde fått fortalt frå Oseania ei historie om ei kopling som mislukkast då guiden, med gode føremål, hadde fortalt flyktingen sin om organisasjonar som dreiv med oppsporing av familie. Flyktingen var i Noreg utan sine næraste. Etter dette hadde flyktingen reagert med redsle og vart vanskeleg å ha med å gjere. Guiden ringte etter kvart til Oseania og forklarte situasjonen og bad om råd. Oseania kunne då forklare guiden at grunna forholda i heimlandet, så var flyktingen livredd for at noko skulle skje med familien dersom dei vart spora opp. Oseania kalla inn flyktingen til møte, og forklarte at guiden ikkje var klar over farane ved dette. Guiden hadde berre hatt gode føremål. Kontaktpersonen fekk dermed ordna opp i situasjonen, sjølv om forholdet aldri blei heilt det same mellom flykting og guide.

Då eg brukte denne historia for å illustrere oppfølging og samarbeid mellom Raude Kross og MOKS under intervjuet med Antarktis, kom det fram eit syn om at guiden her handla feil. Antarktis kritiserte guiden litt for å ikkje ha sett seg godt nok inn i landet og bakgrunnen flyktingen kom frå. Hadde guiden gjort dette, ville han visst at ein ikkje bør ta opp slike tema med ein person derifrå. Antarktis meinte óg ein burde vente i det lengste med å blande ein tredjepart inni problema sine. Først burde dei to prøve å løyse problemet med å snakke seg i mellom. Ein bør unngå å gå over hovudet på den det gjeld, som ein gjer når ein kontaktar andre personar for assistanse. Flyktingen måtte ikkje føle det slik at alt han sa vart rapportert vidare. Antarktis meinte at ein sjølvsgat skulle ha høve til å be kontaktpersonen om råd, men at problemet først måtte bli forsøkt løyst med den det gjaldt.

Eg prøvde å finne ut kva flyktingane sjølv meinte om dette. Først og fremst var det vanskeleg for mange å førestelle seg ein situasjon der dei sjølv og guidane hadde problem. Gobo var den med klarast meiningar om saka. Han meinte det ikkje var alle

saker det var greitt at guiden gjekk til kontaktpersonen for hjelp om. Guidane kunne heller kontakte Raude Kross og aktivitetskoordinatoren kunne hjelpe til med å løyse problemet. Slik fungerer det også i hovudsak i Raude Kross i Bergen i dag, særleg etter at den nye oppfølgingstenesta er på plass. Dei andre som uttalte seg hadde ikkje like klare meininger. Mathilda meinte det kanskje var i orden at guiden bad kontaktpersonen om råd, men meinte også at det kanskje heller var ei oppgåve for Raude Kross. Vips hadde ingen problem med at guiden kunne ta kontakt med kontaktpersonen, men meinte at problema best kunne løysast av guide og flyktning seg imellom.

5.12 OPPSUMMERING - HOVUDPUNKT

Resultata indikerer at frivillige organisasjonar står for ein viktig del av integreringsprosessen, i form av sosiale tilbod og nettverksbygging. I tiltaka er det lagt til rette for dette. Organisasjonane dekkjer her eit behov mange flyktningar har, som ikkje det offentlege tilbodet, i form av introduksjonsprogrammet, kan fylle. Frivillige organisasjonar driv også ekstra språktrening og gir innflyttarane ein sjanse til å praktisere språket meir. Dette er nyttige tilbod for dei som føler dei treng meir trening. Organisasjonane verkar gode til å oppdage behov flyktningane har, og å få i gang tiltak for å betre situasjonen deira.

Responser frå både dei som jobbar med flyktningar og flyktningane og innvandrarane sjølve er gjennomgåande positiv. Det er få klager på tilboda. Dei fleste er godt nøgde, andre er svært nøgde. I neste kapittel vil eg mellom anna drøfta om dei frivillige tiltaka er ei solskinshistorie utan sidestykke, eller om det finst negative sider ved tilboda.

6 DISKUSJON OG ANALYSE

I dette kapitlet vil eg diskutere resultata frå førre kapittel. Eg vil anvende teori og tidligare forskning for å prøve å forstå kvifor ting er som dei er, og for å finne sterke og svake sider ved det frivillige tilskotet. Eg vil nytte meg av funn frå Integreringsbarometeret til IMDi, som representant for synet til majoriteten, til vidare diskusjonar fordi integrering også handlar om majoriteten som skal inkludere.

6.1 KVIFOR HAR NYTILFLYTTE FLYKTNINGAR SÅ VANSKELIG FOR Å SKAFFE SEG VENER AKKURAT I NOREG?

”Kvifor slik akkurat her” - spørsmålet blir ofte brukt til å forklare kva geografifaget går ut på. Eg føler at nettopp dette spørsmålet passar fint som grunnlag for å diskutere mangelen på norske vener. Det er viktig å diskutere nettopp dette, ettersom undersøkingane mine viste, som andre har vist før meg, at mange flyktningar er einsame eller har vanskar med å finne norske vener.

6.1.1 Arena og anledning

Nordmenn møter venene sine på skule, arbeidsplass, i lag og organisasjonar; plassar der dei treff dei same menneska regelmessig, eller gjennom vener og kjente. Kontakten må skje på ein sosialt akseptert arena.

Flyktningane deltek i introduksjonsprogrammet dei første to åra dei er her, meir eller mindre. Dei får ikkje gått på norsk skule eller utdanning for å treffe folk der. Henriksen (2004) understrekar dette poenget ved å vise til statistikk som fortel at halvparten av innvandrarane i jobb eller skule har dagleg kontakt med nordmenn på fritida. Tilsvarande tal for dei arbeidslause er berre åtte prosent.

Deltaking i organisert idrett er noko mange grupper flyktningar er ukjende med. Dei er ikkje vande med organiserte fritidssystemer frå heimlandet, og har difor vanskeleg med å forstå konseptet. I eit intervju med Aftenposten sitt fredagsmagasin forklarar fotballtrenar Abdulkadir Ibrahim at det har teke han tre år å lære somaliske foreldre kva kontingent, dugnad og frivillig innsats vil seie (Tveitereid, 2007). Dei kontaktpersonane som uttalte seg om emnet, meinte også at deltaking i idrettslag oftast ikkje var aktuelt før på eit seinare tidspunkt når dei var meir etablerte i landet. Det same vil eg tru gjeld for andre organiserte fritidssystemer. Sett bort frå religiøse samfunn, vil difor flyktningar i introduksjonsprogrammet i liten grad treffe nordmenn regelmessig i organiserte fritidssystemer.

Sett i forhold til mange andre folkegrupper, har nordmenn større krav til kva som er vanlege arenaer og anledningar for å finne vener. Spesielt meiner eg dette gjeld anledning. Torgalmenningen i Bergen er ein kjent møteplass, ein kjent arena. Likevel, få nordmenn ville vere einige i at dette er ein god plass å treffe nye vener. Få nordmenn har for vane å treffe nye vener ved andre arenaer og anledningar enn dei nemnd over, i tillegg til å treffe nye kjenningar gjennom andre vener. Blant andre folkegrupper kan Torgalmenningen vere både ein god arena og anledning til å treffe nye vener.

Miguel A. Gutierrez frå Mexico fortel i eit portrettintervju i Bergens Tidene om den same problematikken (Askvik, Evensen, & Pedersen, 2008). Gutierrez trudde først det var han det var noko gale med når ingen snakka til han. Sidan oppdaga han at nordmenn treng ein god grunn for å starte ein samtale. Ein slik grunn kan vere at ein jobbar saman. Å sitje saman på bussen er ikkje ein slik grunn for nordmenn, men er vanleg skikk for mexicanarar.

Når dei nyttilflytta flyktningane ikkje kan delta i stor grad på dei arenaer og anledningar der nordmenn blir vener, og heller ikkje kan møte nordmenn på dei arenaer og anledningar som er vande for dei, blir det vanskeleg å skaffe seg norske vener dei første to åra i introduksjonsprogrammet. Det å skaffe seg arbeid eller utdanning der ein møter nordmenn daglig kan likevel ikkje seiast å vere inngangsbilletten til nye venskap. Hernes

& Knudsen (1990) sine undersøkingar viser at berre ein av ti nordmenn med innvandrarak som kollegaer, møter desse kollegaene privat også. Eg vonar at tala har auka litt dei siste 18 åra.

6.1.2 Språkbarrieren

Fleire i fokusgruppa mi såg språkbarrieren som ein viktig årsak til at dei ikkje hadde mykje kontakt med nordmenn. Når dei lærte seg språket betre, meinte dei at nordmenn ville ha lettare for å bli kjent med dei. Då kunne dei uttrykkje betre kven dei var som person. Gode språkkunnskapar vil også gjere det lettare å kome inn arbeidslivet eller vidare utdanning, der ein kan treffe nordmenn.

6.1.3 Kommunitarismen: Staten har teke over ansvaret menneska har for kvarandre

Om nordmenn, eller andre skandinavar, tek seg mindre av naboane sine enn folk i land der staten har mindre innflytelse, kan eg ikkje uttale meg om. Difor må eg diskutere ut frå ei hypotese om at dette stemmer og kva verknader det kan ha ført til.

Eit interessant fenomen er at langt fleire er positive til at staten skal ta i mot fleire flyktningar som treng vern enn at heimkommunen skal ta i mot fleire flyktningar. Integreringsbarometeret 2006 (IMDi, 2007a), viser at 17 prosent av folket meinte det passa heilt med eiga oppfatting at Noreg burde ta i mot fleire flyktningar som trong vern, 38 prosent meinte det passa ganske godt. Når spørsmålet gjaldt busetjing i heimkommunen var det berre 10 prosent som meinte det passa heilt med eiga oppfatting, og 28 prosent som meinte det passa ganske godt. Dette kan tyde på at enkelte meiner staten har eit ansvar, men at dei helst vil sleppe å gjere noko sjølve. Eit større fleirtal frå undersøkingane ser også ut til å meine at kommunen har eit stort ansvar for å integrere flyktningar, spesielt ved å ta ansvar for norskundervisning og ved å tilby praksisplassar. Kommunane bør, i følgje fleirtalet i utvalet, også gå framføre med eit godt døme og tilsetje fleire av utanlandsk opphav.

Alt dette kan sjåast på som støtte til kommunitaristisk teori om velferdsstaten. Denne skilnaden kan også sjåast på som støtte til den kommunitaristiske tankegangen om at framande kulturar er bra, men passar ikkje inn med eigen kultur. Ei gruppe nordmenn er positive til å gje framandkulturelle flyktningar eit betre liv, men negative til å la det livet bli i heimkommunen sin der kulturane ikkje passar saman.

Det at så mange er positive til at stat og kommune skal integrere, sett i forhold til dei generelle haldningane til innvandring kan ha ulike forklaringar. Dei som er positive til innvandring, vil etter alt å døme også meine at det offentlege bør leggje til rette og tilby mellom anna norskundervisning. Nokre av dei meir negativt innstilte vil kanskje meine at når flyktningane først har kome til landet, er det best å få dei til å lære språket og få dei i jobb, slik at dei ikkje lastar samfunnet. Gruppa i mindretal som meiner at kommunane ikkje skal ha særleg ansvar for integreringsarbeidet, kan, slik eg ser det, anten vere innvandringsmotstandarar eller menneske med ein kommunitaristisk tankegang. Anten meiner denne gruppa at flyktningane sjølv har plikt i å tilpasse seg og lære seg språket, eller så meiner dei at det ikkje bør være det offentlege sitt ansvar, men nærmiljøet og medmenneska sitt ansvar.

6.1.4 Nordmenn skeptiske til flyktningar og innvandrarar

IMDi (2007a) konkluderer med i Integreringsbarometeret 2006 at på mange området er skepsisen i det norske folket til innvandring og innvandrarar aukande frå året før. Dess fleire som ikkje ønskjer flyktningane velkommen, dess vanskelegare er det for flyktningane å finne seg vener og kjente. Spesielt, melder rapporten, er denne skepsisen retta mot muslimar. Mange gir opp at internasjonal terrorisme er skuld i dette. Det skal seiast at det norske folket i stor grad er skeptiske til religiøse organisasjonar og kyrkjelydar som eit heile, men det er fleire som er i mot innvandring av muslimar enn det er som er i mot innvandring generelt (IMDi, 2007a).

På spørsmålet, fortalt over, om Noreg burde ta i mot fleire flyktningar som trong vern meinte 16 prosent av folket at det passa ikkje i det heile med eiga oppfatning. Fleirtalet i folket er ikkje særleg skeptisk til mottak av flyktningar, men tala viser at det er ei relativt

stor gruppe som ikkje ønskjer å ta i mot flyktningar til landet. Når det vart snakk om å ta i mot flyktningar i heimkommunen, auka denne mest skeptiske gruppa til 27 prosent av folket.

Ein del av folket er redd for at innvandring skal utgjere ein trussel mot vår nasjonale eigenart. Atten prosent meinte dette passa heilt med eiga oppfatning og 21 prosent meinte det passa ganske godt.

Media kan seiast å spele ei delaktig rolle i enkelte nordmenn sin framandfrykt eller skepsis til innvandrarak. Som vist tidlegare, er media ei hovudkjelde for mange, og kanskje einaste kjelde for enkelte, til informasjon om innvandrarak. I media er det kriminalsaker som dominerer, og dette gir eit skeivt bilete av korleis innvandrarak er. Dei andre sidene vert ikkje representert. Det må likevel nemnast at media i stor grad dekkjer, med negativ omtale, sakar som omhandlar rasisme og høyreekstreme ytringar. Diskriminering i praksis, derimot, er ikkje vaktbikkjene like flinke til å ta opp (Lindstad & Fjeldstad, 1997). Sjølv om det finst ein del negative haldningar, må me ikkje gløyme all den støtta ulike lokalsamfunn har gitt personar eller familiar av innvandrarakgrunn som har hamna i ein vanskeleg situasjon og til dømes er truga av eit utkastingsvedtak (Ashok-saka og Tanja-saka til dømes).

6.2 ORGANISASJONANE SI ROLLE OG DEIRA BIDRAG

Det er ikkje eit spørsmål om dei frivillige organisasjonane er eit substitutt eller eit supplement i forhold til det offentlege sitt arbeid med integrering av flyktningar. Dei store, frivillige, organisasjonane eg har vore i kontakt med og lese om, er veldig klare på at dei har ei supplerande rolle i integreringsarbeidet. Organisasjonane kan vere pionerar og finne fram til nye måtar å hjelpe på og dei kan vere tenesteytarar som leverer velferdstenester dei meiner manglar. Organisasjonar som jobbar med integrering fremmar verdiar om gjensidig respekt, forståing, toleranse og venskap. Dei nyttar i stor grad frivillige engasjerte i arbeidet sitt. I denne grad fyller ikkje berre organisasjonane som

driv integreringsarbeid i Bergen og Noreg berre ei av Kramer (1981) sine rolleskildringar, men har trekk frå fleire.

6.2.1 Organisasjonane sitt bidrag til integreringsarbeidet

Dei frivillige organisasjonane tilbyr løysingsforslag på problema knytte til den manglande kontakten mellom flyktningar og nordmenn. Etersom det er vanskeleg for flyktningane å møte nordmenn på ein akseptert arena og i ein akseptert anledning den første tida i landet, har organisasjonane prøvd ulike metodar for å skape kontakt. Flyktningeguiden og HSF lar folk hoppe over biten med å bli kjende med kvarandre på ”naturlig og tilfeldig vis”. Her blir menneske som ønskjer ein ny ven kopla med andre som ønskjer ein ny ven eller støttespelar, utan at nokon av dei krev at det skjer på riktig arena og i ein passande anledning. Bymisjonen har skapt opne barnehagar der nordmenn og innvandrarar og barna deira kan møtast. Barnehagane tilbyr både ein arena og ein anledning for å bli kjent med nye folk. Redd Barna jobbar for at barn skal få etablere seg i skule og organiserte fritidssysler, slik at det blir lettare å skaffe seg vener på sin eigen alder.

Denne typen tiltak passar best i ein frivillig kontekst ettersom målet er å gje flyktningane eit betre sosialt liv. Då treng dei møte menneske som ikkje er tilsett i kommunen. Dette står som døme på noko som seier imot Kuhnle og Selle (1992) sine tankar om at alle oppgåvene frivillige organisasjonar gjer, kan det offentlege også yte sjølv.

Dei tilsette i kommunen kan heller ikkje spele to roller. Dei må vere profesjonelle hjelparar og støttespelarar, gjerne også kjenningar, men ikkje vener. Eg vil likevel leggje til at det offentlege, i alle fall i Bergen kommune, yter positive bidrag på den sosiale arenaen ved å samle flyktningane i introduksjonsprogrammet på same skule. Eg vil tru at mange har funne gode vener på Nygård Skole. Her kan folk frå fleire ulike land og kulturar møte kvarandre kvar dag over lengre tid og forme venskap.

Norskhjelpen, leksehjelpen og språkgruppene til dei ulike organisasjonane, gir direkte opplæring i språket, i tillegg til det offentlege tilbodet. Organisasjonane gjer også

flyktningane ein sjanse til å praktisere språket, og gjerne få litt ekstra hjelp om dei ønskjer. Å kunne gjere seg forstått og forstå kva som blir sagt, er essensielt for integreringa. Kommunane tilbyr språkopplæring gjennom introduksjonsprogrammet, men språkopplæring er ei så viktig oppgåve at det trengst meir av denne. Dette både for å dekkje behovet enkelte har for å lære norsk fortast mogleg, og for å dekke behovet enkelte har for ekstra undervisning og kanskje nye innfallsvinklar til språkopplæringa. Det er ulike meiningar om kor mykje frivillige organisasjonar sitt arbeid med språk har å seie for utviklinga av språket, men dersom det hjelper ein flyktning, så har tilboda allereie spelt ei viktig rolle.

Avsnitta over skildrar arbeid frivillige organisasjonar bør gjere fordi dei eignar seg betre til oppgåva enn det offentlege, og arbeid det er nyttig at frivillige organisasjonar supplerer eit eksisterande tilbod med. Frivillige organisasjonar kan også vere med å auke informasjonen og kunnskapen om innvandarrelaterte spørsmål. Empo sitt arbeid mot omskjering er eit døme på dette, og foredrag frå organisasjonar som Flyktningehjelpen og New Page er andre døme.

6.2.2 Frivillige organisasjonar som buffer mot gettofisering?


Byane, der det er flest flyktningar og innvandrarakar, har naturleg nok flest integreringstiltak frå frivillige organisasjonar. Kanskje ville færre flyktningar forlate kommunane dei vert busette i, til fordel for storbyane, om det fans eit betre tilbod av frivillige tiltak også på mindre plassar? Dersom kommunitaristiske idear om at menneska ikkje blir flinke nok til å ta vare på kvarandre når staten allereie har teke på seg den oppgåva stemmer, så vil ein del flyktningar ha problem med å få nye vener og kjente på mindre stader. Når dei ikkje har høve til å møte folk gjennom frivillige organisasjonar, og det er få andre flyktningar i nærområdet, kan det tenkjast at terskelen for å flytte til ein by blir lågare.

6.3 INTEGRERING, OFFENTLEGE ANSVARSOMRÅDE OG FRIVILLIGE TILSKOT - EIN MODELL

Tidligere har eg diskutert omgrepet integrering og kome fram til mi eiga forståing av kva det vil seie å vere integrert, eller vere på veg mot integrering, for ein gjennomsnittsflyktning. Figuren under har eg laga for å illustrere vegen mot integrering. Figuren illustrerer også kva for oppgåver i prosessen som er offentlege, og kva som gjenstår for frivillige å ta seg av om ressursane er tilstades.

Figur 1

Offentlige oppgåver



Frivillige oppgåver

Figuren er delt i to av eit grått felt. Dette feltet indikerer skiljelina mellom offentlege ansvarsområde og moglege frivillige ansvarsområde. Boksar som ligg nedi dette grå feltet viser at dette er integreringsfremjande oppgåver som både det offentlege og frivillige organisasjonar jobbar mykje med. Det offentlege sine ansvarsområde er teikna øvst. Under det grå feltet finn me område som ikkje fell innunder det offentlege arbeidet (i stor nok grad). På desse områda kan frivillige organisasjonar gjere ein innsats. Folk i nærmiljøet kunne like fint vore til hjelp med desse oppgåvene, og mykje kan flyktningen klare sjølv, men både flyktning og majoriteten kan trenge frivillige organisasjonar som pådrivarar.

Det offentlege står for dei meir grunnleggande oppgåvene som skal hjelpe flyktningen i gang i eit nytt land. Som eg skildra i kapittel to, er det eit problem at draumen om å vende attende hindrar enkelte flyktningar i å leggje ein innsats ned i å integrere seg. Etter oppstarten av introduksjonsprogrammet kan det tenkjast at dette problemet har vorte redusert. No må flyktningar som kjem til landet gå på skule og kursast. Dei kan late vere å følgje med i timane, men dei kan ikkje late vere å møte opp utan at det får konsekvensar for løna. For at ein gjennomsnittsflyktning skal verte integrert er det likevel andre saker enn dei grunnleggjande elementa kommunane og staten legg til rette for, som må på plass. Dette kan flyktningen sjølv greie å få til, men det er ikkje lett utan hjelp.

Boksane rundt integreringsboksen er alle oppgåver som skal få flyktningen i stand til å fungere i det norske samfunnet. Likevel er det ein viktig faktor som ikkje flyktningen sjølv, det offentlege eller den frivillige sektor har råderett over, og det er folk sine haldningar. Det offentlege og dei frivillige organisasjonane kan påverke og opplyse, men ikkje tvinge folk til å vere vennleg innstilte til flyktningar som prøver å få innpass i samfunnet. Likevel kan ein kome eit stykke med å opplyse og påverke. I botn for integrering ligg difor eit krav om venlegsinna haldningar til flyktningar. Ein flyktning er ikkje ansvarleg for andre flyktningar sine ugjerningar. Ein flyktning vil ha vanskar med å bli integrert dersom han blir møtt med skepsis og missnøye før han får vist kven han er og kva han står for.

Rollespelet På Flukt kan vere med på å endre haldningar mot flyktningar for dei som får delta og erfare på kroppen korleis det er å vere flyktning. Samstundes fins det fleire andre organisasjonar i landet som kjempar mot rasisme. Flyktningeguidar og andre frivillige er normalt opne menneske som ikkje er skeptiske til innvandrarak og flyktningar. Likevel kan ordningane ha ei positiv effekt på haldningar til folk ettersom guiden kanskje introduserar eller fortel om guiden til vener og familie med andre haldningar. Då får dei sjå eller høyre at ikkje alle flyktningar skapar problem ein høyre om på TV.

Sjølv håpar eg mine forteljingar frå guidinga kan ha vore med på å skape ein liknande effekt. Eg har plikt til å ikkje fortelje vidare alt flyktningen fortel meg, men det eg kan fortelje er at han som ung, muslimsk mann ikkje i det heile liknar stereotypien mange har av denne gruppa. Eg kan fortelje kor snill og fordomsfri han er. At han er ven, og gjerne kjærast, med folk av alle slag. Flyktningen ”vår“ feirar Ramadan, ber til sin gud ein og anna gong og er avhaldsmann. Han undertrykkjer ikkje kvinnelege familiemedlemer, støttar ikkje terrorisme og er ikkje trygdesnyltar. Han fortener ikkje å bli putta i same bås som dei som hamnar i nyhenda med negativ omtale.

For at innvandrings skeptiske skal bli meir positivt innstilte, må dei treffe innvandrarak og flyktningar som nettopp er positivt innstilte. Integreringsbarometeret 2006 (IMDi, 2007a) viser til ein tendens til at det er dei som har minst omgang med personar med innvandrarakbakgrunn, som er mest skeptiske til innvandrarak og innvandring. Arbeid med å skape kontakt mellom gruppene, kan difor – om vellukka – redusere negative haldningar til innvandrarak og flyktningar. Undersøkingar gjort av Marco Valenta ved NTNU, gitt att av Weisser (2008) viser også at det å ha ein norsk ven, kan vere eit slags vern mot rasisme for innvandrarak. Dei kan lettare tåle ubehaglige situasjonar når dei veit at dei har andre nordmenn som likar dei.

Fordommar mot innvandrarak finn ein ikkje berre blant nordmenn. Enkelte av Empokvinnene uttalte at dei hadde blitt kvitt mange av sine fordommar mot folk frå andre kulturar (ikkje-vestlege) gjennom å bli kjent med menneske frå desse kulturane.

Kanskje har dei same kvinnene i Empo hatt fordommar mot den norske kulturen, som med deltaking i frivillige tiltak har forsvunne på same måte.

Fordommar innvandrargruppene i mellom er ikkje eit uvanleg fenomen, kunne ein av kontaktpersonane også fortelje. Einskilde medlemmer av ein-skilde grupper meinte å kunne hevde seg over andre grupper av folk. Ei mogleg forklaring på fenomenet kan vere trongen til å hevde seg over nokon i eit samfunn der ein sjølv, brått, tilhøyrer underklassen eller lågare middelklasse.

For at ting skal ligge til rette for integrering, må altså folket sine haldningar vere slik at kvart individ blir møtt med respekt og med eit ope sinn. Den enkelte flyktning sin oppførsel skal avgjere om han/ho viser seg som eit godt eller dårleg menneske. Andre flyktningar sin oppførsel skal ikkje spele inn.

I dei neste avsnitta følger nærare forklaring av resten av figuren.

Snakkar norsk (eventuelt eit av dei andre språka i Noreg)

Kommunane, gjennom introduksjonsprogrammet syter for språkopplæring. Utføringa av rett og plikt til norsk- og samfunnsfagsundervisning er det kvar kommune som står for. Det er også mogleg å velje grunnskule for vaksne, eit utvida skuletilbod som gjer ungdom og vaksne kvalifisert for vidaregåande skule. Kommunane er likevel ikkje alleine om språkopplæringa. Frivillige organisasjonar kan bistå med både ekstra kurs, leksehjelp og praktisering. Difor er denne boksen plassert litt nedi skilelina mellom offentleg og frivillig. Å kunne språket gjer det å skaffe seg vener/kontaktar, og fast arbeid, svært mykje enklare. Språket er også inngangsporten til arbeidslivet.

Har fast arbeid, er under utdanning eller under arbeidsopplæring. Har ein bustad.

Introduksjonsprogrammet tek sikte på å få flyktningen inn i utdanning/opplæring eller arbeid i løpet av introduksjonsprogrammet eller ved avslutta tid. Kanskje held flyktningen fram på vidaregåande skule eller i høgare utdanning? Kanskje har han fått jobb eller praksisplass? Eller kanskje han er sendt til vidare arbeidstrening i regi av NAV

eller andre? Eg har plassert dette som det offentlege si oppgåve, men frivillige organisasjonar kan likevel i enkelte tilfelle yte bidrag. "Eldre" flyktningar i Ny Sjanse kan til dømes få jobb gjennom Kafé Magdalena. Så er det til slutt opp til flyktingen å gjere eit godt inntrykk, og arbeidsgivaren til å ta sjansen på ein flykting.

Det å vere lønnsarbeidar blir sett på som normen og som det som må til for at eit menneske skal fungere godt i samfunnet og verte integrert (Øvrelid, 2007). Ein kan vere ueinig i det store fokuset på lønnsarbeid som den einaste vegen å gå, men så lenge ikkje samfunnet og svært mange av menneska rundt deg ser på deg som integrert før du er i arbeid, under utdanning, eller på veg mot arbeidslivet, blir arbeidsdeltaking ei viktig brikke i integreringa. Gjennom ein arbeidsplass kan ein også treffe vener og skape seg eit nettverk. Gjennom ein arbeidsplass for ein også utvikla og praktisert språket sitt.

Kommunane syter også for å skaffe bustad til nytilflytta flyktningar. Å ha ein tilfredstillande bustad er naudsynt for å fungere i samfunnet. Tak over hovudet må ein ha før ein kan starte prosessen med å integrere seg. Difor er det praktisk og naudsynt at kommunane kan ordne dette i første fasen, før flyktingen kan nok språk og har nok kunnskap om systemet til å skaffe bustad

Følgjer og forstår norsk lov.

Det blir opp til det offentlege og lære bort det grunnleggjande lovverket som gjeld i Noreg, som også liknar det i mange andre land. Kommunane forklarar også flyktingane kva lovar som gjeld for dei i introduksjonsprogrammet og anna lovverk dei treng kjenne til. Å følge lovene ein har blitt informert om, blir opp til kvar enkelt flykting. Ein flykting som er integrert eller vil integrere seg, vil lettare forstå og følge lovene på lik linje med ein gjennomsnittsnordmann.

Har kunnskapar om norske normer, reglar og rolleforventingar.

Enkelte lover er mindre kjente og brota på desse er mindre alvorleg, og slike lovar får flyktingen gjerne ikkje kjennskap til før ein nordmann fortel om lova. Også på dei

uskrivne lovene kan det vere vanskeleg å orientere seg. Frivillige organisasjonar kan difor hjelpe flyktningen med å orientere seg i alle normer, reglar og rolleforventingar som eksisterer i samfunnet. Dette kan gjerast gjennom temamøte og samtalar i fellesskap, eller gjennom ein flyktningeguide, familiekontakt eller støttespelar som kan fortelje og vise.

Å bli kjent med slike saker er ein del av integreringsprosessen grunna i hovudsak to element. Den eine grunnen er at det er svært nyttig for flyktningen å vite kva reglar som gjeld i ulike settingar. Han vil fungere betre med slik kunnskap. Den andre grunnen er at det skapar eit negativt bilete av flyktningen hjå majoritetsfolket når dei opplever at flyktningen ikkje følgjer dei normene som finst og ikkje etterlever vanleg skikk og bruk. Når ein flyktning hiv bossposen ut vindauga og ikkje i containeren/dunken, ser naboane det som uhøfleg, grisete og frekk oppførsel. For flyktningen er dette måten han er vand med å gjere det på. Han kjenner ikkje til systemet me har i Noreg med handtering av avfall, og ingen har fortalt det heller. Henriksen (2004) skildrar i oppgåva si *Integrering skjer i møtet mellom mennesker* dette og andre døme på mindre misforståingar som kan oppstå. På desse områda kan frivillige (eller merksame kontaktpersonar eller naboar) hjelpe til og forklare feilen, slik at ein hindrar at misnøye spreier seg blant naboane.

På same måte kan majoritetsfolket danne seg eit bilete av at folk med flyktningebakgrunn er dårlege foreldre fordi dei ikkje deltar i aktivitetar og dugnadar i samband med skule og fritidsaktivitetar. Forklaringa er ofte at rolleforventingane til dei som foreldre i desse situasjonane er ukjente og uvande for dei. Dugnad og medlemskontingent er omgrep dei ikkje kjenner til. Her kan frivillige vere til god hjelp med å forklare kva som bli venta av foreldra.

Har eit tilfredsstillande nettverk, og gjerne norske vener/kjente.

Som nemnd tidligare kan frivillige organisasjonar utrette mykje ved å drive arbeid som fremmar nettverksbygging og venskap. Eit nettverk av vener og kjente er viktig for trivselen til flyktningen, både om dei er frå same land, er andre flyktning/innvandrar eller nordmenn. Ein norsk ven kan kanskje gje ei større kjensle av å vere integrert, både for flyktningen sjølv og mannen i gata som ser flyktningen med ein nordmann. Ein ven ein

må kommunisere på norsk saman med, om det er ein nordmann eller ein annan flyktning med anna språk, er også viktig for praktisering og vidare motivasjon. For dei som ikkje har klart å skaffe seg nye, norske vener, eller som ønskjer utvida nettverk, kan frivillige organisasjonar vere til god hjelp.

Utvida nettverk og venskap med nordmenn eller framandspråklege, kan igjen ha positiv effekt på språket. Venskap og kontakt med nordmenn, kan vise flyktningen i praksis korleis nordmenn er, og korleis ein gjer ting i Noreg. Er flyktningen heldig, kan han skaffe seg kontaktar som har kontaktar vidare inn i arbeidslivet.

Blir sett på som ein ressurs og får sjansen til å vise seg som ein ressurs.

Introduksjonsprogrammet tek sikte på å gje individuell oppfølging til kvar enkelt flyktning, og kan på den måten lettare avdekke kva ressursar flyktningen sit inne med. Eg har likevel vald å plassere dette punktet på sida til frivillige organisasjonar, grunna ekstraarbeidet dei gjer for empowerment. Frivillige organisasjonar er også dei flinkaste til å ytre at flyktningar er ein ressurs framfor ei bør. Det offentlege følgjer opp ein individuell plan kvar enkelt flyktning har, og prøver å kvalifisere flyktningen for arbeidslivet. I det offentlege er det hovudsakleg gjennom språk, skule og arbeidstrening at flyktningen får vist kva han er god til og ikkje fullt så god til. Frivillige organisasjonar tilbyr sjansen til å leite etter talent litt på sida av dette. Dette kan vere alt frå å halde kurs i babymassasje og matlaging i Empo, få vist dei kunnskapane ein har frå arbeid og utdanning eller får oppleve meistring gjennom å lære seg noko nytt som organisasjonane eller ein frivillig tilbyr å lære bort.

Integrert

Når alle desse brikkene som er nemnt er på plass vil flyktningen høgst sannsynleg kunne kallast integrert og kjenne seg integrert.. Det vil seia når ein flyktning følgjer lovverket, kan språket, har arbeid eller utdanning: når han vidare har kontakt med nordmenn, kjenner seg ikkje einsam og har lært seg nok om det å vere nordmann til at ikkje naboane får ei negativ oppleving av oppførselen til flyktningen. Då har styresmaktene, eventuelle

frivillige organisasjonar og flyktningen sjølv gjort "jobben" sin, og det er opp til samfunnet å akseptere han og sleppe han inn.

6.4 FRIVILLIGE ORGANISASJONAR: FORDELAR OG MANGLAR

Fordelane ved frivillige organisasjonar har kome godt fram i resultatane mine. Tilbakemeldingane har jamt over vore veldig positive til frivillige tiltak, både frå brukarar/deltakarar og dei som ser effektane av arbeidet. Likevel har frivillige organisasjonar sine manglar, som eg snart kjem tilbake til.

6.4.1 Fordelar

Raude Kross og Kyrkjens Bymisjon, mellom andre, er organisasjonar som mobiliserer menneske til å gjere ein innsats for eit betre lokalsamfunn ved å hjelpe flyktningar med å integrere seg, eller berre vere godt selskap og ein god støttespelar. Bymisjonen og Ada-prosjektet mobiliserer ikkje berre frivillige. Bymisjonen sitt arbeid byggjer mykje på at du skal hjelpe andre samstundes som du får hjelp. Noko som kan vere minst like viktig.

I tråd med fordelane lista opp i teorikapitlet, gjer organisasjonane arbeid som kan hindre sosial isolasjon og einsemd. Dette har eg vist til i delkapitla over. Organisasjonane skapar kontakt mellom menneske, både mellom ein og ein person og mellom større grupper.

Angst eller andre psykiske problem er noko ein del flyktningar opplever. Det er vanskeleg å uttale seg om kva desse frivillige organisasjonane gjer på dette området. Psykisk sjuke menneske blir ikkje tilrådd Flyktningeguiden. Ein ufaglært frivillig skal sleppe å involvere seg med sjuke menneske. Menneske med angst vil nok også ha vanskar med å oppsøkje tilbod som dei i Ada. Punktet om angst mistenker eg er retta mot dei mange krisetelefonane frivillige organisasjonar driv. Likevel, flyktningar med mildare psykiske problem og folk i fare for å utvikle psykiske problem som følgjer av einsemd og isolasjon, kan nok oppleve å få hjelp gjennom frivillige organisasjonar grunna arbeidet dei gjer for å hindre einsemd og sosial isolasjon.

Ettersom eg ikkje har sett på frivillige organisasjonar som gjer integreringsarbeid på kontrakt frå det offentlege, men på frivillige organisasjonar som har skapt tiltak på eiga initiativ som utfyller det offentlege tilbodet, kan eg ikkje uttale meg om dei økonomiske fordelane med frivillige organisasjonar. Likevel kan det tenkjast at ein og annan flyktning som deltek i frivillige tiltak, kjem seg fortare gjennom introduksjonsprogrammet enn han ellers ville klart, og på den måten sparar kommunen og staten for utgifter.

6.4.2 Manglar

Lorentzen (1994) omtaler problem i samband med pengestøtte og krav i strid med organisasjonen sit ideologiske grunnlag. Eg kan ikkje sjå at slike usemjer har skapt problem med dei tiltaka eg har undersøkt, men eg veit at Raude Kross tidligare har opplevd nettopp desse problema i samband med asylsøklarboomen på 80-talet, der organisasjonen vart beden om hjelp til å drive asylmottak (Lorentzen, 1989).

Dei manglane eg ser dei frivillige tiltaka eg har snakka om har, handlar mest om at tilboda ikkje når alle som treng det. Ada-prosjektet fekk veldig god respons av brukarane og vart også snakka varmt om av kontaktpersonane. Tiltaket ser ut til å gjere kvardagen litt lettare, og integreringa litt betre for folk, men berre for enkelte grupper.

Nærmiljøarbeidet er retta mot småbarnsfamiliar, og Empo er berre for kvinner.

”Problemflyktningane” unge, einslege menn, fell utafør her. Nokre av dei yngre menn, vert likevel fanga opp av New Page. Raude Kross Flyktningeguiden fangar opp enkelte, men fokuset med tiltaket er ikkje primært denne målgruppa. Kanskje kunne ei mannsgruppe vore nyttig og etterlengta å starte opp?

Sjølv om frivillige tiltak er nyttig å delta i for dei aller fleste etter alt å døme, så er det ikkje gitt at alle ønskjer og tør å delta. Ein kontaktperson i MOKS fortalde om ei einsam, eldre dame som så gjerne burde hatt seg ein flyktningeguide eller tilsvarande. Dama takka likevel nei. Denne dama ville sannsynlegvis hatt vinning av å delta på frivillige tiltak, men for mange kan det vere vanskelig å våge å melde seg på. Andre att, har rett og slett ikkje lyst. Dei meiner dei har eit godt nok nettverk frå før av og at ein guide eller regelmessig deltaking på eit tiltak berre ville kome i vegen. Frivillige organisasjonar har

dermed den ulempa at dei ikkje kan tvinge folk til å delta på dei utfyllande tiltaka dei står for. Det offentlege kan heller ikkje det. Det kan tenkjast at ein god del av deltakarane i frivillige tiltak er av dei mest ressurssterke som er medvitne om at det er nyttig å ta i mot slik hjelp for å bli betre integrert. Mi erfaring tilseier likevel at det ikkje er slik i alle tilfelle. Fleire litt innovervende og forsiktige flyktingar har nok teke i mot råd frå kontaktpersonen, ein lærar eller ein ven om at slik deltaking kan vere bra.

Av dei organisasjonane eg kjenner til fall barn i skulealder tidligare utafor integreringsarbeidet, sett bort i frå kanskje Bamsehiet og Home-start. Alt vart opp til skulane. Desse manglane såg Redd Barna. Det nye tiltaket med ein støttespelar yter dermed bidrag til å dekke ei ny gruppe, sjølv om eit fåtal får nytta seg av ein støttespelar med det første.

Eldre flyktingar har eit tilbod i Multinasjonalt Kvinnefellesskap. Dei kan også delta i Flyktingeguiden, men få gjer det. Når også introduksjonsprogramet er frivillig for folk mellom 55 og 67 år, og ikkje gjeld eventuelle flyktingar over 67, vil ein del gå glipp av informasjon frå MOKS om ordninga. Raude Kross si norsktrening for vaksne innvandrarar var i starten tiltenkt å vere ein stad der pensjonerte/eldre lærarar lærte bort norsk til eldre flyktingar. Då det var vanskeleg å finne eldre deltakarar, vart tiltaket utvida til å gjelde vaksne i alle aldrar.

Eit anna problem er det geografiske. Ikkje alle bygder, byar og tettstader har godt etablerte organisasjonar som driv integreringsarbeid. Oppstart av organisasjonar og tiltak innafør organisasjonane avhenger av storleik på staden, tilgangen på frivillige, menneske med tiltak til å starte opp. Velferdsstaten må tilby introduksjonsprogrammet over heile landet. Det korkje må eller kan dei frivillige organisasjonane.

Ein slags mangel ved det frivillige tilbodet er også at det ikkje er obligatorisk. Informantane mine såg ut til å vere nokså samde i at Flyktingeguiden (og gjerne andre frivillige tiltak) kan/vil vere bra for alle å nytte seg av. Kanskje er det slik at dei som vel å delta på frivillige tiltak, er dei med det største ønske om å bli integrert og lære språket.

Desse personane ville gjerne klart seg fint sjølv utan hjelp frå frivillige organisasjonar. Dei flyktningane som skil seg ut på ein uheldig måte i media, er kanskje ikkje typen som har eit brennande ønske om å få innpass i samfunnet.

Ein frivillig arbeidar må vere nettopp *frivillig*. I Flyktningeguiden er erfaringa at det er langt færre gutar og menn, enn jenter og kvinner, som ønskjer å jobbe frivillig. Dette skapar noko vanskar i ordninga, då det mellom flyktningane, er eit lite fleirtal av menn. Blant dei spurte i Integreringsbarometeret var det like mange menn som kvinner som jobba frivillig for ein frivillig organisasjon som arbeidde med integrering. Kanskje er det fleire frivillige menn i organisasjonar eg ikkje er kjend med?

Mangelen på mannlege guidar er sjølvstundt uheldig for dei flyktningane som ønskjer ein mannleg guide, og som då må vente på at det melder seg fleire menn. For mange unge menn kan det kanskje vere bra å ha ein god, norsk, mannleg guide som førebilete. Ein som kan vise dei kva gutar i Noreg gjer på fritida si og kva som er venta oppførsel og haldningar i ulike situasjonar. Samstundes kan det også vere like lærerikt å ha kvinnelege guidar. Mange nordmenn, skal ein tru ymse debattinnlegg, er nokså skeptiske til kvinnesynet til enkelte av innvandrargruppene. Ved at flyktningar med kulturbakgrunn som tilseier at dei kan ha eit kvinnesyn som ikkje passar det norske kvinnesynet får jenteguidar, kan dette vere med på å gje dei eit meir nyansert bilete av kvinnerolla og kvinner i Noreg generelt.

Raude Kross koplar ikkje lenger ei jente med ein gut etter episodar med einssidig forelsking. Grunna mangelen på mannlege guidar må likevel jenter koplast med gutar, men då i små grupper. Sjølv har eg erfaring med dette, då me var to jenter som var guidar for ein gut.

6.4.3 Erfaringar med gruppekoplingar

Mine undersøkingar og erfaringar tilseier at koplingar med to jenteguidar og ein eller to guteflyktningar i Raude Kross Flyktningeguiden har vore vellukka.

Mi eiga kopling med to jenteguidar og ein guteflyktning vart vellukka trass i ein aldersforskjell på tre og fire år, der me var dei eldste. Me utvikla eit slags søskenforhold til flyktningen vår og til kameraten hans som ofte var med oss. Å kople vår flyktning saman med to enda eldre jenter, trur eg ikkje ville vore fullt så vellukka. Det kjem til eit punkt der guidar ville vorte ”vaksne” og ”mødre” eller berre ein omsorgsperson, og guiden skal jo helst vere ein ven/vegvisar som skil seg frå kontaktpersonen i MOKS. Me vart både vener han kunne sjå film med, prate om musikk med, spele spel med og prate med, og me vart omsorgspersonar han kunne få litt hjelp av om han trong det. Eg er usikker på om yngre jenteguidar ville vore vellukka. For det første har eg inntrykket av at det finst få guidar under 20 år. For det andre ville yngre guidar vore kandidatar til å bli forelska i. Dette treng ikkje vere negativt, men kan bli det dersom det berre går ein veg.

Gobo hadde ikkje anna enn godord å seia om si kopling der to jenter guida to gutar. Mitt inntrykk var at både guidar og flyktningar var i 20-åra, så dette talar i mot hypotesar om at jamgamle jente/gutekoplingar kan vere uheldig med tanke på romantiske kjensler. Det at ein er to på kvar side av koplinga vil også gjere ein slik potensiell situasjon enklare.

Ein kontaktperson nemnde at enkelte av dei mannlege flyktningane faktisk ønskte jenteguidar. Forklaringa dei kom med var at dei kunne slappe meir av med ein kvinneleg guide. Dei same mennene kunne gjerne vore gode kandidatar til ei gruppekopling.

6.4.4 Informasjonen kunne vore betre

Då eg oppsøkte MOKS for intervju, kjente eg berre til arbeidet Raude Kross gjer for integrering av flyktningar. Eg bad difor kontaktpersonane om hjelp til å nemne fleire organisasjonar dei hadde samarbeidd med. Enkelte nemnde at dei hadde vore i kontakt med Kyrkjjas Bymisjon tidlegare og gav meg brosjyrer over tilbodet. Flyktningehjelpen vart også nemnd. Kanskje ville eg fått fleire tips om eg hadde formulert meg litt annleis og spurt om kva tiltak dei kjente til i det heile, eller kanskje er ikkje kontaktpersonane i MOKS særleg kjent med andre tilbod en dei nemnde?

I alle høve kunne likevel kunnskapane om frivillige organisasjonar og tiltak vore betre hjå dei offentleg tilsette. Sjølv syntes eg det var vanskeleg å finne fram til kva organisasjonar som faktisk driv integreringsarbeid, og då vil det heller ikkje vere enkelt for ein flyktning. For at alle skal få oversikt over tilboda og ha høve til å finne eit tilbod som passar seg, burde kanskje informasjonsbrosjyrer vorte utdelt på MOKS. Etersom alle eg har snakka med meiner frivillige tiltak er eit positivt, og kanskje naudsynt, tilskot til det offentlege tilbodet, burde slike tilbod frontast endå meir.

Rapporten om Ada frå HEMIL-senteret frå 2006 viser at informasjonen tiltaka i mellom ikkje var god nok. Det har organisasjonen forsøkt å betre på etter at dette vart klart. Ein deltakar uttalte at ho skulle ønske fleire innvandrarbarn vart fanga opp. Ho meinte barna ville ha godt av å treffe andre barn, ikkje berre vere heime med mor. Derfor håpte ho på tettare samarbeid mellom Bymisjonen og til dømes helsestasjonen for å få fanga opp enno fleire. Sjølv meiner eg det kunne vore svært nyttig om fleire i helse- og sosialsektoren hadde god kjennskap til kva som eksisterer av frivillige tiltak til støtte for både flyktningar, innvandrarar og nordmenn.

6.5 SAMARBEID OFFENTLEG OG FRIVILLIG SEKTOR

Eg vil karakterisere samarbeidet som godt, og eg fekk inntrykket av at frivillige hadde stor tru på arbeidet offentleg sektor gjer, og omvendt. Ofte vart eg møtt med frasar som ”dei er så flinke” og ”dei har stor kunnskap”. Organisasjonane er klar på si rolle som eit supplement til det offentlege, og ser ut til å trivast med dette. Eter mine undersøkingar kan eg ikkje sjå i særleg stor grad spor av konkurranse eller splid mellom dei to sektorane i Noreg. I alle fall ikkje i Bergen. Dette står til døme på at tankane om at det alltid vil vere splid mellom dei to sektorane, ikkje byr på den fulle sanninga.

Likevel låg eg merke til enkelte mindre ”problem”, som for det meste omhandla informasjonsflyten. Enkelte kontaktpersonar var ikkje alltid klar over om det var ledige guidar i Flyktningeguideordninga, om koplinga med flyktningen dei hadde ansvar for hadde starta opp eller ikkje, og liknande. Ein kontaktperson etterlyste ein betre mal frå

Raude Kross si side om korleis jobben som aktivitetskoordinator skulle gjerast. Dei ulike koordinatorane som hadde hatt jobben opp gjennom åra har hatt ulike måtar å handtere arbeidet på. Når det kom til andre organisasjonar MOKS ikkje hadde eit offisielt samarbeid med, hadde ikkje kontaktpersonane så god oversikt som dei kanskje burde hatt, som nemnd over.

6.6 FRIVILLIG ARBEID – VILJE OG POTENSIALE

Volunteering is not to be treated simplistically as an expression of volunteer's generosity, but as a political recognition of the values of other people's lives, which calls for response (Tam, 1998, p. 197).

Om det er slik at det ikkje fell like naturleg for nordmenn å ta vare på menneska rundt seg sidan staten har teke på seg eit stort omsorgsansvar, så skaper organisasjonane ein plass der folk som ønskjer å bry seg kan møte og få vite kva konkret dei kan gjere. Viljen blant folket til å gjere noko, er i følge Integreringsbarometeret 2006 (IMDi, 2007a) såpass stor at ein ikkje kan seie at ansvarskjensla overfor sine medmenneske har forsvunnen heilt. Viljen er stor til å gjere noko, men lite konkret. Engasjementet fell dess meir spesifiserte spørsmåla om kva ein kunne tenke seg å gjere blir. Sjølv om skepsisen til innvandring/innvandrarar er aukande, er viljen til å gjere noko for integrering også aukande. Fem prosent av dei spurte deltek i ein frivillig organisasjon som gjer ein innsats for å hjelpe innvandrarar med å etablere seg i det norske samfunnet. Funna viser at mellom andre innvandrarar sjølv deltek i større grad enn andre i frivillig arbeid.

Når det gjeld spørsmålet om kven som kunne tenkje seg å gjere ein innsats, svarer 26 prosent "ja, absolutt" og 48 prosent "ja, kanskje". Vidare spør IMDi meir spesifisert om nokon kunne tenkje seg å bli rettleiar for ein nyttilflytta innvandrar og hjelpe personen inn i arbeidslivet. Då fell interessa litt. Nitten prosent svarer "ja, absolutt" og 37 prosent svarar "ja, kanskje". Interesse er stigande frå året før.

Interessa er aukande når det blir spesifisert at arbeidet gjeldt ungdom og barn. På spørsmålet om ein kan tenkje seg å hjelpe ungdom med utanlandsk bakgrunn inn i det norske samfunnet, svarar 26 prosent ”ja, absolutt” og 50 prosent ”ja, kanskje”. Også her er det fallande oppslutning når spørsmåla viser til meir spesifiserte oppgåver som norskhjelp og leksehjelp.

Integreringsbarometeret 2006 (IMDi, 2007a) karakteriserer interessa som ”forholdsvis stor”, og meiner detter indikerer eit potensial i folket for auka frivillig aktivitet rundt temaet. Rapporten understrekar likevel at det er eit stykke i frå å seia at ein kunne tenkje seg noko og faktisk takke ja om ein blir spurt om å delta. Viljen er aukande jo meir ein omgås innvandrara.

Vidare tek Integreringsbarometeret for seg viljen til å kjempe mot rasisme. Her viser tala at viljen til å bidra minkar i takt med graden av personlig involvering. Terskelen for å delta i ein demonstrasjon eller bli medlem av ein organisasjon, er lang høgare enn for å boikotte rasismedømde bedrifter eller berre gje pengar til ein organisasjon. Sett bort i frå at færre vil gje pengar til ein frivillig organisasjon som arbeidar mot rasisme i 2006 enn i 2005, er tala er ganske uendra i forhold til året før. Det blir meldt om etter måten stor vilje til å vitne til politi og rettsvesen om rasisme og diskriminering. Dei etnisk norske er meir villige til å vitne enn folk med innvandrarbakgrunn. Nokon færre er villige til å reagere mot rasisme samanlikna med året før.

Eit anna kapittel i rapporten tek for seg om forholda mellom nordmenn og innvandrara vil bli betre med tida. Eit lite fleirtal er optimistiske, og blant desse finn me deltakarar i organisasjonar som driv integreringsarbeid. Dei fleste, 80 prosent, meiner også at det let seg gjere å gjere noko med diskriminering av innvandrara. Også her er medlemmer av organisasjonar godt representert.

Ettersom viljen til å gjere noko er forholdsvis stor, og interessa er stigande, er det rimeleg å tru at det er marknad for å utvide frivillige tiltak. Raude Kross går med planar om å

utvide frå 35 oppstarta koplingar kvart år, til 50 oppstarta koplingar. Då vil det på eit år vere 100 koplingar i aksjon.

6.7 BRUKSVERDIEN AV FUNNA MINE?

Resultata mine gav mykje positiv omtale av arbeidet frivillige organisasjonar gjer for integrering av flyktningar, og det kan nesten sjå ut til at mange problem ville vorte løyst dersom berre alle flyktningar fekk kontakt med frivillige. Om alle fekk kontakt med frivillige, kunne nok det hatt mykje positivt å seie. Resultata mine passar likevel best til integrering av menneske som sjølv ønskjer å bli integrert, og for å hindre at positive flyktningar, ikkje mistar motet og tenkjer negativt.

Det finnes problem som ikkje lar seg løyse like lett, slik som problema med ein stillestående kultur, kriminalitet og psykiske problem blant flyktningar. Frivillige tiltak kan prøve å påverke ein stillestående kultur i retning av utvikling. Mellom anna har eg vist til at fleire organisasjonar gjer arbeid for å styrke kvinnene som ofte har ein svak posisjon der kulturen er forelda i forhold til samfunnet i dag. Frivillige organisasjonar, og då kanskje spesielt New Page, kan førebyggje kriminalitet blant innvandrarak/flyktningar, men det er vanskeleg å gjere noko med dei som allereie er kriminelle. Fleire organisasjonar har oppretta telefonenester for folk som har spørsmål rundt helse (psykisk helse medrekna) eller treng snakke med nokon om korleis dei har det, men dette arbeidet er ikkje meint til å behandle flyktningar som slit med alt dei har opplevd. Vanlege frivillige menneske kan ikkje gje sjuke flyktningar den behandlinga dei treng. Ein kjem langt med å vere ein ven, men ein ven kan ikkje ta jobben til ein utdanna psykolog.

Generelt vil funna om nytten frivillige organisasjonar gjer vere relevant for alle kommunar der frivillige organisasjonar deltek i integreringsarbeidet. Likevel har landet ulike utfordringar når det kjem til integrering. Nokre stader bur det mange, andre stader bur det få. Nokre stader bur innvandrarakane spreidd, andre stadar bur dei tett.

Utfordringane er ulike, men felles for dei alle er at frivillige tiltak kan vere med på integreringsarbeidet.

6.7.1 Bergen samanlikna med Oslo - Bergen samanlikna med bygde-Noreg

Eg har ikkje lukkast i å finne 2008-tal for innvandrane i Bergen, slik eg har for innvandrane på landsbasis. For å understreke den ulike fordelinga av innvandrarar mellom Oslo og Bergen, må eg difor ty til litt eldre tal.

Tal frå første januar 2006 viser at Bergen hadde 8,1 prosent innvandrarar, medan Oslo hadde 23 prosent. Bergen ligg faktisk under landsgjennomsnittet på 8,3 prosent, trass i at byen er Noreg sin nest største. Faktisk er Bergen heilt nede på trettifjerdeplass av kommunar med høgast del med innvandrarar (Forgaard & Dzamarija, 2006). Eg er uviss på om aukinga i talet på innvandrarar sidan 2008 har vore jamn, eller om Bergen har nærma seg landsgjennomsnittet meir.

Av desse 8,1 prosentane med innvandrarar, hadde 2,6 prosent flyktningebakgrunn i 2006. Landsgjennomsnittet det same året var på 2,5 prosent (IMDi, 2007b). I Oslo er talet langt høgare, der seks prosent er flyktningar (Forgaard & Dzamarija, 2006).

Bergen har også ein variert innvandrarhusetjing. Der pakistanarar dominerer i Oslo, er dei berre den fjortande største ikkje-vestlege innvandrargruppa i Bergen. Av innvandrarar med ikkje-vestleg bakgrunn utgjør Irak, Vietnam, Chile, Sri Lanka og Bosnia Herzegovina topp fem i Bergen (IMDi, 2007b).

Senter for samfunnsforskning (SEFOS) skriv om Oslo og Bergen:

Mye av debatten og forskningen i Norge om innvandring har vært problemfokuset, spesielt mht. integrasjon og kulturelle konflikter, og har tatt utgangspunkt i konkrete problemer som ofte bare opptrer i Oslo, og enda mer spesifikt; Oslo indre øst. Innenfor Hordaland er det bare Bergen som har noe av det samme storbypreget som Oslo, men selv om enkelte strøk av byen har høyere konsentrasjon av innbyggere med innvandrerbakgrunn, har byen ikke utviklet den samme etniske segregeringstendens som Oslo (SEFOS, 2003 p. 3).

Funna mine og tankane mine om korleis ein kan gjere situasjonen betre, vil difor ikkje utan vidare kunne overførast til ein by som Oslo med langt større tal på både innvandrarar og flyktningar, og med ei anna samansetjing av innvandarfolket. Oslo er

ein by der ein kan byrje å snakke om gettoar (Kristoffersen, 2008), og ein by som opplever eit miljø av kriminelle innvandringjengar med stadige valdlege konflikter desse i mellom. Det er mange oppgåver for frivillige organisasjonar å løyse, men også fleire oppgåver enn i dei andre byane, som frivillige ikkje er kvalifisert for å ta seg av. Organisasjonar kan førebyggje innvandrarkriminalitet, men ikkje stoppe den.

Ikkje heller kan funna mine utan vidare brukast på ei bygd der talet på innvandrarar er for lite til at det kan dannast eit godt læringsmiljø i regi av kommunen eller grunnlag for frivillige deltakarar til frivillige organisasjonar. Det er på bygdene me finn dei mest positive historiene om integrerte innvandrarar, men det er også her dei mest negative historiene kjem frå. Dette kjem fram av undersøkingar gjort av seniorforskar ved NTNU; Marco Valenta. Funna frå doktoravhandlinga hans, gitt att i Bergens Tidene, fortel dette. Valenta meiner det skuldast at terskelen for å kome inn i samfunnet på bygda, er høgare enn i byane, men har du først kome deg innafør, så blir du godt teke i mot. Slik oppstår solskinshistoriene (Weisser, 2008).

Verkemidla må justerast etter tilhøva i byen eller på staden, men eg vil likevel seie at grunntankane i funna mine er nyttig for både små og store stader å ta med seg. Flyktningar har brukt for betre sosiale rammer, og det er nyttig at det finst eit ekstra tilbod av til dømes språkkurs.

6.8 OPPSUMMERING - HOVUDPUNKT

Forholdet mellom frivillige organisasjonar og det offentlege i Bergen, og kanskje også elles i landet, er godt. Det kan verke som at frivillige organisasjonar har innfunne seg med å drive supplerande arbeid, og er nøgd med dette. Organisasjonane er stadig i utvikling og fyller behov som ikkje vert dekkja etter kvart som dei vert oppdaga. Nokre av desse behova, er behov den offentlege sektor ikkje eignar seg til å dekkje – sosiale behov til dømes. Begge partar er stort sett nøgd med arbeidet den andre parten gjer.

Frivillige organisasjonar er ikkje godt etablert i kvar ein kommune, difor får ikkje flyktningar landet over det same tilbodet som i dei største byane. Likevel, frivillige integrerande tiltak har ikkje den same effekten utan engasjerte medarbeidarar og deltakarar. Der tiltaka ikkje eksisterer, er kanskje ikkje engasjementet stort nok. På den andre sida er det kanskje nok engasjement på staden, men ikkje nok tiltak. Nordmenn er kanskje ikkje så flinke til å ta seg av naboane sine når dei treng litt støtte, men tal frå integreringsbarometeret og nordmenns velvilje til å betale skatt, kan tyde på at det ikkje er mangel på omsorg, berre tiltak. Då kan det vere greitt at organisasjonar tilbyr ein arena folk kan bry seg på.

Integrering, meiner eg, krev noko som det offentlege tilbodet ikkje kan utrette alleine. Sjølvstøtt kan ein flyktning bli godt integrert utan å nokon sinne ha delteke i eit frivillig tiltak, men deltaking i frivillige tiltak kan for mange vere nøkkelen til raskare integrering. Ikkje alle har eit godt sosialt liv, ikkje alle har nokon å prate norsk med, ikkje alle har eit godt språkøre, ikkje alle er flinke til å finne ut av nordmenn sine måtar å vere på, på eigenhand, og ikkje alle føler dei får brukt sine ressursar. For desse menneska, kan frivillige tiltak vere til god hjelp.

7 KONKLUSJON

Eg vil til slutt starte med å oppsummere hovudpunkta frå oppgåva mi. Deretter vil eg bruke litt tid på å svare på problemstillinga mi.

7.1 OPPSUMMERING

Det eg ser på som dei viktigaste funna mine, vil eg no summere opp i punkt:

- Mange flyktningar er einsamme. Dei manglar vener og eit nettverk, og har ikkje kontakt med nordmenn utanom lærarar og tilsette i kommunen. Gjennom tiltak sett i verk av det offentlege kan flyktningar møte andre flyktningar. Gjennom tiltak sett i verk av det frivillige kan flyktningar møte andre flyktningar, andre innvandrarar og nordmenn.

Funna mine viser at svært mange får minst ein ven (om ein vel å kalle alle ein kan avtale eit møte med på fritida for vener) gjennom deltaking i frivillige tiltak. Flyktningeguiden er best eigna til å gje flyktningane ein ven i guiden, medan Ada er best på å gje flyktningane mange kjenningar og kanskje fleire vener. Vener og nettverk er bra for integrering, fordi ein flyktning med vener kan ha det lettare mentalt. Ein flyktning med norsk- eller framandspråklege vener har nokon å praktisere norsk med. Ein norsk ven kan lære bort meir om nordmenn. Ein flyktning med andre flyktning/innvandrarvener har moralsk støtte i nokon som gjennomgår den same jakta på å passe inn i det norske samfunnet. Mange flyktningar opplever truleg også betre sjølvkjensle av å ha ein norsk ven. Dei taklar kanskje betre å få negative kommentarar slengt mot seg med ein norsk ven i bakhand. Frivillige organisasjonar, fordi dei har frivillige arbeidarar og deltakarar, eignar seg betre enn det offentlege i å dekke sosiale behov.

- Personlege eigenskapar har kanskje mest å seia for det å lære seg norsk, men ekstra språkkurstilbod av frivillige organisasjonar kan få fortgang i læringa eller det kan gje ein etterlengta alternativ innfallsvinkel til dei som har problem med å lære språket. Mange meiner at det viktigaste når ein lærer eit nytt språk er å praktisere det. Praktisering er noko dei fleste frivillige tiltak gjer mogleg.
- Kontakt mellom nordmenn og flyktningar/innvandrarak er viktig. Nordmenn med regelmessig kontakt med innvandrarak, har oftare positive erfaringar enn negative erfaringar med innvandrarak. Ein nordmann med positive erfaringar med ein flyktning, kan fortelje dette vidare til folk med mindre erfaringar med flyktningar og kanskje farge synet til desse personane. Det er rimelig å gå ut ifrå at dess meir kontakt det er mellom gruppene, dess fleire integrerte flyktningar får me. Meir kontakt med nordmenn kan føre til betre språk, betre forståing av korleis nordmenn er og kva dei ventar av folk med innvandrarakbakgrunn og betre forståing frå nordmenn av korleis flyktningar og innvandrarak er. Slik vil ein flyktning ha lettare for å integrere seg, og nordmenn lettare for å inkludere dei. Frivillige organisasjonar gjer ein viktig jobb i å skape kontakt mellom gruppene, ved å stå for tiltak som gjer det mogleg for nordmann og flyktning å møtast, eller ved å spreia nyttig informasjon. Informasjon om flyktningar til nordmenn, informasjon om nordmenn til flyktningar eller informasjon til flyktningar om kva type skikk og bruk dei vil kome lengst med her i landet. Nordmenn er ikkje så flinke til å på eiga initiativ ta varmt i mot nye menneske dei møter eller blir naboar med, men det ser ut til at viljen er der. Då er det bra at frivillige organisasjonar klarer å samle denne viljen på sentrale stader for flyktningar i landet.

7.2 ER FRIVILLIGE ORGANISASJONAR SITT ARBEID FOR INTEGRERING EIT NAUDSYNT TILSKOT TIL DET OFFENTLEGE TILBODET?

Overskrifta viser til hovudproblemstillinga mi gjennom denne oppgåva. Eg vil no prøve å gi svar på denne problemstillinga ved å sjå på kva eg har funne og diskutert gjennom oppgåva. For at eit tiltak skal vere naudsynt, meiner eg at det ikkje treng påverke meir enn ei lita gruppe som treng det positivt. Min innfallsvinkel blir difor at om tiltaket klarer å utrette litt på eit område, så er det naudsynt at tiltaket eksisterer.

Er frivillige organisasjonar sitt arbeid for integrering av flyktningar eit naudsynt tilskot til det offentlege tilbodet?

- Dersom det er slik at arbeidet Empo gjer for å auke kunnskapen blant flyktningekvinner om omskjering kan hindre at berre ei jente slepp unna, så er det naudsynt at det finst eit slikt tilskot.
- Dersom frivillige organisasjonar kan fungere som ein buffer mot gettofisering, så er det naudsynt at det finst eit slikt tilskot.
- Dersom flyktningar med vener og kontaktar dei har skaffa seg gjennom deltaking i frivillige tiltak lettare greier å tilpasse seg samfunnet enn isolerte og einsamme flyktningar, så er det naudsynt at det finst eit slikt tilskot.
- Dersom nordmenn i for stor grad overlet ansvaret for å ta i mot flyktningar berre til stat og kommune, og integrering krev kontakt mellom gruppene, så er det naudsynt at det finst eit slikt tilskot.
- Dersom ein skilde lærer seg språket raskare og betre ved å nytte seg av ekstra språkkurs eller praktisering med frivillige organisasjonar, så er det naudsynt at det finst eit slikt tilskot.
- Dersom frivillige arbeidarar eller frivillige tiltak kan lære bort normer, reglar og rolleforventingar til ein flyktning slik at han ikkje oppfører seg, med norske auge, dumt fordi han ikkje veit kva som er riktig oppførsel i situasjonen, så er det naudsynt at det finst eit slikt tilskot.

- Dersom frivillige organisasjonar kan finne eit potensiale eller eit talent i ein flyktning som ikkje det offentlege systemet har fanga opp, så er det naudsynt at det finst eit slikt tilskot.

Essensen i punkta over er at kanskje ville integreringsarbeidet fungert utan enkelte frivillige tiltak, men med frivillige tilbod som eit tilskot, så blir heilt sikkert livskvaliteten til enkelte betre. Det er naudsynt at tilboda er der, slik at dei som treng dei og dei som har lyst kan nytte seg av dei.

Dette skaper igjen spørsmål om slike frivillige tiltak burde vere tilgjengelig over heile landet, i kvar ein kommune. Det som er sikkert er at ein ikkje kan ta bort alle dei frivillige tiltaka på stader der dei allereie eksisterar. Det hadde vore eit stort tap for mange brukarar/deltakarar. På mange måtar er det kanskje naudsynt at kvar kommune, i alle fall kvar region, får frivillige tilbod som skale hjelpe til med å integrere flyktningar. Ei gruppe menneske får då eit betre eller enklare liv. Likevel, frivillig arbeid har ikkje same effekt dersom ikkje det er tilgang på engasjerte menneske til å drive og jobbe for organisasjonen. Ein kan ikkje setje folk til å jobbe frivillig eller setje dei til å jobbe, med løn, i leinga for ein organisasjon utan at dei ønskjer det. Mangelen på frivillige tiltak nokre stader, skuldast kanskje at det ikkje er miljø for oppstart av slike på staden. Andre stader kan det skuldast at det manglar tiltak og ressursar for å starte opp og ikkje at det manglar engasjement.

Ettersom det kan vere vanskeleg å etablere ein organisasjon på små stader, kan det vere ei erstatning å stimulere til fleire tiltak i Frivillighetssentralen i kommunen. Eg kan ikkje sjå at det spelar ei stor rolle kven som står bak tiltaket så lenge det melder seg både frivillige og deltakarar. Fordelen dei frivillige tiltaka i Bergen har vist seg å ha, er i stor grad at dei samlar saman folk som ønskjer å vere sosiale og treffe nye menneske. Nordmenn er kanskje ikkje flinke nok til å vere sosiale med framande sånn utan vidare, men me er flinkare til å vere sosiale dersom ein organisasjon, ein frivillighetssentral eller ein anna organisert institusjon etterspør våre sosiale eigenskapar. Ein organisasjon tilbyr ein arena og ein annledning til å vere sosial, og nordmenn ser ut til, for utanforståande

auge, å trenge ein arena og ein passande anledning til å etablere kontaktar med nye menneske.

7.3 AVSLUTNING

Det kostar korkje mykje arbeid eller mykje pengar å innføre betre rutinar i kommunane rundt om i landet når det gjeld å informere om frivillige tiltak til flyktningen. Mange dreg stor nytte av deltaking i slike tiltak, svært få ser ut til å oppleve erfaringa med deltaking i eit frivillig tiltak som negativt. Risikoen er difor nærast null. Blir flyktningen oppmoda til å delta i Flyktningeguiden, i ei kvinnegruppe, i ein open barnehage eller i ei leksehjelpsgruppe, vil han etter alt å døme dra meir eller mindre nytte av erfaringa.

Eg vil difor avslutningsvis oppmode kommunane rundt om i landet om å setje seg meir inn i kva som eksisterer av frivillige tiltak rundt dei, eventuelt kva tiltak frivillighetssentralen i kommunen eller nabokommunen driv eller kan starte opp med. Gevinstane er potensielt svært mykje større enn kostnadane.

Undersøkingane mine gir ikkje godt nok grunnlag til å dra konkrete slutningar. Det gjer heller ikkje mykje av litteraturen eg har studert. Likevel, samanlagt peikar alle funna i retning av at frivillige organisasjonar gjer ein svært god jobb med supplerande integreringsarbeid. Det er difor rimeleg å rekne med at det å ha frivillige til å betre flyktningen sit sosiale liv, og gje flyktningen moglegheitene for kontakt med nordmenn, er eit tilbod som faktisk betrar enkeltpersonar sine liv og gjer integrering enklare.

KJELDER

- Anoumou, O. W. (2006). *Vesle Svarte Sambo er nå voksen og bor I Norge. En bok om integrering*. Oslo: Lockert Forlag.
- Askheim, & Starrin. (2007b). Empowerment - et moteord? In O. P. Askheim & B. Starrin (Eds.), *Empowerment i teori og praksis*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Askheim, O. P. (2007). Empowerment - ulike tilnærminger. In B. Starrin, C. Heyerdahl & O. P. Askheim (Eds.), *Empowerment i teori og praksis*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- Askheim, O. P., & Starrin, B. (2007a). *Empowerment : i teori og praksis*. Oslo: Gyldendal akademiske.
- Askvik, K., Evensen, H. S., & Pedersen, K. (2008, 27.04.2008). Typisk norsk. *Bergens Tidene*, p. 6.
- Berg, M. (1994). *Seldas andra bröllop : berättelser om hur det är : turkiska andragenerationsinvandrare, identitet, etnicitet, modernitet, etnologi*. Göteborg, : Etnologiska föreningen i Västsverige.
- BIKS. (2008). Brukerstyret. Retrieved 21.04.2008, from <http://www.uib.no/People/hdbdv/biks/brukerstyre-a.html>
- Bilgiç, S. (2000). *Integrering : fra teori til praksis*. Oslo, : Kulturbro forl.
- Brandth, B. (1996). Gruppeintervju : perspektiv, relasjoner og kontekst. In H. Holter & R. Kalleberg (Eds.), *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bømler, T. U. (2000). *Når samfundet udstøder*. København: Gyldendal Uddannelse.
- Cameron, J. (2000). Focussing on the Focus Group. In I. Hay (Ed.), *Qualitative research methods in human geography*. Melbourne: Oxford University Press.
- Daugstad, G. (2007). *Fakta om innvandrere og deres etterkommere 2007. Hva tallene kan fortelle*: Statistisk Sentralbyrå.
- Djuve, A. B. (1999). *Etniske minoriteter og de nordiske velferdsstatene* (No. 82-7422-252-0): Fafo.
- Dørum, O. E. (1991). Utfordringer i 90-årene for helse- og sosialinstitusjoner: Kirkens Bymisjon. In P. Selle (Ed.), *Organisasjonssamfunnet i ei brytningstid. Utfordringer i 90-åra* Bergen: Alma Mater Forlag AS
- Eikeland, O.-J., Diseth, Å., & Manger, T. (2006). *Innsette i norske fengsel : utdanning, utdanningsønske og rett til opplæring*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland, Utdanningsavdelinga.
- Flyktningehjelpen. (2008). Retrieved 14.05, 2008, from <http://www.flyktninghjelpen.no/?aid=9066292>
- Forgaard, T. S., & Dzamarija, M. T. (2006). *Innvandring og innvandrere 2006*: Statistisk Sentralbyrå.
- Friberg, J. H., & Gautun, H. (2007). *Inkludering av etniske minoriteter i frivillige organisasjoner og fotballag for barn og ungdom i Oslo*. Oslo: Fafo.
- Frivillighetssentralen Vitalitetsenteret. (2008). Retrieved 12.05, 2008, from <http://www.frivillighet.org/>
- Gidron, B., Kramer, R. M., & Salamon, L. M. (1992a). *Government and the third sector : emerging relationships in welfare states*. San Francisco: Jossey-Bass.

- Gidron, B., Kramer, R. M., & Salamon, L. M. (1992b). Government and the Third Sector in Comparative Perspective: Aliens or Adversaries? In B. Gidron, R. M. Kramer & L. M. Salamon (Eds.), *Government and the third sector*. San Francisco: Jossey-Bass Publishers.
- Gran, O. (1991). Med Røde Kors inn i 1990-årene. In P. Selle (Ed.), *Organisasjonssamfunnet i ei brytningstid*
Utfordringer i 90-åra. Bergen: Alma Mater Forlag AS
- Grytdal, V., & Meland, P. (2008). *Voldtekt i Oslo 2007 - Gjennomgang av sentrale data fra anmeldte voldtekter ved Oslo politidistrikt*. Oslo: Strategisk stab, Oslo politidistrikt.
- Grønmo, S. (2004). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforl.
- Gullestad, M. (2002). *Det norske sett med nye øyne : kritisk analyse av norsk innvandringsdebatt* (2. oppl. ed.). Oslo: Universitetsforl.
- Hellstrøm, U. P. (2007, 10.10.2007). Kom tidsnok på jobb - fikk hus i premie. *E24.no*, p. <http://e24.no/naeringsliv/article2040030.ece>.
- Henriksen, L. (2004). *"Integrering skjer i møtet mellom mennesker" : en kvalitativ studie av Flyktningeguiden i Trondheim*. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, Trondheim.
- Hernes, G., & Knudsen, K. (1990). *Svart på hvitt : norske reaksjoner på flyktninger, asylsøkere og innvandrere*. Oslo: FAFO.
- Hylland Eriksen, T. (1995). *Det nye fiendebildet*. Oslo: Cappelen.
- IMDi. (2007a). *Integreringsbarometeret 2006*
Om befolkningens holdninger til integrerings- og mangfoldsspørsmål (No. IMDi-rapport 7-2007): Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi).
- IMDi. (2007b). *Fakta om innvandrerbefolkningen i Bergen* (No. 5B-2007): Integrerings- og mangfoldsdirektoratet.
- IMDi. (2008). Retrieved 12.05, 2008, from www.imdi.no
- Kommunal- og regionaldepartementet. (2005). *Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)*. Oslo: Departementet.
- Kramer, R. M. (1981). *Voluntary agencies in the welfare state*. Berkeley, Calif.: University of California Press.
- Kristoffersen, A. (2008, 17.04.2008). Flyktningar i kommunekø. *Bergens Tidene*, p. 1.
- Kuhnle, S., & Selle, P. (1992). *History counts, or why "voluntary organizations" means different things : the case of the Norwegian welfare state*. Bergen: LOS-senteret.
- Lindstad, M., & Fjeldstad, Ø. (1997). *Innvandrere, fremmedfrykt og norske medier : en undersøkelse av utvalgte mediers dekning av saker knyttet til innvandrere og flyktninger, fremmedfrykt og rasisme*. Nesoddtangen: Prosjekt innvandrere og medier.
- Lindstad, M., & Fjeldstad, Ø. (1999). *Pressen og de fremmede*. Kristiansand: IJ-forl.
- Lindstad, M., & Fjeldstad, Ø. (2005). *Av utenlandsk opprinnelse : nye nordmenn i avisspaltene*. Kristiansand: IJ-forl.
- Lorentzen, H. (1989). *Staten, Røde kors og asylsøkeremottaket*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning
- Lorentzen, H. (1994). *Frivillighetens integrasjon : staten og de frivillige velferdsprodusentene*. Oslo: Universitetsforl.

- Lunde, K. (2008, 08.03.2008). Best på likestilling. *Bt.no*, p. <http://www.bt.no/lokalt/article524543.ece>.
- MOKS. (2005). *Årsmelding 2005. mottaks- og kompetansesenteret for integrering av innvandrere og flyktninger (MOKS)*. Bergen: MOKS.
- Morken, K. (1990). I grenseland mellom frivillig og offentlig omsorg: Krisesenterbevegelsen og dens krisesentre for misshandla og voldtatte kvinner. In P. Selle & S. Kuhnle (Eds.), *Frivillig organisert velferd – alternativ til offentlig?* Bergen: Alma Mater Forlag AS
- Mortensen, Ø., & Fosse, E. (2006). *"Empowerment i praksis". Evaluering av Kirkens bymisjons nærmiljøarbeid - Ada*. Bergen: Hemil-senteret/Universitet i Bergen.
- New Page. (2008). Om New Page. Retrieved 12.05, 2008, from www.newpage.no
- Nilsen, S. (1999). *Vi er internasjonale : en studie av innvandrerkvinnens hverdagsliv i krysspress mellom underordning og frigjøring*. Göteborg: Göteborgs universitet, Institution för socialt arbete.
- Nordby, T. G. (2007). Norsk dumskap om integrering (Publication. Retrieved 06.08.2007, from Røde Kors: http://www.rodekors.no/Nyheter_og_presse/Kronikker/Norsk_dumskap_om_integrering/
- Norsk Folkehjelp. (2008). Retrieved 12.05, 2008, from www.folkehjelp.no
- Næss, K. R. (2003). *Myten om muslimer : en analyse av medienes beskrivelser av muslimske innvandrere i Norge i lys av Roland Barthes' mytebegrep*. Universitetet i Bergen, Bergen.
- Redd Barna. (2008). *Barn og unge i mottak. Håndbok for frivillige*: Redd Barna.
- Røde Kors Hordaland. (2008). Flerkulturell Ungdomsgruppe. Retrieved 14.05, 2008, from http://www.rodekors.no/Distrikt_hjemmesider/Hordaland_Rode_Kors/Vare_aktiviteter/Flerkultur/Flerkulturell_ungdomsgruppe/
- Røde Kors Ungdom. (2008). Hva er På flukt? Retrieved 13.05, 2008, from http://www.rodekorsungdom.no/Aktiviteter/Rollespillet-Pa-flukt/Hva_er_Pa_flukt/
- Rønning, R. (2007). Brukermedvirkning og empowerment - gammel vin på nye flasker? In B. Starrin (Ed.), *Empowerment i teori og praksis*. Oslo: Gyldendal Akademiske.
- SEFOS. (2003 09/07/2003). Hordalands innvandringshistorie. Retrieved 12.05, 2008, from <http://www.morsmal.org/cgi-bin/index.cgi?action=viewnews&id=56>
- SEIF (Selvhjelp for innvandrere og flyktninger). (2008). Retrieved 14.05, 2008, from <http://www.seif.no/>
- Selle, P., & Øymyr, B. (1990). Velferdsproduksjon i lokalsamfunnet: Frivillig organisering eit alternativ til offentlig? . In P. Selle & S. Kuhnle (Eds.), *Frivillig organisert velferd – alternativ til offentlig?* Bergen: Alma Mater Forlag AS
- Sicakkan, H. G. (1998). *Rasisme mellom kommunitarisme og republikanisme : en kvantitativ analyse av holdninger til innvandrere i Hordaland*. Bergen: IMER-Norway/Bergen.
- Sosial- og helsedepartementet. (1995). Informasjonsbrosjyre om lov om forbud mot kjønnslemlestelse. from <http://www.okprosjekt.no/filer/loven-%20norsk.pdf>

- Statistisk sentralbyrå. (2008). Polakker den største innvandrerguppen. Retrieved 29.04.2008, from <http://www.ssb.no/innvbef/>
- Stewart, D. W., Rook, D. W., & Shamdasani, P. N. (2007). *Focus groups : theory and practice* (2nd ed.). Thousand Oaks: SAGE.
- Søholt, S. (2001). *Etniske minoriteter og strategier på boligmarkedet i Oslo : en undersøkelse blant innbyggere med pakistansk, tamilsk og somalisk opprinnelse*. Oslo: Norges byggforskningsinstitutt.
- Tam, H. (1998). *Communitarianism : a new agenda for politics and citizenship*. Basingstoke: Macmillan.
- Tronstad, K. R. (2004). *Innvandring og innvandrere 2004*. Oslo: Statistisk sentralbyrå.
- Tveitereid, S. (2007, 05.10.2007). Se opp for somaliere. *Aftenposten - A-Magasinet*, p. 8.
- Weisser, A. (2008, 5.05.2008). Norske venner gir vern mot rasisme. *Bergens Tidene*, p. 2.
- Wikan, U. (1995). *Mot en ny norsk underklasse innvandrere, kultur og integrasjon*. Oslo: Gyldendal.
- Wolfe, A. (1989). *Whose keeper? : social science and moral obligation*. Berkeley, Calif.: University of California Press.
- Øvrelid, B. (2007). Empowerment er svaret, men hva var spørsmålet? In B. Starrin (Ed.), *Empowerment i teori og praksis*. Oslo: Gyldendal Akademiske.